

# I grevens tid

Grev Christoph Rantzau si rettssak 1686-1690 i eit tidsperspektiv



Emelie Øvrehus

Masteroppgåve

Historie

Institutt for Arkeologi, Historie, Kulturvitskap og Religionsvitskap

Vår 2023

## Innhold

Abstract .....	4
1. Innleiing .....	5
1.1 Problemstilling og struktur .....	6
1.2 Metode og kjelder .....	7
1.2.1 Kjeldemateriale .....	8
1.2.2 Forskingslitteratur .....	9
1.3 Sentrale omgrep .....	10
1.3.1 Hertugdøma Slesvig og Holstein .....	10
1.3.2 Oppbygginga av samfunnet .....	12
1.3.3 Religion .....	12
1.3.4 Kva er trolldom? .....	13
1.3.5 Oversikt over trolldomsprosessane .....	14
1.3.6 Rettssystem og rettsvesen .....	15
1.3.7 Kven var Rantzau-familien? .....	19
2. Oversikt over trolldomsprosessane ved godsa Schmoel og Övelgönne .....	19
2.1 Kjedeforsøkt i Schmoel i 1686 .....	20
2.1.1 Bakgrunn for saka .....	21
2.1.2 Rettargong i den første Schmoel-prosessen .....	22
2.1.2.1 Djevlepakt .....	23
2.1.2.2 Varulvar og andre metamorfosar .....	23
2.1.2.3 Heksesabbat .....	24
2.1.2.4 Lærd trolldom .....	25
2.1.2 Rettargong i den andre Schmoel-prosessen .....	26
2.2 Rettargong i trolldomssakane i Övelgönne .....	28

2.2.1 Vassprøva .....	29
2.3 Sentrale aktører i trolldomsprosessane .....	29
2.3.1 Kven var heksene? .....	29
2.4 Historisk blick på trolldomsprosessane i Schmoel og Övelgönne.....	33
3. Rettssaka mot greven.....	33
3.1 Vitne mot grev Rantzau .....	35
3.1.1 Pastor Linekogel sitt vitnesbyrd.....	35
3.1.2 Pastor Claussen sitt vitnesbyrd .....	39
3.2 Grev Rantzau sitt vitne .....	40
3.2.1 Hinrich Harder som vitne for greven.....	41
3.2.2 Fellesbrev som talte grevens sak.....	41
3.3 Myndigheita i rettssaka mot grev Rantzau .....	43
3.3.1 Landsrettane .....	43
3.3.2 Dommen .....	45
3.4 Kvifor har denne rettssaka betydning i historia? .....	47
4. Trolldomstru og trolldomsprosessanes nedgangstid i møte med grev Rantzau si rettssak. ....	48
4.1 Trolldomsprosessanes nedgangstid.....	49
4.2 Universiteta og trolldomsprosessar på 1680-talet .....	57
4.3 Christoph von Rantzau som greve i møte med trolldomsklagar .....	59
5. Greven og politikken .....	60
5.1 Tidsperspektivet på den politiske posisjonen til greven .....	63
5.2 Kong Christian V av Danmark-Noreg si rolle i konflikta: .....	65
5.3 Fyrst Christian Albrecht av Slesvig-Holsten-Gottorp og konflikta med Christian V .....	69
5.4 Kva skilde Rantzau frå andre adelsmenn i si samtid .....	73
5.5 Kva kan vi konkludere? .....	76
6 Greven og religionen .....	77

6.1 Religion i Holstein - det historiske bakteppet.....	78
6.2 Greven og pastoren – religionskonflikt? .....	79
6.3 Cai Rantzau si rolle i konflikta .....	83
6.4 Grevens religion og trolldomstru.....	85
6.5 Religion og dommen .....	87
6.6 Kva betydning hadde religionen? .....	89
7. Oppsummering .....	91
7.1 Konklusjon.....	92
Appendiks .....	94
Kjelder .....	95
Litteraturliste .....	96

## Abstract

Count Christoph von Rantzau, landowner of Schmoel, Hohenfelde and Övelgönne, was in 1690 sentenced to a sizable fine and loss of jurisdiction after having executed 18 alleged witches over a period of three months in 1686. The *German Chancellery* in Glückstadt ruled that he had violated due process, and he was sentenced at the *Landgericht* in Flensburg. Amongst the many accusations against him were excessive use of torture, convictions without sufficient evidence, and a refusal to consult jurists at the universities on matters of law. We have extensive source material related to Count Rantzau's trial which I have used in this thesis to answer the question: Why was Rantzau sentenced in court despite his noble lineage and privileges? Aside from breaking the law, which factors played a part in the Count's downfall? To do this, I have looked at three different themes: the timeline of the witch trials, the politics and power struggles in 1680's Holstein, and the religious conflicts that spurred after the Reformation. The conclusions I have reached show that it is

impossible to use one perspective or method to explain a subject as complex as the witch trials. The most important factor in this specific trial is the time aspect. In the 1680's, witch trials were declining in Holstein. This fact was not necessarily due to a lack of accusations, but rather due to a change in the legal system and the inflow of a new generation of jurists at the law faculties with a more "enlightened" view of the world. The politics of Count Rantzau's trial were coloured by the absolutist ideas of Christian V. His search for power crashed with the interests of the old nobility in Holstein, and this situation gave the Danish king a motivation for eliminating potential rivals to assert his dominance over the dukedom. As a Catholic, it is possible that the Count was at a disadvantage when it came to winning favours in court. He actively used his religion as a means to get the trial against him deemed unlawful and to get his case tried before the Imperial Chamber Court instead of the *Landgericht*. It should be said, however, that Count Rantzau was very much a part of his own demise. He made the choice to breach protocol in the witch trials. Afterwards, he chose to flee the country in an attempt to escape justice, and he actively worked against the court and threw insults at the judges. All these factors combined ultimately ended the Count's ambitions to continue his life at the family estate, and he never returned to Holstein or the Danish-Norwegian kingdom.

## 1. Innleiing

Trolldom og hekseri har i mange hundreår fascinert menneske over store deler av verda. Menn i ulveham, gamle koner og små barn som flyg gjennom natta til heksesabbat og inngår pakter med djevelen sjølv er berre nokre av bileta ein ser for seg når ein høyrer ordet heks i den vestlege verda. Mellom 1500- og 1700-talet var desse bileta verkelege frykter som omgav fleire by- og bygdesamfunn over store delar av Europa. Teologar og andre lærde spreidde sine demonologiske verk, og med det sine tankar om trolldom og djevelens påverknad på den materielle verda. Reformasjonen brakte med seg ei frykt for at ein levde i verdas siste dagar, og forfølging av kjettarar og andre grupper som trua det katolske eller protestantiske

samfunnet vart meir intensiv frå slutten av mellomalderen og fram til etter slutten av tredveårskrigen i 1648.

I Holstein kom trolldomsprosessane i gong på 1500-talet, og i motsetnad til dei fleste vesteuropeiske land vart det framleis halde større kjedeprosessar etter 1660-åra i hertugdømet. På godset Schmoel i distriktet Plön nordaust i Holstein vart i 1686 15 personar dømde for trolldom i løpet av ein måned. Grev Christoph von Rantzau vart seinare stilt til ansvar for desse prosessane og måtte svare for seg i retten, etter at informasjon frå to lokale pastorar indikerte at det førekom lovbrøt i forbindelse med trolldomsprosessane. Greven vart dømd og mista sin posisjon blant adelen i Holstein.

### 1.1 Problemstilling og struktur

I denne oppgåva skal eg sjå på rettsprosessen mot grev Christoph von Rantzau i åra 1686-1690. Målet med oppgåva blir å finne ut på kva måtar og i kva grad grevens skjebne var påverka av historiske faktorar. Dette skal eg finne ut ved å fokusere på tre tema: trolldomsprosessane si nedgangstid, politiske konflikhtar og religiøse konflikhtar i Holstein.

I det andre kapitlet skal eg ta for meg trolldomsrettssakane i Schmoel for å finne ut kva rettspraksis som vart brukt og kva rolle dei lokale aktørane spelte i rettssakene. Her vil hovudfokuset liggje på protokollane skrivne av godsforvaltar ved Schmoel-godset Augustin Thein.

I det tredje kapitlet skal fokuset liggje på rettssaka mot greven som i hovudsak spelte ut to år etter trolldomsrettssakane i Schmoel. I denne rettssaka vart greven skulda og dømd for brot på rettspraksis slik retningslinjene var lagt i Carolina-lova og andre lovtilllegg som var gjeldande i Holstein. Kven var aktørane i rettssaka mot grev Rantzau, og kva forhold hadde dei til greven? Kva forskjellar finn vi i referata frå denne rettssaka samanlikna med kva informasjon som vart oppgjeve i dokumenta frå rettssakene i Schmoel? Særleg vil dette kapitlet basere seg på vitneavhøyr og rettsdokument sendt ut frå landsretten i Holstein. Fokuset i dette kapitlet vil liggje på juridisk prosess og kva innhald som var i dommen mot grev Rantzau.

Det fjerde kapitlet omhandlar trolldomsprosessanes nedgangstid. Her skal eg ta for meg sentrale teoriar som forsøker å forklare kvifor trolldomsprosessane tok slutt, og korleis dette relaterte til både haldningar blant eliten og overtru hos bondebefolkninga. Korleis verka dette inn på rettssaka mot grev Rantzau?

I det femte kapitelet skal vi sjå på kva denne rettssaka mot greven kan seie oss om politikken i Holstein. Kven var dei politiske aktørane? Hadde politikk innverknad på utfallet av grev Rantzau si rettssak? Kva argument peikar mot dette, og hadde rettssaka i det heile tatt funne stad utan eit politisk bakteppe?

Det sjette kapitelet skal gå inn på spørsmålet om religion spelte ei rolle i rettssaka mot greven. Spelte religiøse forskjellar ei tydeleg rolle i korleis greven vart dømd? Kan klagarane, altså pastor J. C. Linekogel og pastor Lorenz Claussen, ha hatt noko personleg motiv for å klage greven inn for retten? Hovudfokuset i denne delen av oppgåva vil være å kartleggje argument for og imot at religion har spelt ei avgjerande rolle for rettssaka mot grevens igangsetjing og utfall.

Deretter kjem eit avslutningskapittel som skal setje dei forskjellige perspektiva på rettssaka og dommen i samanheng.

## 1.2 Metode og kjelder

I denne masteroppgåva vil eg bruke den historiske utviklinga for å analysere rettssaka mot grev Rantzau. Oppgåva vil vere tematisk avgrensa. Eg vil fokusere på tre forskjellige tema: trolldomsprosessane si tidslinje, det politiske bakteppet og religiøse motsetnader. Desse faktorane skal då bli sette inn i eit større historisk perspektiv for å vise tendensar i utviklinga som har ført til at rettssaka mot greven fekk sitt utfall. Målet med ein slik metode er å kome fram til årsaksforklaringar for grevens rettssak, samstundes som grevens rettssak kan fortelje oss noko om korleis desse faktorane utspelte seg i praksis. Slik vil eg forsøke å fortelje noko om storsamfunnet som danna grunnlaget for rettssaka.

Studieobjektet for denne oppgåva legg og avgrensingar på omfanget. Eg har valt å fokusere på rettssaka mot grev Rantzau, samt trolldomsprosessane i Schmoel og Övelgönne i 1686. På grunn av dette vert då den vidare analysen basert på hertugdømet Holstein.

Oppgåva er delt inn i to oversiktskapittel og deretter tre analysekapittel som kvar for seg skal omhandle eit sentralt element ved rettssaka til grev Rantzau. Det overordna temaet i dei tre analysekapitla vil være å danne ei tidsramme rundt rettssaka mot grev Rantzau. Medan dei to oversiktskapitla vil basere seg mest på kjeldemateriale frå rettssaka mot greven, vil analysekapitla i større grad basere seg på forskingslitteratur.

I kapittel to og tre vil eg ikkje bruke noko analysemetode, men gjenfortelje og skape ei oversikt over hendingar under og etter trolldomsprosessane som skapte føresetnadane for rettssaka og dommen mot greven. Først i det fjerde kapitelet, som då vert det første analysekapitelet, vil eg forsøke å setje rettssaka i eit historisk perspektiv ved å ta for meg korleis samfunnet såg på hekseprosessar og hekser og trollfolk sitt eksistensgrunnlag. I det femte kapitelet vil eg gjere det same med eineveldet og betydninga innføringa av dette styresettet hadde for Holstein og den gamle adelen. Det siste eg skal analysere er religionen og korleis forholdet mellom den katolske og protestantiske greina av kristendommen manifesterte seg i Holstein og påverka eliten, kongen og ikkje minst rettssaka til grev Rantzau.

Utvalet av tema har blitt teke ut frå kva eg meiner er formålstenleg for å skape eit større bilete av rettssaka i ein historisk kontekst. Grunna oppgåva sitt omfang vil fokuset på for mange faktorar føre til at ein berre skrapar overflata av kvart av desse temaa. Ein kan og skrive ei heil oppgåve ved å berre fokusere på eitt av temaa. Utfordringa med dette er at ein då kan leggje for mykje vekt på ei side av ei sak som i røynda er svært samansett. Eg ynskjer med mi oppgåve å belyse fleire tema for å slik kunne vise den større samanhengem mellom årsakene til rettssaka.

### 1.2.1 Kjeldemateriale

Denne oppgåva vil i hovudsak basere seg på primærkjelder når det kjem til rettssaka mot grev Rantzau. Kjeldematerialet er henta frå landsarkivet i byen Schleswig, og dekkjer både avhøyra av kvar enkelt av dei som vart klaga for trolldom i Schmoel-prosessane og Övelgönne-prosessen, brevveksling mellom pastor J. C. Linekogel og myndigheitene, brevveksling mellom grev Rantzau og kong Christian V, Cai Rantzau og hertug Christian Albrecht, rettsdokument frå Glückstadt og diverse avhøyrreferat av vitne m.m.. Sidan dei attlevande rettsdokumenta er såpass talrike og i god stand, har eg måtte føretatt eit utval av dei mest relevante referata og breva i lys av kva tema eg skal ta for meg i denne teksten. Utvalet kan gje oss innsyn i forholdet mellom grev Rantzau og kongemakta i Danmark-Noreg, i landsretten representert ved det tyske kanselliet. I tillegg kjem det fram korleis hans klagarar vart oppfatta, samt kva som kan gje oss innsyn i rettspraksisen både under avhøyra utført av godsforvaltaren Augustin Thein i 1686 og i retten i Glückstadt dei påfølgjande åra før rettssaka mot greven vart avslutta.



### 1.2.2 Forskingslitteratur

For å analysere desse kjeldene og for å fylle på med fagleg kontekst vil sentrale forskingsarbeid bli brukt der det høver seg. Særleg gjeld dette når eg skal ta for meg trolldomsprosessanes nedgang, då eg vil få fram forskjellige perspektiv som vert fremja av forskjellige forskarar. Eit problem eg har møtt på i arbeidet med utval av forskingsarbeid, er mangelen på nyare forskingsverk. Forskinga som er gjort på trolldomsprosessane ved Schmoel og Övelgönne byrjar å bli datert, ettersom det siste arbeidet som har gjeve noko substans til forståinga av hendingane og konteksten vart publisert på 1990-talet.

*Gut Schmoel in dunkler Zeit; Christoph von Rantzau und seine Hexenprozesse* (1996) av Manfred Jacobsen vil i stor grad bidra med kontekst til trolldomsprosessane i Gut Schmoel og Övelgönne. Jacobsens arbeid er ei kjeldeanalyse av trolldomsprosessane som fann stad på Christoph von Rantzau sine gods i 1686 og ei oversikt over rettargongen i saka mot grev Rantzau i ettertid. Jacobsen sitt arbeid vil bli aktivt brukt i oversiktskapitla, ettersom desse kapitla ikkje vil innehalde noko sjølvstendig analyse. Medan Jacobsens verk er ei inngåande analyse av rettskjeldene frå rettssaka mot grev Rantzau, får vi høyre lite om samtidige trolldomsprosessar i Holstein generelt, og fenomenet som slike kjedeprossar var vert ikkje vidare utforska. Samstundes vert ikkje rettssaka mot grev Rantzau analysert i stor grad. Fokuset i Jacobsen sitt arbeid ligg i høgare grad på å framstille ei lineær oversikt, og på grevens motiv for å føre trolldomsprosessar. Eg ynskjer derimot å sjå nærare på påtalemyndigheitene sine motiv for å føre rettssaka mot greven.

I tillegg til Jacobsens arbeid, vil eg og bruke andre forskingsverk for å fylle ut detaljane i oversikta. Verket *Christoph Rantzau auf Schmoel und der Schmoeler Leibeigenschaftsprozesse* (1965) av Wolfgang Prange tar i hovudsak for seg Rantzau si rolle i opphevinga av liveigenskapen ved hans gods, men gjev og innsikt i grevens tidlegare liv og tida etter trolldomsprosessane. I dette verket finn vi i tillegg informasjon om politiske forhold i Holstein som var relevante for korleis grevens liv spelte ut. Ettersom det er 58 år sidan Prange sitt verk vart publisert, må ein vere oppmerksom på at noko av informasjonen kan vere utdatert. Rolf Schulte har i tillegg forfatta verk med fokus på menn som hekser. Her har eg valt å inkludere det omsette

verket *Man as Witch; Male Witches in Central Europe* frå 2009, som mellom anna berettar om varulvfenomenet i forbindelse med trolldomsprosessar.

Rolf Schultes *Hexenverfolgung in Schleswig-Holstein vom 16.-18.*

*Jahrhundert* frå 2001 inneheld, i tillegg til ei generell innføring i trolldomsprosessane i Slesvig og Holstein, ei oversikt over kjende trolldomssaker med årstal, stad og namn der dette er kjend. Av oversiktsverk over trolldomsprosessane i Europa har eg i hovudsak brukt to verk: *The Witch-Hunt in Early Modern Europe* av Brian P. Levack<sup>1</sup> og *Witches and Witch-Hunts* av Wolfgang Behringer<sup>2</sup>. Desse verka utfyller kvarandre godt når det kjem til oversikt over trolldomsprosessar i heile Europa og Nord-Amerika. Behringer sitt verk gjev ei meir detaljert geografisk oversikt, medan Levack sitt verk er tematisk inndelt og gjev ei strukturert oversikt over forskjellige aspekt ved trolldomsprosessane. I tillegg vil eg bruke Johannes Dillinger<sup>3</sup> og Gunnar W. Knutsens<sup>4</sup> arbeid for å utdjupe forskjellige forklaringar på trolldomsprosessanes nedgangstid.

For å gje kontekst til dei politiske konfliktane som verka inn på rettssaka til grev Christoph Rantzau, har eg vald å bruke Hans V. Gregersens *Slesvig og Holsten før 1830*. Dette verket gjev ei oversikt over historia til området som i dag utgjer Schleswig-Holstein, frå oldtida og fram til dei tidlege 1800-åra.

Ernst Fedderer forfatta i 1938 verket *Kirchengeschichte Schleswig-Holsteins*, eit historisk verk som tek for seg struktureringa av den protestantiske kyrkja i Slesvig og Holstein frå 1500- til 1700-talet, samt sentrale maktpersonar blant dei geistlege. I tillegg får vi i dette verket eit innblikk i mange av tidsperioden sine religionskonfliktar.

## 1.3 Sentrale omgrep

### 1.3.1 Hertugdøma Slesvig og Holstein

På 1600-talet var dagens Schleswig-Holstein delt inn i dei to hertugdøma Slesvig og Holstein. I tillegg låg fleire tyske område under den dansk-norske krona, som til dømes Delmenhorst og Oldenburg i dagens Niedersachsen. Eit hertugdøme er eit område der ein hertug er øvste leiar. Slesvig og Holstein er eksemplar på

---

<sup>1</sup> 4. utgåve frå 2016. 1. utgåve publisert i 1987.

<sup>2</sup> Behringer, W. (2004), *Witches and Witch-Hunts*.

<sup>3</sup> Dillinger, J. (2018), *Hexen und Magie*. 2. utg.

<sup>4</sup> Knutsen, G. W. (2005), «Trolldomsprosessenes opphør i Skandinavia».

hertugdøme der hertugen er ein såkalla “kronvasall”, altså at hertugen er suveren i landområdet samstundes som ein konge eller keisar i teorien har overordna makt. Hertugdømet Slesvig var plassert nord for elva Ejderen og sør for elva Kongeå, som i dag er grenseelva mellom Tyskland og Danmark. Området Slesvig vart og kalla Sønderjylland. Slesvig høyrde til det dansk-norske riket, først med ein jarl som leiar i mellomalderen, men etter 1200-talet vart området eit hertugdøme. På 1600-talet var hertugdømet Slesvig i personalunion med Danmark og Holstein, med den danske kongen som øvste leiar.

Hertugdømet Holstein utgjorde området mellom Ejderen og Elben nord for Hamburg. Holstein var fram til 1400-talet eit grevskap, men vart deretter opphøgt til hertugdøme av keisar Friedrich III av det tysk-romerske riket. På 1600-talet var Holstein ein del av det tysk-romerske riket, men den reelle makta i hertugdømet var delt mellom danskekongen og hertugen av Slesvig-Holsten-Gottorp.

I denne teksten har eg valt å bruke det danske omgrepet for Slesvig, sidan området i tidsperioden høyrde til Danmark. Eg har likeins valt å bruke det tyske namnet *Holstein* i staden for det danske *Holsten*, sidan Holstein var ein del av det tysk-romerske riket og administrasjonen hadde tysk som hovudspråk.

Særleg det austlege Holstein var på 1680-talet delt inn i godseigedomar med tilhøyrande landsbyar. Ved godsa var det ein greve eller ein godseigar som hadde jurisdiksjon over sine liveigne bønder. Eit grevskap er landområde eigd av ein person som har fått tittelen greve. I Holstein var det anten den gottorpske hertugen eller kongen av Danmark-Noreg som kunne gje nokon tittelen greve, og i 1671 vart det oppretta ein ny stand for grevar og friherrar<sup>5</sup>.

Områda i Holstein som i 1686 høyrde til Christoph Rantzau var følgjande:

- Schmoel – med tilhøyrande landsbyar Schalkendorf, Hohenfelde, Scharfsdorf og Schwartbuck.<sup>6</sup>
- Hohenfelde – med tilhøyrande hovudgård og landsbyane Todendorf, Matzwitz og Satjendorf.<sup>7</sup>
- Övelgönne – med landsbyane Roge, Pohnsdorf og Sierksdorf.<sup>8</sup>

---

<sup>5</sup> Baronar

<sup>6</sup> Prange, W. (1965), s. 40

<sup>7</sup> Prange, W. (1965), s. 40

<sup>8</sup> Prange, W. (1965), s. 41

### 1.3.2 Oppbygginga av samfunnet

For å forstå dei sosiale forholda som legg ramma rundt denne oppgåva, må vi sjå nærare på korleis samfunnet var strukturert i Holstein i 1686. Dei lågast stilte i samfunnet var dei som ikkje eigde jord, ikkje hadde arbeid og ikkje hadde familie og slekt til å ta seg av dei. Vi finn fleire enkjer i denne gruppa, samt eldre menneske og invalide. På 1600-talet var tiggjarar og lausgjengarar eit samfunnsproblem, og det var mange som levde i slik fattigdom at dei såg seg nøgd til å ty til tigging eller kriminalitet. Store delar av dei som levde på 1600-talet høyrde til dei fattige, men ikkje alle var like dårleg stilt i samfunnet. Det var få innbyggjarar i Holstein som eigde land, og særleg etter 1671 budde mange bønder på landområde eigd av grevar og friherrar eller andre adelege. Liveigenskapen var livssituasjonen til store delar av allmugen, særleg i dei austlege områda i Holstein der jorda var fordelt mellom godseigarar. Christoph Rantzau var den første som tok initiativ til å oppheve liveigenskapen ved sine gods gjennom eit fridomsbrev frå 1688, men då han ikkje opphaldt seg ved godsa etter 1686 vart dette vanskeleg å handheve<sup>9</sup>.

Sidan Holstein offisielt var eit hertugdøme underlagt det tysk-romerske riket, var keisaren øvste leiar, rangert over både hertugen av Slesvig-Holsten-Gottorp og kongen av Danmark og Noreg. Keisarens rolle i hertugdømet var likevel i stor grad symbolsk, då sentralmakta i det tysk-romerske riket ikkje var bygd opp på ein måte som låg til rette for noko felles kultur og samfunnsstruktur. Dei sentrale personane som i praksis fylte rolla som maktpersonar og statsoverhovud var kongen av Danmark i rollen som hertug, samt hertugane av Slesvig-Holstein-Gottorp i dei områda av Slesvig og Holstein som var tildelt dette huset. Gottorpane var ein familie som hadde hatt posisjonen som hertugar sidan 1544, og som stamma frå den same oldenburgske slekta som det danske kongehuset.

### 1.3.3 Religion

På 1600-talet hadde dei fleste statane i det nordlege tysk-romerske riket adaptert den protestantiske greina av kristendomen. Særleg var det den lutherske kristendomen som stod sterk blant fyrstane og øvrigheita, medan den gjennomsnittlege bonde og landsbyinnbyggjar hadde si personlege tru som verken var strengt katolsk eller protestantisk. Mange haldt til dømes på tradisjonen med å dyrke helgenar, sjølv når dette vart forbode av kyrkja og statsmakta. Holstein var eit

---

<sup>9</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 108

av områda som i stor grad hadde gått frå katolisisme til luthersk kristendom etter reformasjonen, og den dansk-tyske adelen bestod nesten utelukkande av menn og kvinner med ei form for protestantisk tru. Det store fleirtalet av den holsteinske adelen følgde den lutherske kristendommen. Dette gjaldt og medlemmane av familien Rantzau.

Grev Christoph Rantzau hadde derimot konvertert til katolisismen i 1651, under si tid på reise gjennom det sørlege tysk-romerske riket.<sup>10</sup> Keisaren og hans hoff haldt på den katolske trua, liksom fleire av dei sørlege områda som til dømes kurfyrstedømet Bayern og fyrstbiskopdømet Bamberg. På slutten av 1600-talet og vidare på 1700-talet vaks pietismen fram som ei sterk religiøs rørsle. I Holstein og i Danmark-Noreg var pietismen i protestantisk form, og truga difor ikkje den etablerte luthersk-evangeliske trua i stor grad. Det var likevel reglar for kva pastorane kunne forkynne frå preikestolane i sine respektive prestegjeld.

#### 1.3.4 Kva er trolldom?

Schadenzauberei og maleficium er omgrep som tyder skadevaldande trolldom. I Holstein vart trolldomsprosessar i hovudsak starta på bakgrunn av klagar om skadevaldande trolldom. Trua på eksistensen av denne type trolldom har røter tilbake til antikken, men kom særleg til syne i takt med det aukande trykket av trolldomsprosessar. Fleirtalet av trolldomsprosessane i tidleg nytid vart starta etter klagar som omhandla maleficium.

*Diabolisme*, omsett til djevveltilbeding, var eit sentralt element i mange trolldomsprosessar, og oppstod på 1400-talet i direkte forbindelse med trolldom. I Holstein enda avhøyr av såkalla hekser ofte i tilståingar om inngåing av djvelpakt og deltaking på heksesabbatar, sjølv om personane eigentleg hamna i søkjelyset til myndigheitene etter skuldingar om skademagi. Djevlepakta er det sentrale elementet i rettssaker som omhandlar diabolisme.

Signeri (tysk: segneri) er omgrepet for «kvit magi», og omfatta til dømes heling og evna til å drive bort vonde ander og svart magi. Signeri vart etter kvart straffbart på linje med maleficium og diabolisme, og skuldingar om forgjering og anna skadevaldande trolldom var i fleire tilfelle retta mot personar som allereie var lokalt kjende som helarar eller klarsynte.

---

<sup>10</sup> Prange, W. (1965), s. 29

I denne teksten vil omgrepet heks (tysk: Hexe/Hexenmeister) nokre stader bli brukt i staden for trollkvinne. Trolldomsprosessane som i hovudsak er fokuset for denne teksten fann stad i 1686, etter at hekseomgrepet var blitt vanlig å bruke i staden for *zauberin/-er* som var vanleg frå tidlegare tyske trolldomssaker. I Holstein, Slesvig og andre område der *Plattdeutsch* var utbreidd vart ordet *Toversche* brukt på folkemunne i omtale av trollkvinner.

### 1.3.5 Oversikt over trolldomsprosessane

Ein trolldomsprosess vert definert som ein rettssak der trolldom utgjør hovudklagen mot den tiltalte. Under ein kjedeprosess vart personar typisk utlagde som trollfolk under avhøyr og deretter fengsla og brakt for retten der dei igjen utla andre personar i avhøyr. I desse tilfella var trolldomsklagar ofte basert på rykte og utsegn uttalt under tortur eller trussel om tortur. Dei større kjedeprosessane er ofte knytt til diabolisme, gjerne gjennom ideen om heksesabbaten då dei anklaga vart spurt om å fortelje kven dei reiste på sabbatmøter med. I denne teksten omtalar eg alle trolldomsrettssaker der fleire personar vart dømde innanfor eitt område og i forbindelse med same rettssak som trolldomsprosessar. Det vil i hovudsak skiljast mellom tre prosessar:

- Den første Schmoel-prosessen, der fire personar vart avretta etter å ha bli kjent skuldige for å ha inngått djevlepakt og utretta skade ved hjelp av maleficium og sitt forhold til djevelen. Fem personer var involverte i denne prosessen, men Claus Stötterogge rømte før domfelling.
- Den andre Schmoel-prosessen, der 11 personar vart avretta for same forhold som under den første trolldomsprosessen. Denne prosessen inkluderer og Claus Stötterogge, som vart avretta i lag med resten av desse personane etter at han vart arrestert etter eit mislykka rømningsforsøk.
- Övelgönne-prosessen, der tre personar vart avretta for trolldom og fleire personar vart mistenkte for trolldom utan å bli dømde.

I tillegg til godsa Schmoel og Övelgönne, eigde grev Rantzau godset Hohenfelde. Vi har ikkje bevis på at trolldomsrettssaker vart førde ved Hohenfelde-godset, men fleire av dei liveigne som vart dømd for trolldom i Schmoel-rettssaka var frå landsbyar knytte til Hohenfelde.<sup>11</sup> I Holstein var det store fleirtalet av trolldomsprosessar

---

<sup>11</sup> Mette Schlan, som vart dømd i den første Schmoel-prosessen, var frå Todendorf. Denne landsbyen hørde til Hohenfelde-godset. Prange, W. (1965), s. 40

akkusatoriske, altså var det privatpersonar som klaga folk for retten og påtalemyndigheita si oppgåve å garantere sakskostnadar.<sup>12</sup> 393 trolldomsprosessar fann stad i Holstein, eit moderat tal i forhold til dei ekstreme forholda vi finn andre stader i det tysk-romerske riket . Vi finn informasjon om trolldomsprosessane som fann stad frå rettsdokument som har overlevd til i dag. I tillegg kan ein finne noko informasjon i brevvekslinga som føregjekk blant adelen og frå dei lokale prestane og schultheissane til øvrigheita.

Schmoel-prosessane vil være mest sentrale i samanheng med grev Rantzaus rettssak, ettersom det var rettspraksisen ved Schmoel-godset som han i hovudsak vart klaga inn for av pastor Linekogel og pastor Claussen. Likevel vil eg gje eit overblikk over tilstanden i Övelgönne, sidan grev Rantzau og sat med styringa på dette godset. Det var og i Övelgönne grevens siste trolldomsprosessar fann stad i juni 1686.

### 1.3.6 Rettssystem og rettsvesen

I 1495 vart romarretten fastslått som offisiell lov i det tysk-romerske riket, som ein såkalla «keisarrett». Før dette hadde rettssystemet og lovverk frå Romarrikets tid blitt brukt som vegleiar i rettssaker, utan å vere fastslått som offisiell lov.<sup>13</sup> Romarretten som straffelov dekkja derimot ikkje alle område av rettsprosessane, og utover på 1400- og 1500-talet auka behovet for klare retningslinjer for korleis ei straffesak skulle gå føre seg, kva retningslinjer ein skulle ha for bruk av tortur, og etter kvart kva reglane skulle vere i særskild alvorlege straffesaker. I 1532 vart difor *Institutio Criminalis Carolina* vedteke som rikslov under regjeringstida til keisar Karl V.

Lova var gjeldande i heile det tysk-romerske riket. Nokre stader vart lova brukt saman med lokale lovverk, men Carolina-lova skulle fungere som det autoritære lovverket i straffesaker. Særleg gjaldt dette for avhøyrsmetodar, rettspraksis og straffeutmåling for forskjellige lovbrott.

I Holstein var Carolina-lova gjeldande frå slutten av 1500-talet.<sup>14</sup> Før dette vart *Sachsenspiegel* brukt, saman med lokale lovsamlingar som vendisk rett i Ostholstein og lybsk rett i hansabyen Lübeck.<sup>15</sup> Samstundes var Holstein prega av

---

<sup>12</sup> Feddersen, E. (1938), s. 548

<sup>13</sup> Thygesen, F. (1982), s. 58

<sup>14</sup> Thygesen, F. (1968), s. 22

<sup>15</sup> Thygesen, F. (1968), s. 18

*Gutswirtschaft*, altså eit system der godseigarane hadde jurisdiksjon over sine herregardar. Ein godseigar hadde ansvar for å utføre rettssaker knytt til godset og rett til å utøve lokal myndigheit ved å opprette politimakt til å handheve lokal rett. Liveigenskapen prega framleis store delar av Holstein, då den største delen av landområda var eigd av adelen.<sup>16</sup>

I Carolina-lova står det at pinleg avhøyr kan utførast dersom desse elementa er til stades:

- Klagaren er ein ærleg person som ikkje har til vane å fare med sladder og løgnar
- Dommaren er ein ærleg, rettskaffen og lærd person som ikkje søker personleg vinning
- Den klaga personen vil ikkje tilstå å ha utført ugjerninga
- Klagen er av ein alvorleg natur, slik som til dømes mord, ran, forgifting eller trolldom
- Det blir rekna som meir sannsynleg at personen som er klaga for ein ugjerning har gjort ugjerninga enn at personen er uskuldig. Dersom det oppstår uvisse rundt kva grad ein mistanke er truverdig, skal den domfellande rådføra seg med andre lærde.<sup>17</sup>
- Ein har klart å skaffe to vitnar som kan fortelje om den klaga personens skuld.<sup>18</sup>
- Det føreligg mistanke om medsamansvorne<sup>19</sup>
- Dersom mistanken omhandlar trolldom, kan sosial omgang med angivelege trollfolk og bruk av magiske gjenstandar vere grunnlag for pinleg avhøyr.<sup>20</sup>

Eit slikt pinleg avhøyr skulle utførast med ein rettskaffen, gudfryktig og lærd person til stades, ofte ein skriftefar, og bøddelen var den som skulle utføre sjølv torturen. Alt som vart sagt og gjort under avhøyret måtte skrivast ned slik at det kunne bli brukt i ein eventuell rettssak og bevise korrekt framgang i forhold til regelverket for pinlege avhøyr. Dersom ein person tilstod å ha brukt trolldom, skulle personen vidare spørjast om årsak og omstende, korleis trolldom fungerer (om det er gjenstandar involvert eller om personen utfører trolldom utan hjelpemiddel), kvar personen lærde

---

<sup>16</sup> Linderkamp, H. (1985), s. 13

<sup>17</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 28

<sup>18</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 30

<sup>19</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 31

<sup>20</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 44



trolldom og kven eller kva personen brukte trolldom mot.<sup>21</sup> Dersom ein person forårsaka skade eller ulempe mot andre menneske ved hjelp av trolldom, skulle denne personen straffast «frå liv til død, og ein skal straffe med eld.»<sup>22</sup>

Artikkel 79 av *Constitutio Criminalis Carolina* fastset at det skal gå minst tre dagar frå avsagt dom til den dømte skal få sin straff. I trolldomssakar der den klaga personen vart dømd til døden, skulle altså den dømde bli avretta tre dagar etter å ha fått sin dom. Den fastsette tida skulle gje rom for den dømde til å bekjenne sine synder og sørge over sin skjebne.<sup>23</sup>

Artikkel 183-189 av Carolina-lova beskriver skrivarens ansvar når det kjem til dokumentering av pinleg avhøyr.<sup>24</sup> Alle detaljar skulle skrivast ned, slik at ein kunne referere til protokollane dersom ein hadde behov for informasjonen frå avhøyra ved eit seinare tidspunkt og slik at ein kunne dokumentere at det ikkje førekom lovbrøt. Trolldomsprosessar var eit grått område i Carolina-lova. Trolldom vart klassifisert som ein *Crimen exceptum*, altså ei eksepsjonell kriminell handling som opna for avvik frå rettsprosedyre frå alminnelege straffesaker. I trolldomssakar kunne ein avvike frå regelen om at berre menn kunne stille som vitne i ein rettssak, og i nokre område var det ikkje uvanleg at barn vitna mot vaksne. I Blåkulla-prosessane fortalte barn om deira reiser til sabbatmøte, og deira forteljingar vart tekne på alvor av dommarar og juristar i Sverige.

Rettsakene vart starta med klagar frå andre landsbybebuarar, altså ikkje *Ex officio* slik tilfellet var i nokre av dei tyske statane som førte større tal trolldomsprosessar. Eit eksempel på eit slikt tilfelle er Würzburg på 1620-talet, der fyrstbiskopen oppretta kommisjonar som skulle identifisere hekser.<sup>25</sup>

I Holstein var det lite økonomisk vinning for lensherrane og grevane å føre trolldomsrettssakar. Det store fleirtalet av dei som vart klaga for trolldom høyrde til dei fattige. Ifølgje lovverket skulle myndighetene dekkje sakskostnadane for dei som ikkje klarte å betale for å få saken sin ført for retten, trass i om personen som vart skulda fekk domfelling eller vart frikjend.<sup>26</sup> Difor vil det ikkje gje meining at til dømes grev Rantzau skal ynskje å føre sine liveigne for retten for økonomisk vinning

---

<sup>21</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 52

<sup>22</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 109

<sup>23</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 79

<sup>24</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 183-189

<sup>25</sup> Behringer, W. (2004), s. 113

<sup>26</sup> Unverhau, D. (1983), s. 63

gjennom å konfiskere eidegode eller krevje at familien til den tiltalte betalar for å få saka si ført, sidan han allereie eig jorda dei bur på og må betale sakskostnadane frå eiga lomme.

Andre sentrale omgrep for rettssystemet er mellom anna følgjande:

- Rikskammerretten var den øvste dømmende instansen i det tysk-romerske riket, og tok for seg sakar som omhandla lov og rett over heile riket. I denne domstolen vart adelen og dei keisarlege byane stilt for retten, medan den øvrege befolkninga først og fremst vart prøvd for retten i byen dei budde i eller for fyrsten i fyrstedømet dei høyrde til.
- Rikshoffrådet er namnet på retten som vart brukt i sakar som omhandla keisarens len og privileger.
- Landsretten er nemninga brukt om retten i Holstein under hertugen og kongens virke. Landsretten fungerte som øvste rettsinstans lokalt i Holstein, og det var og her straffesaker hamna dersom dei var av så alvorleg grad at dei ikkje kunne bli tatt hand om av ein greve eller av byretten. Dersom adelsmenn vart stilt for retten, vart deira saker tekne opp på landsretten. Juristane som vart brukt som dommarar og påtalemyndigheiter i landsretten representerte kongemakta, og var ein del av det tyske kanselliet.
- Det tyske kanselliet var avdelinga av det kongelege kanselliet som fungerte som forvaltningsorgan med ansvar for økonomiske og strafferettslege forhold i Slesvig, Holstein og dei andre tyske områda under danskekongens styre. Både den danske og den tyske delen av det kongelege kanselliet hadde hovudbase i København, og det tyske kanselliet fungerte i tillegg som utanrikskontor.
- Siste del av 1600-talet var prega av ei utskifting av maktforholda i Holstein. Einkvan som eigde større landområde kunne få tittelen greve etter innføringa av eineveldet, eit tiltak som skulle styrke danskekongen sin innflytelse ved å endre maktbalansen og minke makta den gamle adelen hadde over hertugdømet sin statsforvaltning. Grevane kunne føre private søksmål for retten ved sine gods, men større rettssaker skulle førast for retten til hertugen eller for byretten i næraste by.

### 1.3.7 Kven var Rantzau-familien?

I denne teksten vil grev Christoph von Rantzau<sup>27</sup> bli framstilt som ein sentral aktør i trolldomsprosessane på godsa Schmoel og Övelgönne. For å forstå hans fulle rolle og posisjon, må ein sjå på historia til Rantzau-slekta og deira rolle i Danmark, Slesvig og Holsteins historie. Rantzau-familiens namn har lange røter i Holstein, og slekta kan førast tilbake til 1200-talet med riddar Johann Ranzow som første kjende medlem.<sup>28</sup> Familien hadde sitt sete i Kreis Plön, på herregarden Schloss Rantzau som tidvis låg i danskekongens hender. Christian Rantzau (1614-1663) hadde rolla som statthaldar i Slesvig og Holstein, medan ein annan Christian Rantzau (1684-1771) var visestatthaldar i Noreg 1731-39.<sup>29</sup> Christoph von Rantzau var son av Heinrich von Rantzau som mellom anna var amtmann i Rendsburg og til tider i diplomatisk teneste for kong Christian IV av Danmark-Noreg.<sup>30</sup> Ettersom Christoph berre hadde ei syster som overlevde barndommen, var han då arving til dei adelege godsa som hans foreldre forvalta ei samling som utgjorde eigedommane Schmoel, Hohenfelde og Övelgönne i Holstein, samd Højbygård og Hvolgaard i Danmark.<sup>31</sup>

## 2. Oversikt over trolldomsprosessane ved godsa Schmoel og Övelgönne

Dei fleste innbyggjarane budde i små landsbyar, og var på 1600-talet avhengige av kvarandre for å overleve. Dette avhengigheitsforholdet mellom menneske kom særleg til syne i godssamfunnet i Ostholstein, der dei liveigne var avhengige av godsherren for sikkerheit, rettsbeskyttelse og betaling, og der godseigaren til gjengjeld var avhengig av dei liveigne sin arbeidsteneste og skattar.<sup>32</sup> Dette forholdet kunne føre til eit visst press på godseigaren om å føre trolldomsprosessar. I dette kapitlet skal eg ta for meg trolldomsprosessane frå 1686, som delvis var eit resultat av eit slikt press frå allmugen. Det var desse prosessane som la grunnlaget for grev Rantzaus seinare rettssak og tap av eigedomar og makt. Kapitlet skal fungere som

---

<sup>27</sup> I denne teksten omtalt som *Christoph Rantzau*, *grev Rantzau* eller *greven* som forenkling

<sup>28</sup> Rumohr, H. v. (1989), s. 154-155

<sup>29</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 326, Olden-Jørgensen, S. (1996), s. 333, Koht, H. (1952), s. 307-309

<sup>30</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 27

<sup>31</sup> Prange, W. (1965), s. 47

<sup>32</sup> Kramer, K-S. (1987), s. 55

ei kortfatta og kronologisk oversikt over prosessane i Schmoel og Övelgönne, og som ein inngong til analysedelen der dei større konfliktane som danna bakteppet til både desse trolldomsprosessane og den påfølgjande rettssaka vil ta hovudfokuset. Dette kapittelet vil byggje på både primærkjelder og Manfred Jacobsens oversiktsarbeid over desse trolldomsprosessane. Eg har valt å bruke Jacobsen sitt arbeid til referanse, ettersom oversikta hans i stor grad baserer seg på primærkjeldene frå rettssaka mot grev Rantzau. Primærkjelda som blir brukt her er i hovudsak Augustin Theins avhøyrsprotokoll og rettsprotokoll. Protokollboka var sentral i rettssaka mot grev Rantzau, då detaljane herifrå var det einaste som dokumenterte kva som fann stad under avhøyra, kven som var til stades og når avhøyra fann stad. Sidan kjeldematerialet er svært omfattande, vil ikkje kapitelet dekkje alle elementa ved trolldomsprosessane. Spanande element av trolldomstrua, som varulvar og heksesabbat, vil bli forklart i kortfatta trekk. Det vil og vassprøva bli, ettersom den vart brukt under trolldomsprosessen i Övelgönne.

## 2.1 Kjedeforsess i Schmoel i 1686

I Holstein var dei fleste trolldomssakane akkusatoriske , altså at dei starta med at privatpersonar leverte inn klage til den lokale myndigheita til vidare behandling, og at rettssaka sidan vart behandla av upartiske dommarar.<sup>33</sup> Generelt i Europa var det mest vanleg med akkusatoriske rettssaker, ettersom trolldomsskuldingar ofte starta med naborykte. Nokre stader vart og trolldomssaker behandla som sivilsaker. I Schmoel var trolldomsrettssakane straffesaker, med alle retningslinjene som skulle følgjast gjennom ein slik prosess. Grev Rantzau var svært oppteken av at trolldom var ein *Crimen exceptum*, og at han difor ikkje trengte å forhalda seg til dei reglane som var sett ned i *Carolina* angående bevisgrunnlag og vitnehabilitet.

Den mest kjende trolldomssaka i Holstein var rettssaka mot Mette Schlan av Totendorff og etterspelet frå denne. Totalt 18 personar vart avretta for trolldom på godsa Schmoel og Övelgönne, begge desse godsa eigd av grev Christoph von Rantzau. Hendinga fann stad seint i perioden med trolldomsprosessar, i ei tid då mange trolldomsrettssakar anten enda i henlegging eller mildare straffar. Difor er denne prosessen eit interessant forskingsobjekt for dei som ynskjer å forstå dei lokale forholda som skapte grobott for ei trolldomssak av så stort omfang. Eit anna

---

<sup>33</sup> Degn, C., Lehmann, H., Unverhau, D. (1983), s. 67

element som gjer denne hendinga verdt å sjå nærare på er at nesten alle personane innblanda i Schmoel-saka vart dømde til bålet. Det vil seie at aktørane som førte saka sette stor lit til dei skulda personanes forteljingar om djevelen, heksesabbatar og utføring av *Schadenzauberei*. I tillegg finn vi att moment som bruk av vassprøve og tortur dokumentert i kjeldene. I dette kapitelet vil eg gje ei oversikt over trolldomsprosessane som fann stad i Schmoel i 1686, samt sjå på kjeldematerialet for å finne ut kva ved denne trolldomsprosessen som seinare fekk grev Rantzau rettsforfølgd.

### 2.1.1 Bakgrunn for saka

Mette Schlan var ein kjend karakter i lokalsamfunnet i landsbyen Totendorff. Ho hadde tidlegare vore involvert i ei større trolldomssak i 1666, men hadde gått fri då ingenting kunne bevisast mot henne som gav grunnlag for dødsdom.<sup>34</sup> Ho kom frå ein fattig familie, og var generelt utstøytt frå fellesskapet i bygda grunna tidlegare trolldomsanklagar mot både henne sjølv og andre i hennar familie. Hennar mann Hans Schlan var bonde i Totendorff.<sup>35</sup> I 1680-åra vart mange innbyggjarar i bygdene rundt Schmoel og Hohenfelde sjuke og døydde. Mette Schlan og nabokona Margarete Harder skulda kvarandre for å vere skuld i å forårsaka denne sjukdomen, utan at nokon av desse to låg fram noko formell klage til godsforvaltaren. Då Margarete Harder vart sjuk etter ein konflikt med Mette Schlan, gjekk Margarete sin ektemann Hinrich Harder til den lokale myndigheita og skulda Mette for å ha forgjort Margarete og fleire andre personar i landsbyen. Den lokale medisinmannen Joachim Wilhelm Stodtmeister kom og med skuldingar mot Mette Schlan, særleg om at ho hadde utført trolldom mot andre personar og dyr.

«Herr Joachim Wilhelm Stodtmeister (...) fortalde at han sjølv hadde høyrd frå folk som låg sjuke i Todendorf, at dei sa deira sjukdom og elende kom frå Mette Schlan, eit utsegn som dei ville stå fast ved til sin ende, og deretter døydde.»<sup>36</sup>

Her gjenforteller Stodtmeister rykte han har høyrd om Mette Schlan frå munnen på personar som på tidspunktet Schlan vart avhøyrd alt hadde døydd. Dermed var det

---

<sup>34</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 37-38

<sup>35</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 34

<sup>36</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 12, eigen overs.

avgrensa i kva grad desse påstandane Stodtmeister låg fram kunne etterprøvast. Ein Bendix Grage vert og nemnd som vitne. Han bekreftar informasjonen som Harder og Stodtmeister kjem med.<sup>37</sup>

### 2.1.2 Rettargong i den første Schmoel-prosessen

Den 24. mars starta rettssaka mot Mette Schlan med eit avhøyr der avhøyrslaiaren var godsforvaltar Augustin Thein. Avhøyret av Schlan følger ei standard form med eit utval av spørsmål som var laga på førehand. Målet med seleksjonen av spørsmål var å få den tiltalte til å tilstå lært trolldom og djevlepakt, samt for påtalemakta å skape eit bilete av den tiltalte som ein del av ei større gruppe hekser. Ein vanleg start på ei slik utspørjing var å konstatere om den tiltalte var ei heks.

1. «Om De kan hekseri eller trolldom?»

Svar: «Ho visste det ikkje, og då ho satt framfor desse folka som ble brent, blei mykje sagt, og ho forsvarte seg med fornærmingar.»

5. «Om du ikkje laut Margrete Harder bli sjuk, og brakte død til de andre folka frå Todendorf?»

Svar: «Nei.»<sup>38</sup>

Etter at Mette var avhøyrd, vart fire andre lokale personar henta inn til avhøyr og mistenkte for å sitje med trolldomskunnskapar. Desse var Mette Schlans far Hans Lütke, Engel Otten, Silke Nipp og Claus Stötterogge. Engel Ottens dotter og Silke Nipps dotter vart og utlagde av Schlan, men vi har ikkje noko avhøyrnotat frå deira saker og ingen av dei er lista blant dei som vart dømte.<sup>39</sup>

---

<sup>37</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 13. Datert 26. mars 1686

<sup>38</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 14 eigen overs. Datert 27. mars 1686

<sup>39</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 15. Datert 27. Mars 1686

### 2.1.2.1 Djevlepakt

Eit omgrep som vert introdusert i diverse demonologiar frå tida før og under trolldomsprosessane er djevlepakta. Pakta gjekk ut på at ein person inngjekk ei avtale med djevelen om å tene han og slik forsaka Gud. Til gjengjeld vart denne mannen eller kvinna lova godar, til dømes i form av pengar, makt eller hemn mot naboar eller andre som personen hadde konflikhtar med. Djevlepakta kunne bli inngått på fleire måtar. Eit eksempel finn vi i avhøyret av Engel Otten:<sup>40</sup>

5. «Om du har avsverja dåpen og laga ein pakt med djevelen?»

Svar: «Ho sverja til djevelen at ho ville tene han og ikkje hadde noko med Gud å gjere lenger. Mesteparten av tida, når dei gjekk til nattverden, spytta dei den salige hostie og vin i lommeørkleet sitt, tok det med heim og gav det til djevelen, som tok det for at det ikkje skulle vere til noko nytte for dei.»

Ein finn fleire beretningar om at personar har motteke svarte eller brune frø frå djevelen som dei sår anten i naboar si jord eller heime hos seg sjølv for å kaste forbanningar eller mane fram djevelen.<sup>41</sup> Frøa kunne puttast i brød eller anna mat for å forgjere den som skulle ete det eller for å overføre trolldomsevner.

### 2.1.2.2 Varulvar og andre metamorfosar

Ideen om at menneske kunne skape seg om til dyr var ikkje ny då trolldomsprosessane tok til. Både varulvar og mannbjørnar var til stades i lokal folketru mellom anna i Noreg, utan at fenomenet naudsynt vart knytt til trolldomssaker. Samstundes var dyr som kattar og kvalar involverte i trolldomsprosessar der kvinner var tiltala. I Skottland og Finnmark finn vi eksempel på at kvinner skal ha forårsaka og vore vitne til forlis i form av kvalar.<sup>42</sup> Kattar var i mellomalderen særleg knytt til kvinner, og til dømes i Frankrike var det vanleg å omtale kvinner som kattar. Rolf Schulte tek i *Man as Witch* føre seg dei få områda der omskapinga til ulv vart eit element direkte knytt til rettssaker der særleg menn

---

<sup>40</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 22. Eigen overs. Datert 21. april 1686

<sup>41</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 43

<sup>42</sup> Willumsen, L. H. (2018), s. 226 og 304

vart skulda for trolldom.<sup>43</sup> I Frankrike førte trua på *loup-garou* til fleire tusen avrettingar, i somme tilfelle i lag med trolldomsklagar.<sup>44</sup>

Under Schmoel-prosessane tilstod Mette Schlan sin far Hans Lütke under avhøyrret å kunne skape seg om til ein ulv.

Utdrag frå avhøyr Hans Lütke:<sup>45</sup>

3. «Kva ditt hekseri består av, og korleis du lager det?»<sup>46</sup>

Hans Lütke fortalde at han skal ha fått eit belte som han nytta til å skape seg om til ein ulv, og at han hadde bitt ei av sine eigne kyr til døde.<sup>47</sup>

### 2.1.2.3 Heksesabbat

Blant dei mest kjende elementa til trolldomsprosessane i tidleg nytid finn vi heksesabbaten. Ein heksesabbat vart beskrive som ei samling av trollmenn og trollkvinner, gjerne på nattetid, der dei i lag med djevelen åt, dansa og deltok i seksuelle aktivitetar. Framstillinga av heksesabbaten var ofte farga av lokal trolldomstru, og vi finn fleire motstridande forteljingar om kva som gjekk føre seg på ei slik samling. Nokre fortel om reversering av klasseskilje der dei adelege og velståande måtte servere og ete dårleg mat, medan dei lågtstående i samfunnet fekk sitje ved dekka bord og bli servert god mat. Andre fortel at klasseskiljet og var tydeleg på sabbatmøta, og at dei rikaste fekk den beste maten medan dei fattigaste måtte servere og hadde det miserabelt. I Holstein finn vi fleire referansar til heksesabbaten frå avhøyrprotokollar, og protokollane frå Schmoel-prosessane var ikkje noko unntak. Hans Lütke si gjenfortelling av kva som fann stad på sabbaten er eit klart eksempel på dette. Han namngav ti personar som var med han på ei slik nattleg vandring.

9. «Kor mange de er til saman i ei *Rotte*. »

---

<sup>43</sup> Schulte, R. (2009), s. 3

<sup>44</sup> Schulte, R. (2009), s. 10

<sup>45</sup> LASH Abt 11 Nr. 164 s. 18. Datert 21. April 1686

<sup>46</sup> LASH Abt 11 Nr. 164 s. 16. Henta frå *Interrogatoria*.

<sup>47</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 18. Datert 21. april 1686



Svar: «I denne *Rotte* tilhører Abel Schönings frå Matzwitz, Bavg Schönings frue, og Abel Schönings frå Matzwitz, Clauß Stötterogge, Silcke Nippen, Engel Otten, Ties Kahlen frå Gadendorff si frue, gamle Paul Möller frå Sattgendorff, Peter Büntzen (...) og desse har drept forvaltar Augustin Theins to barn, noko Paul Möller har sagt til han. Dei har alle møtast på Sandtberg i Oldenlandt på ein torsdag».<sup>48</sup>

Ei *Rotte* refererte til ei gruppe menneske som saman utførte trolldom og reiste på heksesabbat saman. Fleire av personane Hans Lütke nemner her vart seinare arresterte og dømde for trolldom under den andre Schmoel-prosessene. Det var vanleg praksis at dei som vart ankaga for trolldom vart torturerte for å oppgje informasjon om medsamansvorne. var ein konsekvens at ein trolldomsprosess ofte vart halde i live ved at kvar klaga oppgav namn på andre hekser, som igjen skulda andre personar for trolldom. Dette fenomenet ser vi særleg i Bamberg på 1620-talet, der keisaren til slutt måtte gripe inn når prosessane byrja å spreie seg til dei øvste samfunnslaga.<sup>49</sup> Dette skjedde derimot ikkje i Schmoel. Dersom grev Rantzau ikkje hadde blitt klaga inn til myndigheitene, er det mogleg at trolldomsrettssakane hadde gått utover fleire menneske i Schmoel og landsbyane rundt godset, avhengig av om landsbyinnbyggjarane hadde kome fram med fleire klagar på sine naboar.

#### 2.1.2.4 Lærd trolldom

Eit element vi møter på i fleire trolldomsprosessar er ideen om at trolldom er noko ein lærer av andre. Denne ideen omfattar både maleficium og signeri, men vert framstilt på to vidt forskjellige måtar for dei to formane av trolldom. I trolldomsprosessane i Schmoel starta alle rettssakene med klagar om maleficium. I avhøyrprotokollane finn vi forskjellige forklaringar på korleis kvar enkelt har tileigna seg trolldomskunstar. Utdrag frå avhøyr Silke Nipp:

A. Thein: «Om De kan hekseri.»

S. Nipp: «Ja»

---

<sup>48</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 18. Datert 21. April 1686.

<sup>49</sup> Levack, B. P. (2016), s. 176

A. Thein: «Kvar De har lært hekseri. »

S. Nipp: «Frå Aßmus Sehmer har ho lært det for 30 år sidan, eller det ville vel være 30 år sidan.»<sup>50</sup>

Her vert Aßmus Sehmer nemnd som læremeister. Sehmer vert nemnd fleire gongar i avhøyrprotokollane, og hadde rykte på seg for å vere heks. Han drukna fleire år før trolldomsprosessane i Schmoel byrja, men kan ha vore involvert i tidlegare trolldomssaker.

### 2.1.2 Rettargong i den andre Schmoel-prosessen

Den andre trolldomsprosessene fann stad nesten umiddelbart etter at dei dømde i den første rettssaka var avretta. Det er denne prosessen som skal vise seg å vere den mest problematiske for greven å forsvare ovanfor retten i Glückstad, då det var i forbindelse med denne prosessen at både pastor Linekogel og pastor Claussen var involvert i størst grad og dermed kunne gje detaljerte vitneprov. Skuldingane i desse rettssakene kom på forskjellige tidspunkt i løpet av ein periode på 9 dagar. Siecke Sehmer var den første til å bli formelt klaga og avhøyr. Hanß Stötterogge, Michel Nipp og Jochim Gieße fungerte som klagarar i rettssaka mot Siecke Sehmer.<sup>51</sup> Kvar av dei tiltalte fekk individuelle klagar mot seg av diverse bønder. Dette kan tyde på at bøndene nytta moglegheita etter den første Schmoel-prosessen og forsøkte å reinske landsbyane for personar som var kjende for å ha kjennskap til trolldom, naboar dei hadde stridigheitar med eller nyflyttarar som skapte mistanke. Cornelius Albertus Hönl og Hinrich Harder var blant assessorane i den andre Schmoel-prosessen. Hönl, ein kreditor, hadde og vore med på avhøyra under den første prosessen.<sup>52</sup>

Den 10. mai vart pastorene Linekogel og Claussen tilkalla godset for å hjelpe som sjelesørgjarar under domfellinga og avrettingane dagen etter. Dei fekk då moglegheit til å tale med dei tiltalte og høyre deira framstillingar av handlingsforløpet. Då fekk dei mellom anna høyre at alle ei tiltalte nekta for trolldomskunnskapar, sjølv om dei under avhøyra hadde bekrefta både å vere hekser

---

<sup>50</sup> LASH Abt 11 Nr. 164 s. 17, eigen overs. Datert 21. april 1686

<sup>51</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 27. Datert 21. April 1686

<sup>52</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 50

og å ha inngått pakt med djevelen.<sup>53</sup> Den 11. mai vart alle dei elleve tiltalte dømd til døden som hekser og avretta same dagen.

#### 2.1.2.1 Torturbruk

Eit omgrep som dukkar opp fleire gongar i kjeldematerialet er *peinliche fragung*, altså utspørjing med bruk av tortur. Kva type tortur som vert teke i bruk i avhøyra i Gut Schmoel og Gut Övelgönne forblir eit obskurt tema, noko som vert kommentert på av pastor Linekogel i hans vitnesbyrd mot grev Rantzau. Linekogel meiner at avhøyrreferata bevisst ikkje nemner overdriven bruk av tortur, og at svært få detaljar er tekne med i referata for å fjerne bevis på at noko ulovleg fann stad. Ein kan difor ikkje gjere anna enn å studere andre trolldomssaker, samt lese mellom linjene, for å skape seg eit bilete av kva som kan ha funne stad før og under avhøyra. I tillegg finn vi nokre utdjupande detaljar i avhøyret av pastor Linekogel og Hinrich Harder.

Vanlege torturmetodar i trolldomssakene var til dømes å bruke tommelskruer, beinskruer, strappado, vassprøve, frårøving av søvn og svelting.<sup>54</sup> I avhøyrreferata frå rettssaka mot grev Rantzau bekreftar Hinrich Harder at det vart brukt spansk støvel og strekkbenk i den andre Schmoel-prosessen.<sup>55</sup> Abel Schöning og Peter Möller vart lagt bunde til strekkbenken under avhøyra og torturert. Fleire vart torturert med spansk støvel, eit apparat som var bygd med innvendige naglar som vart skrudd eller knytt rundt personens legg/leggar. Pastor Linekogel fortel derimot om fleire tilfelle av tortur som dei tiltalte fortalte at dei var blitt utsette for. Siecke Sehmer fortalte at ho mistenkte ein graviditet, og at greven var klar over dette då ho vart trua med tortur under avhøyret. Ho tilstod å vere ei heks utan at torturapparata vart brukt på henne.<sup>56</sup>

I *Constitutio Criminalis Carolina* står det, som nemnd i innleiinga, at det skulle gå minst tre dagar frå domfelling av dei tiltalte til straffa vart utført.<sup>57</sup> I tilfellet med den første Schmoel-prosessen vart alle dei dømde, med unntak av den rømde fangen Claus Stötterogge, avretta same dag som dommen vart lesen opp. Under den andre Schmoel-prosessen fann og avrettingane stad same dagen som dommane vart

---

<sup>53</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 353. Datert 27. Juni 1688

<sup>54</sup> Levack, B. P. (2016), s. 74-81

<sup>55</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 410. Datert 27. juni 1688

<sup>56</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 358-359. Datert 27. Juni 1688

<sup>57</sup> *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 79

opplesne.<sup>58</sup> I Övelgönne gjekk det ein dag mellom kunngjering av straff og avretting. Straffa for å bruke trolldom til å forårsake skade eller død på folk eller fe var død ved brenning. Dette var og tilfelle i trolldomsforordninga til Christian IV frå 1617.<sup>59</sup>

## 2.2 Rettargong i trolldomssakane i Övelgönne

Ved Gut Övelgönne i dagens Sierksdorf i Holstein fann fleire trolldomsrettssakar stad i løpet av 1600-talet. I 1686 var talet på ofre for trolldomsprosessane i Övelgönne betydeleg lågare enn i Gut Schmoel, men om vi ser desse sakane i samanheng med dei to Schmoel-prosessane er talet likevel betydeleg. Relasjonane mellom prosessane er ikkje tydeleg dersom vi ser på Övelgönne-prosessen med eit nedanfrå og opp- perspektiv. Innbyggjarane i Övelgönne budde eit stykkje frå innbyggjarane i landsbyane tilhøyrande Schmoel og Hohenfelde, så det vert meiningslaust å leite etter familiaritet og vennskap mellom landsbyane som kan forklare kvifor prosessar oppstod i begge område rundt same tid.

Dersom vi skal kunne setje prosessen i Övelgönne i samanheng med prosessane i Schmoel, må vi sjå på ovanfrå og ned- perspektivet, og analysere grev Rantzau si rolle i Övelgönne. Dersom vi ser på Övelgönne-prosessen frå adelens perspektiv, var grev Rantzau ein sentral person i denne trolldomsprosessen som vi tidlegare har sett i Schmoel-prosessane. Dette vil seie at øvrigheita ser på grev Rantzau si rolle i trolldomsprosessen som sentral i den vidare utviklinga av Övelgönne som område og samfunn under trolldomsprosessane.

I Övelgönne starta trolldomsklagar å nå det lokale rettsapparatet i kjølvatnet av Schmoel-prosessane. I juni 1686 hadde pastor Linekogel allereie forsøkt å varsle generalsuperintendenten i Holstein om grev Rantzaus handtering av trolldomsrettssakane i Schmoel.<sup>60</sup> Då rettssakene i Övelgönne starta hadde framleis ingenting skjedd, og grev Rantzau kunne halda fram med å føre personar for retten etter trolldomsklagar. I Övelgönne starta trolldomssakane, som i Schmoel, etter klagar om skademagi frå lokalbefolkninga. Hinrich Marckman var av lokalbefolkninga sett på som ei heks, og hadde fått slike skuldingar mot seg i mange år. Først i 1686, rett etter at elleve avrettingar hadde funne stad i Schmoel, vart han formelt skulda for

---

<sup>58</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 74

<sup>59</sup> «(...) Meden de som sig met saadan Folck induickler oc veed deris Troldomb noget sig vnderstaar at lade forrette Skal straffus paa deris Hals vden ald Naade (...)». Kristian IV's trolldomsforordning av 1617.

<https://www.norgeshistorie.no/kilder/kirkestat/K1104-Trolldomsforordningen-av-1617.html>

<sup>60</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 84.

trolldom. På dette tidspunktet var grev Rantzau framleis ved Schmoel-godset for å fullføre arbeidet med trolldomsprosessane. Det var difor hans kone, grevinne Dorothea Hedwig, som oversåg igangsetjinga av prosessen mot Marckman.<sup>61</sup>

### 2.2.1 Vassprøva

Førestillinga om at ein i kvar trolldomssak kasta hekse på vatnet for å sjå om ho flaut og var skuldig eller om ho sokk og døydde er ei overdriving som framleis påverkar korleis vi i populærkulturen framstiller trolldomsprosessane. Realiteten var at utføringa av vassprøven langt i frå fann stad i alle område der trolldomsprosessar førekom. I Övelgönne finn vi derimot to dokumenterte tilfelle av at vassprøva vart gjennomført før domfelling. Lehn Paschen og Hinrich Marckman ville bevise si uskuld ved å frivillig la seg binde og kaste på vatnet.<sup>62</sup> Greven fastslo at resultatet ikkje skulle vere avgjerande for utfallet av rettssaka uansett, men det hjalp ikkje dei tiltalte si sak at begge flaut. I 1686 var det generell konsensus blant juristar at vassprøva ikkje var godt nok grunnlag for å bevise at nokon var i besittelse av trolldomskunstar. Grev Rantzau viste ikkje noko teikn til å motseie denne konsensusen, og understreka at resultatet av vassprøva ikkje ville ha innverknad på det vidare prosessforlaupet. Både Marckman og Paschen håpte at deira vilje til å samarbeide med påtalemyndigheitene skulle vere med på å hjelpe saka deira og vise deira uskuld. Lehn Paschen si syster Fiecke Paschen møtte same skjebne. Ho sa seg frivillig til å utføre vassprøva, og enda opp med å flyte. Alle tre vart dømde til bål og brann 29. juni 1686, og vart avretta dagen etter.<sup>63</sup>

## 2.3 Sentrale aktørar i trolldomsprosessane

### 2.3.1 Kven var heksene?

Dei personane som vart skulda for trolldom i Schmoel hadde visse fellestrekk med kvarandre. Alle dei 15 personane som vart avretta for trolldom høyrde til dei nedre sosiale laga av samfunnet som liveigne bønder og bondekoner. Nokre av dei som vart skulda for trolldom var tilflyttarar frå andre landsbyar, andre høyrde til familiar som gjennom generasjonar hadde rykte på seg for å drive med trolldom, slik som Möller-familien og Stötterogge-familien.

---

<sup>61</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 77

<sup>62</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 78

<sup>63</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 94-95. Datert 30. Juni 1686

Dersom ein studerer relasjonane mellom dei som var involverte i trolldomsprosessane og utlagte som hekser, finn ein diverse familierelasjonar både mellom dei mistenkte og dei som skal ha blitt utsette for skademagi. Familien Stötterogge var kjend for trolldomskunnskapar. Hans Lütke og Mette Schlan var far og dotter i ein familie som tidlegare hadde vore involverte i trolldomssaker. Siecke Sehmer var i slekt med Aßmus Sehmer, mannen som spelte ein sentral rolle i desse prosessane til trass for at han var død før dei starta. Familiane Möller og Schöning hadde og fleire medlem involverte i trolldomsklagar. Trolldomsrykte gjekk ofte utover heile familiar, då ein trudde at trolldom vart lært vidare gjennom å innta mat og drikke frå ein trolldomskyndig mann eller kvinne som hadde infisert maten med svart magi. Slik vart personen som inntok maten i stand til å utføre svart magi, og eit lett offer for diabolsk påverknad. Nokre meinte og at trolldom gjekk i arv, men i den demonologiske læra meinte ein at trolldom var noko ein tileigna seg og ikkje evner ein var fødd med.

I denne konteksten kan det vere interessant å notere seg kjønnsforholdet i trolldomsprosessane i Schmoel. Fem av dei 15 dømde angjevelege heksene var menn, noko som utgjør 33%. Dersom ein ser på tala for heile Europa, finn vi at det blant ofra var mellom 15% og 25% menn<sup>64</sup>. I nokre område var det nesten utelukkande kvinner som vart klaga for trolldom, noko som fekk konsekvensar for kva kjønn vi forbinder hekseomgrepet med i dag.

Alt i alt var det ein høg avrettingsrate. I Schmoel-prosessane vart alle dei tiltalte dømde til døden og avretta. Elsche Büntz vart spart for tiltale til trass for tilknytning og slektsband til fleire av dei tiltalte. Det vert ikkje oppgjeve kvifor Elsche Büntz slapp tiltale og påfølgjande dødsdom, til trass for sin omgangskrins, sine blodsband og det faktum at fleire av både klagarane og dei tiltalte skulda ho for å vere ei heks.<sup>65</sup> Vi finn ikkje noko informasjon om trolldomstiltalar som ikkje enda med dødsdom frå Schmoel i 1686. Det einaste vi kan peike på er personane som Hans Lütke utla under avhøyrret. Nokre av dei han nemnde finn vi att som tiltalte i den andre Schmoel-prosess, medan dei andre høyrer vi ikkje noko vidare om. Dei personane som vart nemnd som deltakarar på sabbaten av Lütke vart ikkje arresterte utelukkande på dette grunnlaget. Den andre Schmoel-prosess vart starta fordi andre personar kom fram med nye klagar, og nokre av dei som då var nemnd var dei

---

<sup>64</sup> Levack, B. P. (2016), s. 128-129

<sup>65</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 51

same som Lütke påstod hadde vore på sabbaten.<sup>66</sup> Det kan difor være sannsynleg at desse personane hadde rykte på seg i lokalsamfunnet for å inneha trolldomskunnskapar. Særleg kan ein knyte dette til slektsbanda og ideen om at trolldom var noko ein lærte av andre. Det er difor og interessant at nokre av dei som kom med trolldomsklagar sjølv høyrde til desse familiane.

### 2.3.2 Greven

Grev Christoph Rantzau vert nemnd i avhøyrsprotokollen, og viser seg som ein aktiv aktør i trolldomsrettssakane i både Gut Schmoel og Gut Övelgönne. Greven var som nemnd i innleiinga eit medlem av den adelege Rantzau-familien, som hadde sitt hovudsete på Rantzau-slottet i *kreis* Plön.<sup>67</sup> Som konsekvens arva han betydelege eigedomar og privilegium. Med denne rolla kom og eit ansvar for å beskytte sine liveigne bønder og oversjå at det lokale rettsapparatet fungerte til det beste for lokalbefolkninga. Grev Rantzau hadde i 1666 ført trolldomsprosessar ved Schmoel-godset der minimum tre personar vart avretta for trolldom.<sup>68</sup> I den første prosessen mot Mette Schlan og dei fire andre som var skulda for trolldom, reiste greven til godset sjølv for å delta i avhøyra.<sup>69</sup> Det var grev Rantzau som dømte alle dei 18 angivelege heksene til døden.

### 2.3.3 Godsforvaltaren

Augustin Thein opptrer som godsforvaltar ved godsa Schmoel og Hohenfelde i 1686.<sup>70</sup> Han viser seg som ein aktiv aktør i trolldomsprosessane. Det var Thein som nokre gongar føretok avhøyra av dei som vart mistenkte for trolldom, og han var vitne til torturen som vart utført mot desse med ansvar for å skrive ned alle detaljar.<sup>71</sup> Som godsforvaltar, var Thein ansvarleg for den daglege drifta ved godsa. I tillegg var det Thein si rolle å representere grev Christoph Rantzau når greven ikkje opphaldt seg på godset, og å handle i tråd med grevens ynskjer og vilje. Thein var lese- og skrivefør, noko som automatisk plasserte han over dei fleste som budde i landsbyane

---

<sup>66</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 18. Datert 21. April 1686

<sup>67</sup> Schloss Rantzau

<sup>68</sup> Schulte, R. (2001), s. 139

<sup>69</sup> I følgje Jacobsen, kom greven til Schmoel-godset 13. april. Jacobsen, M. (1996), s. 40

<sup>70</sup> Under rettssaka til grev Rantzau og seinare står Ewaldt Buck oppnemnd som forvaltar ved desse godsa. Døme i Rantzau sitt brev frå 19. juni 1688. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 316

<sup>71</sup> Eit eksempel der Thein er oppført som utspørjar er avhøyret av Mette Schlan 27. mars 1686. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 14

som omgav godset Schmoel. Det var og Augustin Thein som førte protokollane knytt til trolldomsrettssakane i Schmoel. Det vil seie at all informasjon vi har frå desse avhøyra i offentlege dokument er farga av Thein si evne til å få ned alle detaljar frå avhøyra. Dette tyder at vi og er avhengige av at Thein gjenga hendingar og samtalar slik dei faktisk spelte ut.

Thein brukte ein samling spørsmål under avhøyra som reflekterer førestillingar om trolldom som var spesielt typisk blant dei lærde, særleg når det gjeld elementa i spørsmåla som refererer til djevlepakt og heksesabbat. Desse spørsmåla kan derimot ikkje nødvendigvis tolkast som ein refleksjon på Thein sine tankar om trolldom og diabolisme, ettersom han og fungerte som ein representant for greven under avhøyra.

Ved Övelgönne-godset var det August Sigismund Stein som var godsforvaltar, og han fylte her den same rolla som Thein gjorde på Schmoel- og Hohenfelde-godsa. Ettersom Schmoel-prosessane har fått størst fokus i denne oppgåva, er det Thein eg har vald som representant for rolla som godsforvaltar.

#### 2.3.4 Vitna og meddommarane

Vi ser i Schmoel-prosessane at påtalemakta og vitna ikkje alltid er to separate grupper. Anklagarane i den første trolldomssaken i Gut Schmoel var Hinrich Harder og Joachim Wilhelm Stodtmeister. Hinrich Harder sitt namn går igjen fleire stader i rettsreferata som ein aktiv anklagar av fleire av dei som etter kvart blir dømd for trolldom, og han får mellom anna lov til å overhøyre Mette Schlans tilståing utan hennar kjennskap.<sup>72</sup> Harder snakkar på vegne av si kone Margarete Harder, men opptre og sjølv nokre stader i referata. Hans kones sjukdom gav han sterke personlege motiv for å få reist tiltale og deretter få fullbyrda dødsdom. Difor er det interessant at han får moglegheita til å fungere som assessor under nokre av avhøyra ettersom han då eigentleg burde vere inhabil som meddommar.<sup>73</sup>

J. W. Stodtmeister si rolle er sentral frå det første avhøyret av Mette Schlan og heilt fram til Övelgönne-prosessen. For å få Schlan dømt, vidarefører Stodtmeister rykte han har høyrd av andre om trolldom og forgjeringar ho skal ha vore skuld i.

---

<sup>72</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 16.

<sup>73</sup> Harder er nemnd som assessor i både Silke Nipp og Hans Lütke sitt avhøyr under den første Schmoel-prosessen, ein prosess han sjølv var med å starte. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 17-18. Datert 21. april 1686



Nokre gongar låg han og fram hendingar som om han sjølv var vitne til dei. Det var gjennom han vi høyrer om Trine Schöninghs siste ord som indikerte at Mette Schlan var skyld i hennar død, i lag med fleire andre i landsbyen.<sup>74</sup> Det var knytt mykje tillit til ein persons siste ord på dødsleiet, då det var sagt at ein person som svedde så nære døden alltid talte sanninga. Ord sagt på dødsleiet vart i nokre tilfelle brukt som bevis i retten, særleg i trolldomssaker der personar skal ha blitt forgjort og døydd som eit resultat av forgjeringa, som fellande bevis mot den mistenkte. Stodtmeister fungerte som ein lege i lokalsamfunnet, og var mellom anna kjend for å drive med heling. Han skal ha påstått at han fann hekser ved å lytte på ei avdød kone sitt hjarte.<sup>75</sup> Stodtmeister var assessor under fleire av avhøyra i både Schmoel-prosessane og Övelgönne-prosessen, til trass for at han med sine alternative legekunster kunne blitt skulda for å sjølv drive med signeri og dermed bli stilt for retten.

#### 2.4 Historisk blick på trolldomsprosessane i Schmoel og Övelgönne

Trolldomsprosessen i Schmoel har ein god del likskapar til dei trolldomsprosessane vi finn lenger sør på kontinentet. For Holstein kan prosessane derimot seiast å vere utypiske. Både i størrelse og innanfor tidsramma<sup>76</sup> finn vi ikkje slike saker elles i Holstein. Dersom vi og tek Slesvig med i betraktninga, kan vi samanlikne saka med heksejakta som fann stad på Fehmarn mellom 1620 og 1632.<sup>77</sup> Her var og den store pågangen av trolldomsprosessar og forholda som låg til rette for dette høgst utypisk for sitt område. Ved å analysere avhøyrprotokollane frå denne trolldomsprosessen ser vi at den inneheld dei typiske trekka ved trolldomsprosessar vi finn elles i det tysk-romerske riket, og at denne rettssaka like godt kunne funne stad på 1620-talet. Den er derimot ikkje like typisk for si samtid, særleg om vårt utgangspunkt er Holstein. Ideen om varulvar fanst i folketrua i Holstein, men var ikkje eit vanleg element i trolldomsprosessar i dette området på same måte som vi ser i grenseområda mellom Frankrike og det tysk-romerske riket.

### 3. Rettssaka mot greven

---

<sup>74</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 12

<sup>75</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 406. Datert 27. Juni 1688

<sup>76</sup> 1680-åra og utover

<sup>77</sup> Schulte, R. (2021), s. 301-303

Rettsaka mot greven vart satt på dagsordenen omtrent samtidig som trolldomsprosessen i Övelgönne såg sitt siste offer i juni 1686.<sup>78</sup> I dette kapittelet skal eg gje ei oversikt over hendingsforlaupet i rettsaka og korleis den enda. Denne informasjonen vil seinare bli brukt i analysedelen. Ettersom Manfred Jacobsen har tatt for seg hendingane under sjølve rettsaka i *Gut Schmoel in dunkler Zeit*, vil eg igjen bruke dette verket som referanse til delar av framstillinga. Dei områda Jacobsen ikkje har dekkja vil eg dekkje ved å referere til originalkjelda. Eg ynskjer å sjå på korleis Christoph Rantzau vert framstilt i rettskjeldene som ein lovbrutar, for å seinare kunne forklare kvifor. Her kjem det juridiske elementet til å spele den sentrale rolla, og i den grad det er mogleg skal kapitelet ta for seg korleis rettsdokumenta frå rettsaka mot grev Rantzau framstiller hendingane i Schmoel knytt til trolldomsprosessane i 1686. Særleg vil då den vidare konflikten som oppstod mellom grev Rantzau og Pastor Linekogel spele ei sentral rolle i det sjette kapitelet, ettersom Linekogels klagar vart høyrde og ei rettsak mot greven vart satt på dagsordenen på bakgrunn av pastorens klagar. På dette stadiet vart fleire utanforståande maktpersonar dregne inn, som til dømes generalsuperintendent Hermann Erdmann, kong Christian V av Danmark-Noreg og hertug Christian Albrecht av Slesvig-Holstein-Gottorp. Sentralt stod retten i Glückstadt, som over fleire år forsøkte å gjere seg ferdig med saka mot greven på oppfordring av kong Christian V.<sup>79</sup>

Først skal eg ta for meg utspørjinga av vitnar i rettsaka. Pastor Linekogel og Pastor Lorentz Claussen vitna mot grev Rantzau og gav informasjon om deira opplevingar som skriftefedrar til dei dødsdømde i Schmoel. Hinrich Harder vitna for greven, men vi får lite informasjon frå hans vitneprov. Avhøyra av Linekogel og Harder finn vi i avhøyrprotokollen til Georg Schröder<sup>80</sup>. Litt informasjon kan vi likevel hente, og det som kjem fram kan då samanliknast direkte med informasjonen pastoren gjev oss. I tillegg til dette materialet, finn vi Harders underskrift blant grevens andre støttespelarar i brev som har blitt inkludert i rettsmaterialet, og som talar for grevens sak.<sup>81</sup> Dette er brev som skuldar pastor Linekogel for å ha misbrukt si stilling som pastor. Harder er og nemnd i retten i forbindelse med rolla han spelte

---

<sup>78</sup> Avrettingane i Övelgönne vart gjennomført 30. juni 1686. Kong Christian V skreiv til retten i Glückstadt 12. juli same år og oppfordra dei til å studere prosessforlaupet. Jacobsen, M. (1996), s. 83-84.

<sup>79</sup> Døme på ei slik oppfordring finn vi i kapitel 5.

<sup>80</sup> Georg Schröder skreiv ned vitneprova til Harder og Linekogel i same dokument, LASH Abt. 11 Nr. 164, s. 343-413

<sup>81</sup> Eksempel: LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 123-127. Datert august 1686

under avhøyra av dei angivelege heksene i 1686.<sup>82</sup> Generelt er Harder eit sentralt vitne fordi han er den einaste av greven sine menn som vart avhøyrd og som i retten forsøkte å forsvare grevens handlingar og si eiga innblanding.

Deretter vil eg sjå på personar som representerer myndigheitene i rettssaka, og korleis dei forholdt seg til grev Rantzau. Her vil eg då bruke brev frå retten i Glückstadt som behandla grev Rantzau si rettssak. Sidan kjeldematerialet her er ganske omfangsrikt, vil eg velje å fokusere på dommen og direkte omtalar av greven i forhold til lovbrøt.

Til slutt skal eg då forklare kvifor oversikta over rettsprosessen er essensiell for å få ei forståing av korleis grev Rantzau fekk den dommen han fekk.

### 3.1 Vitne mot grev Rantzau

I 1688 føregjekk vitneavhøyringar som skulle brukast i rettssaka mot grev Rantzau i landsretten. I kjeldesamlinga finn vi tre lengre avhøyr; det av pastor Lorenz Claussen, det av pastor Johann Christoph Linekogel og det av Hinrich Harder. Ettersom saka skulle avgjerast i landsretten med avgrensa tid, vart avhøyra tekne før rettssaka skulle opp for retten. Dei ligg difor som eit vedlegg til resten av rettsmaterialet.

#### 3.1.1 Pastor Linekogel sitt vitnesbyrd

I denne delen av kapitelet skal eg ta for meg ei oversikt over pastor Johann Christoph Linekogels brev til myndigheitene. Desse breva omhandlar grev Rantzau og det pastor Linekogel og pastor Claussen meiner er klare brot på Carolina-lova. I tillegg vil eg ta for meg innhaldet i vitneavhøyret av pastor Linekogel.

Lorenz Claussen og Pastor Johann Christoph Linekogel fungerte begge som vitne mot grev Christoph Rantzau i rettssaka mot han, og vi finn deira vitnesbyrd i rettsmaterialet. J. C. Linekogel var som nemnd til stades ved godset under rettssakene, og fungerte som sjelesørgjar for dei som var dømt til døden for trolldom. Han vart rysta av nokre av metodane som vart brukt for å få fram tilståingar, og han både høyrde og observerte fleire tilfelle av det han meinte var klare regelbrøt på etablert rettsprosedyre. Linekogel kjem med detaljar som får lite fokus i

---

<sup>82</sup> Han Var til stades under fleire avhøyr som assessor.

avhøyrsprotokollen frå Schmoel-prosessen, slik som kva Thein meinte med *peinliche Fragung*.

Kva lovbrod pastor Linekogel reagerte på, kjem delvis fram i brev ført i pennen av pastoren sjølv. Han fortel om sine opplevingar og det han har blitt fortalt av diverse av dei seinare avretta personane då han opptredde som sjelesørgjar. Mellom anna fortel han at pastorane var blitt etterlyst av dei tiltalte fleire dagar før dei vart tilkalla av forvaltaren, noko Clauß Möller skal ha uttalt: «(...) Å, eg bad om der med ein gong då eg vart teken til fange (...)»<sup>83</sup> I tillegg får vi frå hans vitneprov fleire detaljar som byggjer på det pastor Linekogel fortel i breva sine. Etter at det vart kjend at Linekogel hadde klaga inn grev Rantzau til generalsuperintendenten<sup>84</sup>, gjekk Rantzau til åtak på Linekogel ved å forsøke å sverte hans namn, og forsøkte å hente inn informasjon og vitnar som kunne stille Linekogel i eit dårleg lys.<sup>85</sup>

I Holstein var generalsuperintendenten eit slags bindeledd mellom kongen og kyrkja i hertugdømet, ettersom kongen var øvste leiar av kyrkja. Generalsuperintendenten fungerte som motsvaret til ein biskop, og hadde makt til å innsetje og avsetje pastorar. Hermann Erdmann fungerte som generalsuperintendent i 1686 då Schmoel-prosessane fann stad, og var då i ei stilling som hadde det overordna ansvaret for tilsynet av alle pastorane i Holstein.<sup>86</sup> Han hadde og nær kontakt med både kong Christian V og hertug Christian Albrecht, og kunne fremje pastor Linekogels sak til desse for å få grev Christoph Rantzau stilt for retten. Vi finn derimot ikkje noko bevis på at Erdmann involverte seg i denne saka.

I brevet til generalsuperintendenten finn vi Linekogels eigne ord om kva som hende under avhøyra og kva som ikkje kom med eller vart presisert i dei offisielle dokumenta. Til dømes får vi fortalt at fleire av dei som vart dømde for trolldom vart avretta same dagen, og at prosessane generelt var prega av hastverk og mangel på innblanding av eksterne aktørar. I tillegg til detaljar om lovbrod, skuldar Linekogel greven for å aktivt forsøke å sverte han ved å skrive til både kyrkjepatron Cai

---

<sup>83</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 352. Datert 27. juni 1688

<sup>84</sup> Ein superintendent var ein tilsynsmann som hadde ansvaret for å halde oppsyn med alle prestegjelda innanfor eit avgrensa område. Ein generalsuperintendent hadde det overordna ansvaret innanfor staten eller eit større område, og var utnemnd av øvste leiar i staten. Superintendentane var ein del av den protestantiske kyrkja.

<sup>85</sup> Brev Rantzau sendte er lagt ved fleire stader i arkivmaterialet. Døme: LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 124-127

<sup>86</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 131. Datert august 1686.

Rantzau og til dei øvrige myndigheitene i kyrkja, inkludert Erdmann sjølv som representant for kongen.<sup>87</sup>

Generalsuperintendent Hermann Erdmann døydde i 1687<sup>88</sup>, tre år før rettssaka mot grev Rantzau var avslutta. Vi finn ikkje noko brev som var ført i Erdmanns hand i kjeldesamlinga for rettssaka, men vi kan rekne med at anten kongen eller påtalemyndigheitene fekk vidare beskjed om dei skuldingane som kom mot grev Rantzau og frå greven mot Linekogel.

I brevet til Erdmann viser Linekogel til hendingar under rettssaka mot Claus Möller og gjengjer delar av det som vart sagt under rettssaka som omhandla personar i Nipp- og Möller-familien. Claus Möller og Peter Möller var blant dei som vart avretta for trolldom, og Linekogel antydar, ikkje særleg subtilt, at grev Rantzau sjølv ynskja dødsdom for dei tiltalte. I brevet pastor Linekogel skreiv til superintendenten i august 1686 omtaler han grev Rantzau som svært sentral pådrivar for å brenne hekser og ivrig etter å få landsbyfolket til å setje fram klagar mot sine naboar. Linekogel viser til at Rantzau fungerte utover sitt verkeområde for å få dommane gjennomført, utan å rådføre seg med nokon og utan å vente på å høyre klagar på dommen frå dei dømde. Under den første Schmoel-prosessen vart dei dømte avretta same dag som domfellinga fann stad.

Linekogel påstår at brødrane Hans og Peter Nipp vart oppfordra av greven til å klage inn Clauß Möller. Samstundes skal Hans Möller ha klaga inn bror sin Claus for trolldom, men ikkje fordi han mistenkte han for å ha kjennskap til trolldomskunstar. På spørsmål frå Linekogel om han trudde at Claus var ei heks, skal han ha svart: «Det veit eg ikkje, han skulle ikkje ha sparka systema mi.»<sup>89</sup> Linekogel skal så, ettersom han sjølv fortel, ha forsøkt å tale med Hans og få han til å angre på å ha klaga inn bror sin. Linekogel sitt brev er dels forma som eit forsvar mot klagar som gjekk ut på at han skal ha nekta å gje nattverd til nokre av dei menneska som klaga inn hekser, dels som eit klagebrev mot greven.<sup>90</sup>

For å få eit meir oversiktleg blick over pastor Linekogels direkte utsegn mot greven, må vi sjå i avhøyrprotokollen frå avhøyrret av Linekogel som vitne i grev Rantzau si rettssak. Her fortel Linekogel at han vidareformidla alt av informasjon han fekk frå personane han var fungerande sjelesørgjar for til godsforvaltar Augustin

---

<sup>87</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 138. Brev frå J. C. Linekogel til H. Erdmann datert 20. August 1686

<sup>88</sup> Erdmann skal ha fått eit slag 3. oktober 1687 og døydde deretter. Sjå fotnote i Feddersen. E. (1938), S. 207

<sup>89</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 139, eigen overs. Datert 20. august 1686

<sup>90</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 133-134. Datert 20. August 1686

Thein. Claus Möller og Hinrich Steffens fortalde at dei hadde innrømme trolldom ein gong under avhøyr for å få slutt på pininga, men at dei sidan hadde nekta for å kunne trolldom og å ha inngått noko pakt med djevelen.

„13. Om ikkje dei umiddelbart erkjente seg uskuldige?

a. Affirmativ, Clauß Möller har sagt; å Gud, korleis går det her, Hinrich Steffens har sagt, det var ein skam, at man måtte i kristendommen bli ein martyr.<sup>91</sup>»

Dette utsagnet blei lagt fram av Linekogel her som bevis på at Möller og Steffens var uskuldig dømde. Grev Rantzau og Augustin Thein var begge til stades under utspørjinga av dei klaga, og i avhøyrprotokollen er det nedskrive at alle tilstod å ha utført skademagi og å ha inngått pakt med djevelen.

Då pastorane kom til godset 10. mai, fekk dei tilbod frå godsforvaltaren og greven om å sjå i protokollboka på førehand, slik at dei kunne førebu seg på sitt arbeid og sjå kva dei tiltalte hadde tilstått under avhøyra.

«9. Om ikkje forvaltaren deretter, i herr grevens namn, brakte vitnet protokollen?

a. Affirmativ, forvaltaren hadde brakt protokollen til han sjølv og pastoren frå Lütjenburg og sagt; Herr greve helsar dykk lystig og ynskjer at de sjølve må lese grundig igjennom ein gong, slik at de kan sjå korleis saken har føregått. Vitnet hadde nektet, og sagt til pastoren i Lütjenburg, at om han ville lese den så kunne han det. Han bekymra seg derimot ikkje, og laut herr greven ta seg av det.<sup>92</sup>»

Då Linekogel derimot fekk moglegheit til å tale med dei fengsla, vart han overraska over tilstanden til dei han skulle tale med, og ikkje minst det dei fortalte. Han mistenkte at greven ikkje brydde seg om at dei tiltalte erklærte si uskuld og trekte tilbake tilståingar som hadde blitt gjort under tortur, og at han ynskja å halde fram med å få dei dømde brent. Linekogel vart spurt av avhøyrslieiar Georg Schröder om ikkje grev Rantzau hadde skulda pastoren for å ville utføre meir enn sin kristenplikt

---

<sup>91</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 351. Datert 27. Juni 1688

<sup>92</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 349-350. Datert 27. Juni 1688

som skriftefar etter at pastoren hadde bede om innsyn i rettssakene.<sup>93</sup> Dette svare pastor Linekogel at han meinte å hugsa.

Greven skal ha brukt særs nedsetjande ord om dei som vart klaga for å vere hekser, og meinte at orda dei ytra når dei ikkje var under pinleg avhøyr var løgnaktige. Dersom denne påstanden frå Linekogel er sann, kan vi anta at han oppriktig trudde at desse menneska var hekser, og at han i eigne auge berre gjorde si plikt som godseigar og som kristen ved å fjerne dei ukristelege menneska frå lokalsamfunnet. Då han sjølv skulle forklare hendingsforlaupet, trakk greven fram hendingar som ikkje var ein del av det som vart tilstått under rettssakene i Schmoel. Jacobsen tolkar grevens referansar til bibelvers og koplingar mellom eigne handlingar og «heksers blasfemi» som skadeleg for si eiga sak når han då skulle bli undersøkt for saksbehandlingsfeil. «I staden handla han som om han var blitt skulda for hekseprosessane som såleis.»<sup>94</sup>

### 3.1.2 Pastor Claussen sitt vitnesbyrd

Lorenz Claussen var pastor i Lütjenburg. Fire av dei femten personane som vart avretta i Schmoel-prosessane høyrde til Lütjenburg, og brukte difor pastor Claussen som sjelesørgjar.<sup>95</sup> Dei resterande dømde høyrde til kyrkjelyden i Giekau, og brukte pastor Linekogel som sjelesørgjar. Pastor Claussen fekk i likskap med pastor Linekogel direkte innsyn i delar av forholda i Schmoel og korleis dei dødsdømde vart behandla. Vi finn ikkje noko brev til myndigheitene med Claussen sin signatur, så den informasjonen vi har om denne pastoren finn vi i vitneprov. Avhøyrret av pastor Claussen er datert til 15. mai 1688, altså to år etter at trolldomsprosessane i Schmoel fann stad.<sup>96</sup>

I pastor Claussens vitneprov finn vi fleire leietrådar som kan vere med på å danne det heilskaplege biletet av kva som hendte under trolldomsprosessane utover det som står i avhøyrsprotokollen frå Schmoel-prosessane som var brukt som hovudkjelde i kapittel to. Pastor Claussen samarbeidde med pastor Linekogel under prosessane og var med både under rettssaka og medan avrettingane fann stad. Pastoren fortel at dei dømde han hadde vore i kontakt med tilstod under tortur, og at dei ikkje fekk moglegheita til å trekkje tilbake si tilståing når dei først hadde ytra orda

<sup>93</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 350. Datert 27. juni 1688

<sup>94</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 94, eigen overs.

<sup>95</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 253. Datert 15. Mai 1688.

<sup>96</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 253. Datert 15. Mai 1688

under pinleg avhøyr. I tillegg til å snakke om dei dømde som høyrde til hans eige prestegjeld i Lütjenburg, vitna han og om Claus Möller og Hinrich Steffens som høyrde til prestegjeldet i Giekau. Han gjenfortalde pastor Linekogels beretning om at Steffens hadde sagt at han kom til å døy som ein martyr, og begge pastorane uttrykte ei generell kjensle av håplausheit blant dei dødsdømde fangane.<sup>97</sup>

Det faktum at pastor Claussen og pastor Linekogel sine vitneprov stemde overeins med kvarandre i så stor grad og til tider gjenfortalde same utsegn, kan tyde på at det dei fortalde om behandlinga av dei klaga og dømde stemde overeins med det verkelege hendingsforlaupet. Det som og kan ha vore tilfelle, og som og er sannsynleg ettersom pastorane hadde hatt ein del kontakt under trolldomsprosessane der begge var sjelesørgjarar, er at dei talte saman i forkant av vitneutspørjinga. Dersom det til dømes berre hadde vore Linekogel som kom med desse skuldingane mot greven, kan det hende at utsegna ikkje hadde blitt vektlagde i like stor grad under rettssaka mot greven.

### 3.2 Grev Rantzau sitt vitne

Under førebuingane til rettssaka var det i hovudsak pastor Linekogel og pastor Claussen som vart brukt for å samle informasjon som påtalemyndigheita kunne bruke. For at juristane skulle få best mogleg innsyn i hendingsførelaupet under trolldomsrettssakane, vart og Hinrich Harder kalla inn til avhøyr. I tillegg vart grev Rantzau sjølv bedd om å førebu eit forsvar mot dei klagane som kom mot han, samt å førebu ei forklaring som skulle leggjast fram i retten. Greven sine svarbrev var i stor grad prega av gjentakingar om eigen uskuld. Samstundes forsøkte han å diskreditere pastor Linekogel, og påstod at han haldt seg til *Carolina*-lova gjennom heile prosessen. Han påstod og at dei tiltalte hadde tilstått frivillig.<sup>98</sup> Ettersom dommarane ikkje tok grev Rantzau sine svarbrev og angrepa på Linekogel til følgje, har eg valt å ikkje fokusere på desse breva i dette kapitelet med mindre innhaldet er direkte relevant for prosessforlaupet.

---

<sup>97</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 256. Datert 15. Mai 1688

<sup>98</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 315. Brev frå C. Rantzau til Christian V datert 19. Juni 1688



### 3.2.1 Hinrich Harder som vitne for greven

Hinrich Harder, ektemann av Margarete Harder og vitne i rettssaka mot Mette Schlan, var og brukt som vitne for grev Christoph Rantzau. Harder var skrivefør, og hadde oppgåver ved godset som mogleg gjekk ut på å samle inn og utdele korn.<sup>99</sup> Han hadde personleg motivasjon for å ta på seg ei framtreiande rolle i trolldomsprosessane etter at hans kone vart alvorleg sjuk og skulda Mette Schlan for trolldom.<sup>100</sup> Samstundes finn vi informasjon i kjeldematerialet som tyder på at Harder var valt som assessor og var til stades under avhøyra grunna hans stilling på godset. Avhøret av Hinrich Harder i 1688 gjev oss svært sparsommelege detaljar rundt rettsprosessen i Schmoel. Vi finn Harder sitt avhøyr i same dokument som avhøret av J.C. Linekogel. Av rundt 200 spørsmål stilt til Linekogel, finn vi at Harder og fekk stilt nokre spørsmåla som omhandla behandling av dei dødsdømde under trolldomsrettssakane. Harder var direkte involvert i Mette Schlans sak, og fekk informasjon om dei andre trolldomsdømde både som augevitne og gjennom samtalar med godsforvaltar Thein. I nokre tilfelle fører dette til to motstridande framstillingar av same hendingar. Harder nektar for at noko form for brot på rettspraksis har gått føre seg. Han viser til godsforvaltaren og fortel at han har full tiltru til Thein og at han skal ha gjort ting etter boka. Spesifikt forsvarar han truverdigeita til Stodtmeister og nektar for at Stodtmeister skal ha uttalt at ein kan finne hekser ved å «ta hjartet ut av ei død kvinnes kropp, stikke det med nåler og trekke vatn frå elva».<sup>101</sup> Hinrich Harder kjem vidare med opplysningar rundt bruk av tortur under avhøyra. Peter Möller og Abel Schöning skal ha blitt torturert på pinebenken. Ifølgje Harder vart den spanske støvelen brukt på fleirtalet av dei tiltalte, og etter mild smerte skal dei så ha tilstått å være hekser.<sup>102</sup>

### 3.2.2 Fellesbrev som talte grevens sak

I tillegg til greven sine mange brev, finn vi og brev som fleire av greven sine menn og andre liveigne bønder hadde underskrive. Desse breva skulda Linekogel for å ha nekta signing og nattverd til liveigne bønder i sin kyrkjelyd etter trolldomsprosessane

---

<sup>99</sup> «Han hadde tent Herre Greven i det som hadde med korn og andre ting å gjere.» Svar på spørsmål 3. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 345. Datert 27. juni 1688

<sup>100</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 11

<sup>101</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 406. Datert 27. Juni 1688

<sup>102</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 410-11. Datert 27. Juni 1688

si slutt. Hans og Peter Nipp, som pastor Linekogel nemnde i sitt brev til generalsuperintendent Erdmann, var blant dei som skreiv under på dette brevet for å bekrefte informasjonen.<sup>103</sup> Dokumentet ligg som kopi i kjeldematerialet fleire gongar, og vart sannsynlegvis brukt av greven for å vise at han hadde vitne på at Linekogel ikkje var truverdig i sitt vitneprov.

Hinrich Harder var den einaste personen med underskrift på dette brevet som dukkar opp i protokollane for vitneavhøyr under rettssaka i Glückstadt som vitne for greven. Rolla hans var ikkje nødvendigvis å vitne for greven heller, men som eit augevitne for kva som gjekk føre seg under avhøyra av dei angivelege heksene i Schmoel. Harder var likevel berre ein av mange som spelte betydelege rollar under trolldomsrettssakane. Som anklagar under den første rettssaka mot Mette Schlan og assessor under den andre Schmoel-prosessen var Harder som vi har sett sentral i fleire ledd av trolldomsprosessane. I tillegg finn vi fleire andre personar som stilte som assessorar, blant desse Stodtmeister, Bendix Grage, Cornelius Albert Hönl og Jacob Petersen, og sjølvsgatt godsforvaltaren sjølv.<sup>104</sup> Kva individuelle roller desse hadde under trolldomsprosessane er det ikkje så viktig å fokusere på i denne samanhengen. Snarare skal vi her sjå på kva desse symboliserte som ei heilskap som grev Rantzau sine «støttespelarar» og medsamansvorne.

Alle desse personane var namngjevne i protokollane frå avhøyra og rettssakene, og arbeidde i grev Rantzau si teneste. Dermed hadde dei og ei personleg interesse for å ikkje få greven dømd skuldig. Samstundes var det greven som gav ordrar og hadde makta til å setje i gong og gjennomføre trolldomsprosessar, medan dei andre som var innblanda var forplikta til å følgje grevens ordrar. Særleg Augustin Thein sitt namn vert fleire gongar satt i direkte samband med rettsprosedyren i forbindelse med trolldomsprosessane, utan at vi finn noko forslag frå påtalemyndigheitene om å straffe andre enn grev Rantzau sjølv. At godsforvaltaren, som var personleg til stades under avhøyra og stod ansvarleg for å utføre arbeidet med å dokumentere både avhøyra og torturen som vart utført, ikkje vart vurdert straffa, viser kor viktig grevens rolle var som overordna ansvarleg. Vi kan ikkje seie med sikkerheit kva som vart Thein sin vidare skjebne, ettersom kjeldene ikkje nemner han vidare utover rolla hans som godsforvaltar i 1686.

---

<sup>103</sup> Brødrene Nipp var sannsynlegvis ikkje skriveføre, og har signert med bumerke. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 125

<sup>104</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 435-437. Datert juli 1688. Her er det og nemnd at skarprettarane Hanß Müller og «Meister David» var til stades.

### 3.3 Myndigheita i rettssaka mot grev Rantzau

Den tredje og overordna aktøren i rettssaka mot grev Rantzau var myndigheitene, representert ved juristane og dommarane ved landsretten og ved fiskal Lindholtz. Kong Christian V var øvste autoritet i denne gruppa. Kva rolle han og hertug Christian Albrecht spelte skal vi sjå nærmare på i kapittel 5. I dette delkapitelet er det påtalemyndigheita og dommarane i landsretten som er dei sentrale elementa, samt sjølve dommen grev Rantzau fekk i 1690.

#### 3.3.1 Landsrettane

I Holstein og Slesvig hadde landsretten fungert som 1. instans for straffesaker sidan 1500-talet.<sup>105</sup> I Holstein skulle dommarane i landsretten først og fremst følgje *Carolina*, men i sakar denne lova ikkje la føringar for skulle ein følgje Holsteins sedvanerett eller *Sachsenspiegel*.<sup>106</sup> Ein landsrett refererte ikkje berre til ein domstol lokalisert på ein stad. I Holstein og Slesvig var ein landsrett ein samling advokatar og dommarar som møtest på bestemte dagar og på bestemte stadar. På desse møta dømde dei alle sakane som hadde blitt sendt til landsretten sidan førre samling. Det var difor ikkje vanleg at ein landsrett samla seg for ei spesifikk rettssak, noko som kunne føre til at sakar vart langdryge dersom retten ikkje kom til eining om ein endeleg dom på førstkomande landsrett.

Conrad Wasmer, Georg Schröder og Christian-Martin Dorns behandla ei juridisk undersøking av dokumenta grev Rantzau sendte inn til kanselliet, og kom fram til fleire avvik frå rettspraksis slik den vart definert i *Carolina*. Desse funna vert kortfatta presentert hos Jacobsen som brot på artikkel 11<sup>107</sup>, artikkel 1 og 11 for ikkje å ha oppretta vanleg domstol, og artikkel 83 og 88 for ikkje å informere om forsvarsmoglegheit eller gje juridiske råd, samt artikkel 7 om juridisk konsultasjon, artikkel 20, 25, 44, 52 og 55.<sup>108</sup> I september 1687 vart greven for første gong stevja for retten i Glückstadt, og saka skulle opp for neste landsrett.<sup>109</sup>

---

<sup>105</sup> Thygesen, F. (1968), s. 25

<sup>106</sup> Thygesen, F. (1968), s. 26

<sup>107</sup> Rantzau hadde ikkje oppført namn på vitner eller ofre og heller ikkje lagt fram bevis på at Mette Schlan forårsaka sjukdom

<sup>108</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 97-98

<sup>109</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 171. Brev frå C. Rantzau til Martin Behren datert november 1687

Rettsaka til grev Rantzau vart fleire gongar annonsert for landsretten, noko grev Rantzau jobba aktivt mot. I tillegg forsøkte han å anke saka til rikskammarretten, noko han fekk avslag på sidan straffesaker skulle først for landsretten.<sup>110</sup>

Dommarane i Glückstadt og kongen i København brevveksla i løpet av sommaren 1688, og ei ny stevjing vart kunngjort same år. Kunngjeringa som omtalar saka mot greven er eit dokument på 83 sider forfatta av retten i Glückstadt. I dette dokumentet vert saka presentert i si heilskap. Her blir det referert til avhøyrprotokollane skrivne av godsforvaltar Augustin Thein, *Carolina-lova*, i tillegg til kven som var til stades under trolldomsprosessane og rettens vurdering av saka.

Greven skal i følgje dokumenta retten låg til grunn for stevjinga ha avretta til saman 18 personar for trolldom over ein periode på tre månader. Dette var i følgje det gjeldande lovverket noko han hadde rett til å gjere, og avrettingane i seg sjølve er difor ikkje ein del av siktinga.<sup>111</sup> Vidare kjem det så fram at godsforvaltar Augustin Thein fekk hovudansvaret for å oversjå og gjennomføre avhøyra, samt å protokollføre desse i forkant av domfellinga. Til stades var då påtalemyndigheit, representert av Augustin Thein som overordna myndigheit, samt minst ein anklagar. Her er då både Hinrich Harder, Jacob Petersen, Bendix Grage, J. C. Stodtmeister og Cornelius Hönl nemnd som tilstadeverande på forskjellige tidspunkt.<sup>112</sup> Greven vert og nemnd som tilstadeverande under avhøyra, og som den som åleine bestemte endeleg dom over dei som var skulda for trolldom.

*Carolina-lova* fastset at to truverdige personar må kunne stille som vitne i ein rettsak, og at vitna må gje si vitnesbyrd før endeleg dom kan avseiast. Lova fastset og at dei tiltalte hadde rett på ein forsvarar og moglegheit til å anke. Ingen av desse punkta vart følgt. Særleg kjem dette fram i dokumenta etter den første Schmoel-prosessen, der dei dømde fekk sin dom fullbyrda og vart brende 23. april, same dag som dei fekk dommen lest opp. I tillegg til desse brota på gjeldande rettspraksis, kom det og opp at J. W. Stodtmeister, som fungerte som vitneprov for at rettspraksis vart følgt, ikkje var kjend som ein ærleg og påliteleg person, men tvert om hadde rykte på seg for å vere ein kvakksalvar.<sup>113</sup>

---

<sup>110</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 99

<sup>111</sup> Morgenroth, I. (2012), s. 271

<sup>112</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 435-436

<sup>113</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 107

I Carolina artikkel 84 står det at det i tillegg til dommar og aktor skal være minst sju assessorar til stades under ei rettssak.<sup>114</sup> Dersom dette ikkje er mogleg å få til, må det vere minimum ein dommar, tre meddommarar og ein skrivar.<sup>115</sup> Ein dommar med to assessorar og ein skrivar må vere til stades før og under tortur.<sup>116</sup> Eit av punkta påtalemyndigheitene nemner i dokumentet er at Augustin Thein skal ha vore åleine under avhøyr i nokre tilfelle.<sup>117</sup> Meister David og Meister Hans Müller, dei lokale skarprettarane, er ikkje nemnd i omfattande detalj i forbindelse med rettsmaterialet. Det at dei ikkje vart nemnde tyder ikkje nødvendigvis at dei ikkje hadde ein aktiv rolle i prosesslauget, då skarprettarane stod for både tortur og avretting. Utover dette har vi ikkje grunnlag til at skarprettarane hadde store rollar under trolldomsprosessane. Minst ein av dei må og ha vore til stades under avhøyra, ettersom det var dei som skulle utføre eventuell tortur.

Vedlagt i denne samlinga av rettsdokument finn vi utdrag frå avhøyrprotokollane etter trolldomsprosessane i Schmoel. Desse utdraga inneheld informasjon som var direkte relevant for retten når dei då skulle dømme om grev Rantzau var skuldig i å gjennomføre lovbrøt under behandlinga av rettssakene. Dette var dokument greven sendte inn til kanselliet i forkant av rettssaka, og som sidan hadde blitt undersøkt av dommarar.

Dette dokumentet vart sendt til grev Rantzau med ein forventning av at greven kom til å sende eit motsvar for å forklare seg og si sak, og for å oppfordre han til å møte opp i landsretten. Grev Rantzau svarte på denne kunngjeringa nesten ein månad seinare i eit brev til landsretten. I dette brevet fortel han at han ikkje mottok beskjed om stevjinga i rettssaka før ei stund etterpå, grunna hans opphald i Köln.<sup>118</sup> Vidare viser han ei motvilje til å akseptere rettens kjenning, og forsøker å så tvil om i kva grad landsretten si stevjing er gyldig.

### 3.3.2 Dommen

Grunna konflikta mellom kong Christian og hertug Christian Albrecht vart ikkje rettssaka mot grev Rantzau behandla og avgjort før 3. september 1690, då i landsretten i Flensburg i staden for Glückstadt eller Itzehoe som tidlegare var

---

<sup>114</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 434, *Constitutio Criminalis Carolina* Artikkel 84

<sup>115</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 435

<sup>116</sup> *Constitutio Criminalis Carolina*, Artikkel 46

<sup>117</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 435

<sup>118</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 421 Brev frå C. Rantzau til viskanslaren datert 22. Juli 1688

nemnde. Greven forsøkte å få innvilga at rettssaka skulle gå føre seg skriftleg slik at han kunne forsvare seg utan å stille opp fysisk. Denne førespurnaden vart avvist, og fiskal Lindholtz la fram saka munnleg og i korte trekk for retten.<sup>119</sup> Landsretten i Flensburg kom til eining om domfelling i 1690 der grev Rantzau vart erklært skuldig for brot på rettsprosess. Greven valte då å ikkje forsøke å anke saka vidare til rikskammarretten igjen, sannsynlegvis fordi han såg på saka si som håplaus.<sup>120</sup> Dette vart grev Rantzau dømd for:

- Unødig hard tortur
- Å ikkje ha opplyst dei tiltalte om retten til eit forsvar
- Å ikkje ha sendt rettsdokumenta til juridisk konsultasjon ved eit av universiteta

Straffeutmålinga vart følgjande<sup>121</sup>:

- Tap av strafferettsleg jurisdiksjon
- Bot på 20 000 reichsthaler, og donasjon på 3 000 reichsthaler til veldedige formål
- Betale sakskostnadar

Ettersom saka mot grev Rantzau var ei fiskalrettssak, var det ikkje snakk om noko anna straff enn økonomisk belastning. Grunnen til dette, i tillegg til det faktum at adelsmenn sjeldan vart dømt til fysiske straffar, er at det på 1680-talet framleis var lov for grevar og godseigarar å føre trolldomsprosessar på sine egne eigedommar.<sup>122</sup> Det var derimot ikkje fritt fram for å avrette hekser, og grev Rantzau valde å ikkje rette seg etter rettspraksis sjølv om han antakeleg var kjend med lovverket.

Fram til grev Rantzau hadde betalt bota, konfiskerte staten utbyttet frå godsa Schmoel, Hohenfelde og Övelgönne.<sup>123</sup> Etter kvart selde greven godsa sine i eit mislukka forsøk på å unngå fleire konsekvensar av lovbrota sine, men held fast at liveigenskapen framleis skulle vere oppheva ved ny eigar. Dei påfølgjande godseigarane, blant desse Detlev Reventlow på godsa Schmoel og Hohenfelde, tok ikkje dette frigjeringsbrevet på alvor ettersom brevet ikkje vart erklært rettskraftig av

---

<sup>119</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 107

<sup>120</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 107-108

<sup>121</sup> LASH Abt. 7 Nr. 6353 s. 133-134. Datert 26. september 1690

<sup>122</sup> *Carolina* vart brukt fram til 1800-talet, men tolkinga av paragrafane som omhandla trolldom endra seg på slutten av 1600-talet og utover 1700-talet.

<sup>123</sup> Jacobsen, M. (1996), s.107-108

landsretten.<sup>124</sup> For kong Christian V og hertug Christian Albrecht var ikkje opphevinga av liveigenskapen ei sak som skulle på dagsordenen, og saka viste seg og umogleg å løyse i rikskammarretten.<sup>125</sup>

I eit brev frå 1694 kjem det fram at Christoph Rantzau framleis ikkje har betalt 10 000 av dei reichsthalarene han skulda krona.<sup>126</sup>

### 3.4 Grev Rantzau si reaksjon på dommen

Eit spørsmål vi står att med etter denne framstillinga av rettssaka mot greven er: Kvifor vart grev Rantzau stilt for retten, trass si stilling som adelsmann og greve? Det er dette spørsmålet som skal utforskast i dei påfølgjande kapitla. Grev Rantzau skrytte av kontaktar i *Reichhofsgericht*, og meinte sjølv at han burde få rettssaka si tatt opp i keisarens domstol som adelsmann. Rantzau-familien naut og høg status i heile det dansk-norske riket, og som adelsmann og godseigar hadde greven både rikdom og privilegium som ga han stor personleg og rettsleg fridom.

Trass i at grev Rantzau appellerte direkte til domstolen her sjølv når han fekk beskjed om stevjinga frå kong Christian V og hertugen av Holstein, var det lite hjelp å hente hos den tysk-romerske keisaren. Rantzau fekk ikkje sitt ynskje oppfylt, og vart som tidlegare nemnd stilt for retten som hørde til Glückstadt-kontoret i staden for keisarens eigen rett. Dette førte til at greven vart dømd til å betale ei bot på 20 000 *Reichsthaler* og å donere 3 000 *Reichsthaler* til veldedige formål, ein bot han unngjekk å betale ved å gje frå seg sine eigedomar i Danmark og ved å la det tyske kanselliet midlertidig konfiskere godsa Schmoel og Hohenfelde, som til saman var verdt 100 000 *Reichsthaler*.<sup>127</sup> Han vart og frådømd sine rettar som greve til å føre rettssaker på sine gods, samt andre godar han tidlegare hadde hatt på grunn av sin tittel og sin stand.

Før dommen fall, hadde Rantzau forsøkt å vinne godvilje frå både myndighetene og sine liveigne ved å avskaffe liveigenskapen på sine gods. Denne avskaffinga skulle gjelde alle dei landsbyane som hørde til godsa Schmoel, Hohenfelde og Övelgönne. Dette førte til at befolkninga bestod av frie bønder som kunne eige jorda si sjølv, jord som tidlegare hørde til greven. Likevel hjalp ikkje

---

<sup>124</sup> Prange, W. (1965), s. 104

<sup>125</sup> Liveigenskapen vart formelt avskaffa i 1805. Prange, W. (1965), s. 147

<sup>126</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 108

<sup>127</sup> Jacobsen, Manfred (1996), s. 107, Prange, W. (1965), s. 83

denne gesten grev Rantzau si sak i retten, og Rantzau enda også opp med å få konfiskert eigedomane sine i Holstein då han nekta å betale bota han var dømd til. Rantzau døydde i 1696, ti år etter trolldomsprosessane i Schmoel og Övelgönne.<sup>128</sup> Etter at han vart dømd av landsretten i Glückstadt, kom han ikkje tilbake til Holstein i frykt for å møte konsekvensar etter domfellinga. Dei liveigne som høyrde til godsa hans fekk ikkje nyte fridomen sin til det fulle heller, ettersom Rantzau sin lovnad om å la innbyggjarane eige jord hadde lite verdi då godsa vart konfiskerte.

#### 4. Trolldomstru og trolldomsprosessanes nedgangstid i møte med grev Rantzau si rettssak.

Dersom ein skal forstå rettssaka mot grev Christoph von Rantzau, må ein forsøke å analysere ho ut frå verda ho fann stad i. Difor er tidsramma essensiell å forklare for å skjønne kva som var så eineståande med grev Rantzau si rettssak, og kvifor handlingsforlaupet i rettssaka gjekk føre seg slik vi kan tolke det ut frå kjeldematerialet. For å gjere dette er det og føremålstenleg å ta for seg både trolldomsprosessane si nedgangstid, det politiske landskapet i Holstein og relasjonane mellom statsapparatet og religiøse minoritetar for å skape ei ramme rundt rettssaka. Denne oppgåva har ikkje som mål å kome med nyskapande årsaksforklaringar som skal bidra til forståinga av trolldomsrettssakanes minkande tal og endelege opphøyr, men å forklare korleis nedgangen i tal på rettssaker har hatt ei direkte innverknad på grev Christoph von Rantzau si skjebne. Likevel er det viktig å forstå denne perioden i trolldomsprosessane si historie for å kunne forklare greven si rettssak.

Holstein kan seiast å gjennom 1500- og 1600-talet ha vore ein moderat stad for trolldomsprosessar. Rolf Schulte har funne 393 prosessar i hertugdømet.<sup>129</sup> Samanlikna med både Danmark og Mecklenburg, hadde Holstein få trolldomsprosessar. I Slesvig var talet nærast det same som i Holstein, om ein skal rekne ut frå befolkning. Dersom ein skal dele inn prosessane i tidsperiodar, finn vi at Holstein hadde ein del rettssaker mellom 1650 og 1686. Fenomenet vart mykje

---

<sup>128</sup> Prange, W. (1965), s. 92

<sup>129</sup> Schulte, R. (2001), s. 82



sjeldnare og avrettingar nærast ikkje eksisterande etter dei store kjedeprosessane i Schmoel og Övelgönne. Kvifor grev Rantzau sine trolldomsprosessar var dei siste større prosessane i Holstein, har samanheng med utviklinga av rettssystemet. På 1680-talet var det stilt strenge krav til bevis. I Danmark vart det med eit reskript frå 1686 fastslått at alle trolldomssaker skulle sendast til *Højesteret*.<sup>130</sup> Det var framleis dødsstraff for å forsake dåpen og inngå djevlepakt<sup>131</sup>, men det vart vanskeleg å bevise at ei djevlepakt hadde blitt inngått. I Holstein hadde framleis godsherrane rett til å gjennomføre trolldomsprosessar, men og her vart det strengare krav til domfelling. Særleg Schmoel-prosessane kan sjåast som eit enkelttilfelle som ikkje representerer den generelle trenden i Holstein på slutten av 1600-talet.

I dette kapitelet skal eg sjå på haldningar til trolldom og trolldomsprosessar i dei forskjellige samfunnsgruppene, og særleg blant juristar og adelen i Holstein på siste halvdel av 1600-talet. Målet med dette er å sjå på kva grad endringar i haldningar til hekser og trolldomsprosessar verkar inn på prosessforløpet i rettssaka mot grev Rantzau og på innhaldet i dommen som vart avsagt i 1690.

#### 4.1 Trolldomsprosessanes nedgangstid

På slutten av 1500-talet byrja fleire land i Europa å gjennomføre trolldomsprosessar som vart støtta opp under av ny lovgiving eller av gamle lovar som tidlegare ikkje hadde blitt nytta i stor grad. På både 1300-talet og 1400-talet finn vi dokumenterte tilfelle av trolldomsrettssakar i til dømes i Italia<sup>132</sup>, men ikkje dei store prosessane som tok til på siste halvdel av 1500-talet.<sup>133</sup> 1620-åra var fleire stader eit tiår som såg særleg mange trolldomsprosessar, då spesielt i det tysk-romerske riket. Når 1650-åra kom, hadde derimot tal på prosessar gått ned over store delar av Europa.<sup>134</sup>

Brian P. Levack skriv i si oversikt over trolldomsprosessane at nedgangstida var prega av «(...) an increasing reluctance to prosecute witches, the acquittal of many who were tried, the reversal of convictions on appeal, and eventually the repeal of the laws that had authorized the prosecutions».<sup>135</sup> Levack fortel her om ein nedgangsperiode som starta ovanfrå, altså med dei personane som sat med makt til

---

<sup>130</sup> Jacobsen, J. C. (1966), s. 203

<sup>131</sup> Krogh, T. (2001), s. 115

<sup>132</sup> Levack, B. P. (2016), s. 184-185

<sup>133</sup> Levack, B. P. (2016), s. 189

<sup>134</sup> Levack, B. P. (2016), s. 190-191

<sup>135</sup> Levack, B. P. (2016), s. 230

å setje i gong og å dømme trolldomsprosessar. Dette mønsteret kan vise seg å stemme, ettersom allmugen i fleire område haldt fram med å kome med skuldingar mot sine naboar etter at retten hadde slutta å dømme personar for trolldom.

Forklaringa på kvifor prosessane tok slutt er satt saman av fleire element, og kan variere frå område til område. Nokre stader skuldast nedgangen at intense periodar med heksejakt førte til at trolldomsprosessane kom ut av kontroll og spreidde seg over alle samfunnslag. For eit samfunn var ikkje dette særleg berekraftig, og etter kvart handla avhøyra og torturen om å få flest mogleg menneske dømde for trolldom og fjerna frå lokalsamfunnet. Den hyppige prosessføringa kunne skape stor frykt i lokalsamfunnet. I tillegg skapte situasjonane frykt blant adelen og myndigheitene, då skuldingar byrja å kome mot personar knytt til maktapparatet, høgtstående geistlege og teologar som hadde tilknytning til politikken. Dette skjedde for eksempel i Bamberg og Würzburg.<sup>136</sup>

Andre stader skuldast nedgang i tal på trolldomsprosessar ei mangel på ressursar etter 30-årskrigen, mangel på folk, betre avlingar grunna varmare klima eller rett og slett at dei personane som utgjorde påtalemakta og juristane som sat i dei høgare rettsinstansane ikkje lengre var sikre på om djevelpakta og heksesabbatar var reelle hendingar som gav menneske makt til å skade andre menneske og dyr ved bruk av maleficium. Debatten om djevlelens nærvær og evne til å påverke den fysiske verda var ein del av den større debatten innanfor kristendommen om kva som var korrekt doktrine. Denne debatten hadde røter tilbake til kristendommens opphav, men var særskild aktuell under og etter reformasjonstida. Trolldomsprosessane si validitet var avhengig av at djevelen hadde reell makt og at diabolismen var ein reell trussel mot samfunnet. Sjølv om maleficium var noko dei fleste lærde aksepterte som eit verkeleg konsept med verkelege konsekvensar, var det tilknytninga mellom maleficium og djevelen som låg grunnlaget for dei store trolldomsprosessane vi ser i perioden 1580-1650 og som gjorde at lovverket mot utøving og kjennskap til trolldomskunstar vart utreia og stramma inn.<sup>137</sup>

Forskinga som er gjort på trolldomsprosessar har gjeve tvitydige resultat når det kjem til grunnar for at prosessane oppstod. Forskarar på denne tidsperioden er og ueinige i kva som var dei viktigaste grunnane for at trolldomsprosessane tok slutt, og dei mest sentrale forklaringane endrar seg etter kva for eit geografisk område ein

---

<sup>136</sup> Levack, B. P. (2016), s. 176

<sup>137</sup> Levack, B. P. (2016), s. 8

undersøker. I Italia og Spania hadde trolldomsprosessane si stordomstid tidlegare enn til dømes Skottland og Finnmark, og både avhøyrsmetodane, krava til bevis og straffemetodane kunne være svært forskjellige frå stat til stat. Difor seier det seg sjølv at det er nærast umogleg å forklare opphøyrret av fenomenet trolldomsprosessar for Europa i si heilskap ved å berre sjå på endringar i juridisk praksis, eller å berre analysere endringar i førestillingsbiletet til lokalbefolkninga.

Kjedeprosessane opphøyrde generelt tidlegare enn enkeltrettssakane. Holstein, lik som Sverige, Noreg og Danmark, såg ein god del trolldomssaker etter 1650. I likskap med dei skandinaviske områda, enda og fleire av dei seinare trolldomssakane med andre straffar enn avretting. Landsforvising og betaling av bøter er eksemplar på andre straffar som vart brukt, og etter kvart vart trolldomsklagar anten ikkje tatt seriøst og ført for retten, eller så var trolldom berre indirekte ein del av ei rettssak som var klassifisert som injuriersak eller anna. Manfred Jacobsen påstår at den siste trolldomsprosessen i Schleswig-Holstein fann stad i 1752.<sup>138</sup> I Rolf Schulte si oversikt er den siste prosessen i Holstein frå 1735, og den enda med frifinning.<sup>139</sup> Det er umogleg å fastslå nøyaktig tal på trolldomsprosessar og rettssaker der trolldom var ein faktor i denne perioden, då vi må ta høgdom for at ikkje alle dokument har overlevd. Vi hadde til dømes ikkje hatt dokumenta frå Schmoel-prosessane dersom kopiar ikkje hadde blitt sendt inn til retten i Glückstadt, ettersom originalkjeldene er gått tapt. Schulte si kronologiske oversikt over trolldomsprosessar viser at det i åra 1690-1739 finst dokument på at ni personar vart klaga for trolldom og stilt for retten i områda som utgjorde Slesvig, Holstein og Lauenburg.<sup>140</sup> Schulte nemner ingen trolldomsrettssaker etter 1739. Det dei to forskarane er einige om, er at det store fleirtalet av ofra var eldre kvinner frå dei nedre sosiale samfunnslaga.<sup>141</sup>

Vi ser og at 2,5% av alle trolldomsprosessane i Slesvig og Holstein omfatta meir enn ti personar, medan heile 52,3% av sakane var enkeltprosessar.<sup>142</sup> Prosessane i 1686 ved Schmoel-godset var ikkje dei første. Allereie i 1604 finn vi ein dokumentert prosess ved godset der fem kvinner vart avretta for å vere trollkvinner.<sup>143</sup> Vidare finn vi dokumenterte saker frå både 1637, 1651-55 og 1666.<sup>144</sup> Alle desse tilfella enda

---

<sup>138</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 23

<sup>139</sup> Schulte, R. (2001), s. 143

<sup>140</sup> Schulte, R. (2001), s. 69

<sup>141</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 23

<sup>142</sup> Schulte, R. (2001), s. 70

<sup>143</sup> Schulte, R. (2001), s. 122

<sup>144</sup> Schulte, R. (2001), s. 133, 138-39

med dødsdom for dei involverte, men det er vanskeleg å analysere desse sakene i si heilheit ettersom kjeldematerialet er svært mangelfullt. Det vi veit er at Rantzau-familien eigde godsa, og difor hadde jurisdiksjon i desse sakane. Grev Rantzau var altså ikkje den einaste i sin familie som førte trolldomsprosessar.<sup>145</sup>

Under trolldomsprosessanes stordomstid på siste halvdel av 1500-talet og første halvdel av 1600-talet finn vi fleire sentrale skeptikarar blant dei lærde teologane. Allereie før trolldomsprosessane fekk fotfeste i store delar av Europa finn vi fritalande skeptikarar som avviste forsøka på legitimering av heksejakter som mellom anna Heinrich Institoris og Martin del Rio arbeidde for. Nicolaus av Cusa (1401-64), humanist og fyrstbiskop av Brixen, avviste ideen om heksesabbat då det vart forsøkt å stille folk for retten for å ha delteke på dette i hans verkeområde.<sup>146</sup> Vi finn og slike debattar mellom forskjellige munkeordenar som hadde forskjellige syn på eksistensen av hekser. Johann Weyer (1515-1588), ein nederlandsk lege, meinte at dei såkalla «trollkvinnene» berre var mentalt svake, ustabile kvinner som ikkje hadde reelle trolldomskunnskapar og som ikkje utøva svart magi gjennom noko diabolsk tilknytning.<sup>147</sup> Jesuitten Friedrich Spee (1591-1635) var skeptisk til torturen som vart brukt for å tvinge fram tilståingar til trolldom.<sup>148</sup> Spee var professor ved universitetet i Paderborn under den mest intense perioden med kjedeprosessar i det tysk-romerske riket. Hans verk *Cautio Criminalis* (1631) gjekk til angrep på fyrstbiskopar som hadde tillate store kjedeprosessar med tortur som verktøy for å få tilståingar.<sup>149</sup> Her kan vi særleg peike på fyrstbiskop Johann Georg Fuchs von Dornheim i Bamberg, som regjerte 1623-1633. Han markerte seg som ein særs ivrig heksejeger, og kan ha vore ansvarleg for opp mot 1000 avrettingar i fyrstbispedømet. I same område finn vi Philipp Adolf von Ehrenberg i Würzburg, som hadde oversyn over minst like mange avrettingar i same tidsperiode (1626-1631).

Christian Thomasius (1655-1728), ein protestantisk jurist, meinte at djevelen ikkje hadde noko påverknadskraft på den materielle verda, og at ei reell djevlepakt var umogleg.<sup>150</sup> Han bygde vidare på Spee sine idear, og meinte at å torturere personar for å ha utført imaginære lovbrøt var ein forkasteleg praksis.<sup>151</sup> Ettersom

---

<sup>145</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 102

<sup>146</sup> Behringer, W. (2004), s. 166

<sup>147</sup> Dillinger, J. (2018), s. 137

<sup>148</sup> Dillinger, J. (2018), s. 139

<sup>149</sup> Levack, B. P. (2016), s. 235

<sup>150</sup> Dillinger, J. (2018), s. 142

<sup>151</sup> Levack, B. P. (2016), s. 235

nye generasjonar tok over sentrale posisjonar i rettssystemet og resten av statsapparatet, kunne og nye idear slå røter og ny vitskap forme samfunnet.

Skepsis blant dei lærde var ikkje nok til å stanse trolldomsprosessane i dei tidlegare fasane, om det enn kunne bidra til at nokre område ikkje vart råka eller vart råka i svært liten grad av fenomenet. Etter kvart som fleire skeptikarar kom inn i sentrale administrative posisjonar ser vi derimot betydelege endringar i tal på prosessar og metodar som vart brukt for å få fram tilståingar. Særleg når personane som satt med den overordna makta var skeptiske til trolldomsprosessar, kunne dette føre til lovendringar som gjorde det vanskeleg for bondebestanden å føre legitime rettssaker.

Nokre stader kan nedgang i trolldomsprosessar forklarast med endringar i trolldomslovgivinga. Ein kan likevel ikkje forklare nedgangen ved å berre peike på lovverk og rettsprosessar, ettersom det interessante her i større grad er kva som la grunnlaget for ei slik endring i lovverket. I Holstein finn vi ikkje store endringar i lovverket frå innføringa av Carolina-lova og fram til 1690 når Christoph von Rantzau vart dømd for brot på denne lova. Det som endra seg var juristane si tolking av lova, og deira stilling til kvalitet på bevismateriale og vitneutsegn.

Levack meiner at dei tre viktigaste grunnane for nedgangen i tal på trolldomsprosessar var «(...) the regulation of local witchcraft trials by higher authorities, the restriction or prohibition of torture, and the demand for more persuasive evidence to support the conviction of witches.»<sup>152</sup> Vidare argumenterer Levack for at restriksjonane for bruk av tortur under avhøyr ikkje fekk fotfeste så mykje grunna den inhumane behandlinga av dei som var skulda eller dømde for trolldom, men fordi tortur kunne føre til falske tilståingar. Denne tolkinga finn vi igjen i Friedrich Spee si kritikk mot prosessane, som nemnd ovanfor. I tillegg var det fleire lærde som generelt aksepterte trolldomsprosessar som var skeptisk til utlegging av hekser, fordi denne praksisen ofte førte til at mange vart dømde på det dei vurderte som utilstrekkeleg bevismateriale og torturerte på grunnlag av lite anna enn skuldingar frå tiltalte personar under tortur.<sup>153</sup> I Holstein, som følgde Carolina-lova, var bruk av tortur ikkje noko nytt i straffesaker. Fysiske straffar var vanleg både før, under og etter perioden med trolldomsprosessar. Drap, gjentatte tjuveri og blodskam var blant lovbrota som vart straffa med døden. Restriksjonar på bruken av tortur var

---

<sup>152</sup> Levack, B. P. (2016), s. 231

<sup>153</sup> Levack, B. P. (2016), s. 235-236

opp til lokale tenestemenn som tolka lovverket, og i alvorlege sakar som kom for landsretten var det lærde juristar som målte straffa ut frå deira tolkingar av lovverket.

For Holstein var særleg det siste punktet til Levack om beviskrav framtrédande, og ein stor faktor i rettssaka mot grev Rantzau. Fleire juristar på slutten av 1600-talet stilte spørsmål ikkje berre vet tilståingar gjort under tortur, men og generelle tilståingar med eit høgt diabolsk innhald. I Schmoel og Övelgönne finn vi ei rekkje typiske element som ofte dukka opp i slike tilståingar, frå heksesabbat og djevlepakt til å bruke denne djevlelike trolldommen til å skade og drepe folk og fe. Innhaldet i tilståingane som vi finn i avhøyrsprotokollane kan ha generert ein viss skepsis blant juristar nord i det tysk-romerske riket, noko som og kan ha vore ein av grunnane til at grev Rantzau valde å ikkje konsultere med juristar i det heile. Vi finn derimot ikkje noko direkte negativ referanse til dei diabolske tilståingane i rettsdokumenta, anna enn at bevisgrunnlaget var utilstrekkeleg.

I Gunnar W. Knutsens artikkel "Trolldomsprosessenes opphør i Skandinavia" argumenterer han for at ei årsak til trolldomsprosessanes opphør i Norge var grunna eit generasjonsskifte i dommarstanden, snarare enn at dommarane som tidlegare førte trolldomsprosessar i stor grad endra sitt synspunkt på trolldomslovverket.<sup>154</sup> Dette standpunktet blir brukt som motsvar til Hans Eyvind Næss sin teori om at dommarane endra synet sitt på trolldomssaker. Brian P. Levack nemner utskiftinga av juristar ved universitetsfakulteta i det tysk-romerske riket som ein sentral grunn for at tal på trolldomsprosessar gjekk ned.<sup>155</sup> Carolina-lova oppfordra til å søke konsultasjon ved dei juridiske fakulteta, noko som skapte ei direkte linje mellom kva som vart undervist på universiteta og hyppigheita av trolldomsprosessar i det tysk-romerske riket. Det var ikkje berre juristane som hadde påverknadskraft på utfallet av trolldomsprosessar. Samfunnseliten generelt gjekk og gjennom ei haldningsendring som kom omtrent på same tid som opplysningstida, vitskapleg forskning og filosofisk tenking prega både universiteta og samtalane som gjekk føre seg i større tilstellingar og i kvardagssamtalar blant dei øvste samfunnsklassane. Allmugen var derimot ikkje eksponert for dei nye filosofiske og teologiske ideane som utvikla seg innan akademiske miljø, særleg fordi dei fleste bøndene ikkje hadde tilgang på utdanning.

---

<sup>154</sup> Knutsen, G. W. (2005), s. 602

<sup>155</sup> Levack, B. P. (2016), s. 234

I Danmark vart det, som nemnd tidlegare, i 1686 praksis å føre trolldomssaker for *Højesteret* for å få avsagt dødsstraff.<sup>156</sup> Det innebar at dei som klaga inn personar for trolldom hadde høgare terskel for å få klagane sine høyrte, og difor er det naturleg at talet på trolldomssakar i Danmark etter 1686 minka.<sup>157</sup> Dette reskriptet vart innført same år som grev Rantzau førte sine trolldomsprosessar i Schmoel og Övelgönne. Tillegget til loven vart ikkje teke inn i Holsteins lov, men det tyder ikkje at lovtillegget ikkje hadde samanheng med korleis dommarane i Holstein behandla trolldomssaker. Det vart på dette tidspunktet vanskelegare for allmugen å føre fram trolldomsklagar som resulterte i anna enn bøter, lettare fysiske straffar eller i mange tilfelle frifinningar i Holstein. Det er usannsynleg at vanskane med å få trolldomsklagar høyrde hadde direkte samanheng med lovtillegget i dansk lov. Snarare kan vi seie at Christian V's reskript var påverka av at den holsteinske eliten og juristane som skulle handheve loven viste skepsis mot trolldomsprosessar, ettersom fleire av juristane i teneste hos kongen var utdanna på tyske universitet og tok med seg idear derfrå.

Som vi no har sett, var 1680-åra ei tid kjenneteikna av motsetningar i det akademiske miljøet. Teologar var ueinige om i kva grad trolldomsklagane som vart retta mot personar hadde grunnlag i verkelegheita, i kva grad djevelen hadde evne til å påverke den fysiske verda gjennom menneske. Nokre tvilte til og med på realiteten av trolldom i si heilskap, men desse personane var ikkje i fleirtal. Utover på 1700-talet fekk ideane frå opplysningstida sterkare fotfeste, og som ein konsekvens endra førestillingsbiletet seg blant adelen og statsmakta. Det er vanskeleg å seie i kva grad dette faktisk verka inn på trolldomsprosessane i den tidsperioden Rantzau vart stilt for retten. Grev Rantzau skulda dommarane knytt til retten i Glückstadt for å ikkje tru på hekser og for dermed å ha kjetterske idear,<sup>158</sup> men seier samstundes at han ikkje leverte saksdokumenta til det juridiske fakultetet i Kiel fordi han rekna med at denne praksisen berre var ein formalitet sidan han ikkje hadde fått noko innvendingar førre gong han førte prosessar i 1666. Sjølv etter trolldomsprosessanes slutt finst personar som fekk dødsstraff for trolldom. Dette finn vi eksemplar på i Danmark, og sannsynet er der for at ein liknande situasjon fanst i Holstein. I Danmark vart personar dømd for

---

<sup>156</sup> Knutsen, G. W. (2005), s. 607

<sup>157</sup> Vi ser denne tendensen i Arenfeldt-saka, der adelsmannen Jørgen Arenfeldt vart dømd i 1687 i *Højesteret* for å misbruke birkeretten til å føre trolldomsprosessar. Meir om dette i kap. 5.

<sup>158</sup> Greven samanliknar desse med kalvinistar, anabaptistar og ateistar. Sjå grev Rantzau sitt brev datert 19. juni 1688. LASH Abt. 11 Nr. 164, s. 311

å spotta Gud i staden for trolldomskunnskapar, sjølv om grunnlaget i dommen gjekk ut på at denne personen hadde utført trolldom.<sup>159</sup>

Så langt har me sett at dei godseigarane som førte trolldomsprosessar i Holstein vart haldt til strengare krav på siste halvdel av 1600-talet enn dei hadde blitt tidlegare. Det er vanskeleg å seie om grev Rantzau hadde fått ei rettssak mot seg dersom han hadde ført prosessar på same måte tidlegare, då demonologi vart mykje diskutert ved universiteta og frykta for diabolisme var meir utbreidd. Prosessane han førte i 1666 kan likevel indikere at han ikkje hadde blitt rettsforfølgd. I 1666 førte han prosessar ved Schmoel-godset utan å sende dokument til juridisk konsultering, utan at han møtte på nokon konsekvensar av dette.<sup>160</sup> Adelen hadde og større makt før eineveldet, og det var adelen som eigde jorda og satt i landsrettane som dommarar. I 1680 hadde borgarstanden fått innpass i høgare stillingar for å avgrense den eksklusive adelsstanden si makt over Holstein.

Opplysningstida, som i stor grad prega 1700-talets Europa, var på frammarsj allereie på 1600-talet. Fokuset hos universiteta låg på vitskapen og filosofi i større grad enn på teologi, og forskinga skulle vere framtidsretta med eit mål om opplysning, noko som seinare resulterte i idear om fridom i form av ytringsfridom, pressefridom og religionsfridom. Sjølv om mange personar frå alle samfunnslag trudde på realiteten til trolldom lenge etter trolldomsprosessane sitt opphøyr, prioriterte ikkje lenger verken statsoverhovuda eller juristane å undersøke trolldomsklagar mot enkeltpersonar. For dei som seinare vart skulda for trolldom av allmugen verkar det som at dei største konsekvensane av skuldingane kom i forholdet til sine naboar og resten av lokalsamfunnet. Dei vart ofte utstøytte og einsame, noko som kunne føre til døden dersom dei i tillegg var fattige og jordlause, då desse ofte var avhengige av almisser.<sup>161</sup>

1680-åra var altså ein overgangsfase då ein framleis fann enkeltsaker der personar vart dømd til døden og avretta for trolldom i det tysk-romerske riket, men større prosessar hadde gått av moten og hørde i stor grad fortida til. Vi finn derimot fleire unntak frå denne regelen dersom vi flyttar blikket utanfor Holstein. Hekseprosessane i Salem i 1692-93 er det mest kjende eksempelet, der 19 personar

---

<sup>159</sup> Knutsen, G. W. (2005), s. 608

<sup>160</sup> Sjø grev Rantzau sitt brev datert 19. juni 1688. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 311

<sup>161</sup> Levack, B. P. (2016), s. 143-144



vart hengd som følgje av trolldomsklagar og ein vart pressa til døde.<sup>162</sup> I Polen og Ungarn vart det framleis ført prosessar på 1700-talet.<sup>163</sup> Eit viktig moment i forklaringa av nedgang i tal på trolldomsprosessar er i kva grad myndigheitene var villige til å bruke økonomiske ressursar på rettssaker som ikkje gagna dei sjølve. Allmugen fremja framleis klagar til godsherrar og lensherrar, men i mindre grad enn før. Ofte vart rykte aldri til noko formell klage til rettsvesenet, men personen som hadde fått trolldomsrykte på seg kunne likevel kjenne dette på kroppen gjennom til dømes utestenging og mangel på beskyttelse av lokalsamfunnet. Det hendte at lokale innbyggjarar tok loven i eigne hender for å oppnå det dei såg på som rettferd. I nokre tilfelle vart lynsjing utført utan godkjenning frå myndigheitene. Eit eksempel på dette finn vi i Skottland der Janet Cornfoot frå Pittenweem vart bunde mellom ein båt og ein stolpe og steina til døde i 1704 etter at domstolen i Edinburgh ikkje ville domfelle henne.<sup>164</sup>

#### 4.2 Universiteta og trolldomsprosessar på 1680-talet

Det første universitetet i det nordlege tysk-romerske riket vart grunnlagd i Rostock i 1419. Det juridiske fakultetet ved universitetet i Rostock var det mest sentrale for dei tidlege trolldomsprosessane.<sup>165</sup> Rostock i Mecklenburg var den næraste universitetsbyen til Holstein under oppstarten av trolldomsprosessane på 1500-talet. Difor var det juristar ved dette universitetet som i hovudsak bidrog med juridisk lovgjeving i trolldomssaker i både Mecklenburg, Holstein og andre omkringliggjande stader.<sup>166</sup> Her fekk studentar moglegheit til å studere og tolke *Constitutio Criminalis Carolina* og romarretten, samt religiøse tekstar, latin og filosofi m.m. Professorane var blant rikets fremste teologar og juristar, og var regionale ekspertar innan sitt felt.

Konsultering med juristar om rettspraksis og domfelling i trolldomssaker var lovfesta i Carolina-lova, og juristane kunne difor spele ei stor rolle i utviklinga av trolldomsprosessar. Kvar jurists personlege overtyding rundt maleficium og diabolisme, samt deira tolking av lovverket, påverka dødsraten og utbreiinga av trolldomsprosessane. Dette vert tydeleg dersom vi ser nærmare på regionale

---

<sup>162</sup> Briggs, R. (1996), s. 315

<sup>163</sup> Levack, B.P. (2016), s. 211-213

<sup>164</sup> Larner, C. (1984), s. 46

<sup>165</sup> Moeller, K. (2007), s. 69

<sup>166</sup> Schulte, R. (2001), s. 54-55

forskjellar i det tysk-romerske riket, og ikkje minst på dei respektive teologane som var knytt til universiteta sine forskjellige syn på trolldom og diabolisme. Peter Binsfeld og Heinrich Institoris er eksemplar på teologar som støtta trolldomsprosessane og meinte at tilstadeværinga til hekser var eit teikn på at djevelen hadde makt over menneske på jorda og at desse menneska måtte fjernast frå jorda.<sup>167</sup> Friedrich Spee var derimot ein kritikar av trolldomsprosessane, og då særleg store prosessar der sjansen for brot på lovverket hadde ein tendens til å auke.

Ettersom juristane ved universiteta spelte ei rolle i forlaupet for trolldomsrettssakar, var og talet på kor mange sakar som enda med domfelling knytt til juristane si personlege overtyding. Tolkninga av lovverket vart jo gjort av juristar, og måten dei leste lovverket på vart farga av den opplæringa dei fekk og dei impulsane dei fanga opp i miljøet som omgav universitetet. Christian-Albrechts-Universität i Kiel hadde stort fokus på vitskapleg utvikling, og var prega av å ha blitt oppretta etter dei mest intense periodane med både trolldomsprosessar og religionskrig. Etter opprettinga av universitetet i Kiel, vart hovudansvaret for å behandle trolldomssakar i Slesvig og Holstein frå universitetet i Rostock til det juridiske fakultetet ved Christian-Albrecht-Universität.

Tidlegare i perioden med trolldomsprosessar ser vi at sakar som vart sendt til konsultasjon hos juristar ved eit universitet ikkje nødvendigvis såg færre dødsdomar enn sakar som berre vart behandla på lokalt nivå.<sup>168</sup> Sjølv om juristane hadde eit lovverk dei følgde, var den juridiske konsultasjonen med på å spreie demonologiske idear. I dei seinare periodane var det motsett – prosessar såg færre dødsdomar når dokument vart sendt til universiteta. Bevisa som låg til grunn for domfelling skulle oppfylle krava nedsett i Carolina. Vitna skulle vere truverdige, dei tiltalte hadde rett på forsvar, og saka skulle førast for ein gyldig rett. Ofte ser vi at personar vert tiltalt grunna utlegging frå personar som sjølve var stilt for retten for trolldom, noko som ikkje vart sett på som gyldig bevisgrunnlag. Ifølgje både Carolina-lova og tradisjonelle haldningar i samfunnet var hekser løgnaktige, og deira ord kunne ikkje vektleggjast utan førehald. Kvar person som vart stilt for retten skulle haldast til same prinsipp innanfor ei trolldomssak, altså haldast til same kvalitet av bevis og vitneutsegn. Kravet til bevisstilling var og det som førte til at dei lokale dommarane, og

---

<sup>167</sup> Dillinger, J. (2018), s. 48-50

<sup>168</sup> Levack, B. P. (2016), s. 93, 234-235

godseigarane som gjerne hadde jurisdiksjon utan å avgjere trolldomssaker på eiga hand, skulle rådføre seg med juristar i utgangspunktet.

### 4.3 Christoph von Rantzau som greve i møte med trolldomsklagar

Vi har i førre kapittel snakka om grev Rantzau i retten. I rettsdokumenta kjem det fram motstridande bilete av grevens person og kva motiva hans var for å føre trolldomsprosessar. Han framstiller seg sjølv som ein gudfryktig mann som har gjort sitt ytste for å beskytte lokalbefolkninga i dei omkringliggjande landsbyane mot vonde menneske som hadde direkte samband med djevelen. Hans motstandarar, særleg pastor Linekogel, malar eit bilete av ein farleg mann som går imot lovverket for å føre så mange uskuldelege menneske som mogleg til bålet. Realiteten kan seiast å være ein stad i midten.

Klagane på personar som høyrde til lokalbefolkninga kom ikkje først frå grev Rantzau sjølv dersom vi skal tru protokollane til godsforvaltar Augustin Thein. Skuldingar kom frå andre liveigne bønder som anten var i konflikt med desse personane eller som hadde eit inntrykk av at desse menneska ikkje var som andre og hadde tilgang på maleficium.<sup>169</sup> Sjølv Clauß Möller fekk framsett klagar mot seg, på trass av hans stilling som bondefut.<sup>170</sup> Trykket frå allmugen kan altså seiast å ha vore tydeleg, noko som kan ha verka inn på grevens slutning om å setje i gong prosessar.<sup>171</sup> Rantzau stod likevel ansvarleg i den grad han gav desse klagane gehør og sette i gong rettssaker mot sine liveigne. I tillegg stod grev Rantzau ansvarleg for at dei tiltalte ikkje fekk høve til å forsvare seg sjølve mot desse klagane. Fleire av dei dømde hadde blitt mistenkt for å vere trollfolk i mange år. Likevel var det i 1686 gått tjuve år sidan førre trolldomsprosess ved Schmoel-godset. Utan at det er mogleg å finne ut kvifor det var eit opphøyr i prosessar på 20 år ved å studere grev Rantzau sitt virke, indikerer dette pauserommet at greven hadde makt til å både starte trolldomsprosessar og til å ikkje gjere det.

Christian-Albrecht-universitetets oppretting i Kiel i 1666 viste at Slesvig og Holstein var med inn i den komande opplysningstida. Grev Rantzau si motvilje mot å

---

<sup>169</sup> Avhøyrprotokollane frå den andre Schmoel-prosessen viser at nesten alle dei tiltalte hadde individuelle klagarar. Mette Schlan si rettssak vart og starta på bakgrunn av klagar frå Hinrich Harder og J. W. Stodtmeister.

<sup>170</sup> Clauß Möller er omtala som *Bauevoget* i avhøyrprotokollen. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 31

<sup>171</sup> I Övelgönne trua dei liveigne med å ikkje utføre sine pliktar på garden dersom saka deira mot Hinrich Marckman vart henlagt. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 77

rådføre seg med juristane som høyrde til ved det juridiske fakultetet kan og indikere eit generasjonsskifte der greven høyrde til den gamle verda der trolldom og diabolisme var rekna som ein reell frykt og fare, medan universitetet representerte den nye verda der logikk og vitskapleg metode skulle verke inn på verdsbiletet og drive ut tankar om trolldom og hekseri blant eliten.

## 5. Greven og politikken

Når vi studerer historiske periodar i eit større perspektiv, er det vanskeleg å kome utanom politikken. Med politikken meinast det her maktstrukturane som står for fordelinga av godar i eit samfunn og korleis desse strukturane fungerer og påverkar samfunnet. Med ei slik definisjon er det umogleg å påstå at greven ikkje var ein politisk aktør i både lokalsamfunnet og statssamfunnet, samt at både hans virke og hans rettssak til ei viss grad vart påverka av politiske faktorar.

I dette kapitelet skal eg ta for meg den politiske sida av tidsperioden 1680-1690, og korleis politikken hadde innverknad på og om politikken var ein føresetnad for grev Rantzau si rettssak. Har vi grunnlag for å seie at greven vart offer for politikk? Kven var det eventuelt som tente på å fjerne greven som politisk aktør? Korleis gjev denne rettssaka oss innsyn i 1680-talets maktstruktur og politiske konflikter i Holstein?

Grev Rantzau representerer ikkje berre seg sjølv som person, men og ei adeleg gruppe med privilegium og ansvar. Som greve eigde han store landområde, inkludert små og spreidbygde landsbyar der innbyggjarane ofte var liveigne som arbeidde og budde på jord som greven eigde. I tillegg til å vere arbeidsgjevar og eigar av husa til lokalbefolkninga, hadde han altså rett til å føre for retten dei innbyggjarane som høyrde til hans gods. Ein greve, som godseigar, kunne då fungere som både utøvande og dømmende makt, men han kunne og velje å tilsetje ein fut som representerte greven i rettslege saker.<sup>172</sup> På grunn av denne makta, som grev Rantzau nytta til å sjølv oversjå fleire straffesaker og injuriersøksmål, var det viktig at greven var ein rettferdig, ærleg og lærd mann som kunne fylla rolla til ein oversynsmann over rettsprosessane og fungere som dommar utan å bryte lovverket

---

<sup>172</sup> Alle godseigarane hadde i utgangspunktet denne retten og dette ansvaret.

som var gjeldande til kvar tid. Samstundes var det difor viktig at han konsulterte med universitetet for å forsikre seg om at han følgde Carolina-lova, sjølv om grev Rantzau og hadde studert juss.<sup>173</sup> I tillegg var det då han som måtte dekke kostnadane ved å føre for retten nokon som ikkje klarte å dekkje utgifter sjølv. Etter at Christian V innførte eineveldet i Danmark-Noreg, vart det oppretta mange nye grevskap over heile verkeområdet hans for å styrkje eineveldet og si eiga støtte hos den velstående, ikkje-adelege befolkninga, og ein kunne kjøpe seg tittelen greve så lenge ein hadde eit stort nok landområde. Dette var ein måte for kong Christian V å få borgarane meir likestilt med den gamle adelen.

Grev Christoph Rantzau var ein del av ei gruppe velhaldne menn som kjøpte seg tittelen for å auke eigne privilegium og eiga makt, men Rantzau var som vi har sett allereie av adeleg slekt og hadde tilgang til utdanning, rikdom og eigedom, samt forbindelsar til høgtstående personar både i Holstein og i resten av det tysk-romerske riket. Rantzau studerte både teologi og juss ved Sorø riddarakademi frå 1643-1645, og seinare studerte han begge desse faga ved universitetet i Leiden.<sup>174</sup> Som katolikk hadde han og forbindelsar i Roma. Han konverterte til katolisisme i 1651, og støtta katolske misjonsgrupper og oppretting av katolske lærestadar og gudshus i både Slesvig, Holstein og andre stadar økonomisk. Til dømes skal Rantzau i 1685 og 1686 ha donert 9000 *Reichsthaler* til slike formål.<sup>175</sup>

Dette vitnar ikkje berre om ei oppriktig tilknytning til den katolske saka, men og om ein greve med midlar å avsjå til velgjerdformål. Difor er det grunnlag for å seie at den manglande innbetalinga frå greven til myndigheitene i etterkant av domfellinga i 1690 sannsynlegvis ikkje var på grunn av manglande midlar. Grev Rantzau valde å ikkje betale bota fordi han ikkje var einig i rettens slutning om å dømme han, og greven ville ikkje vise teikn til at han godtok dommen sjølv om han såg vidare anking som ein håplaus prosess.

Grev Rantzau si rolle i trolldomsprosessane er både direkte og indirekte. Han deltok i både avhøyr og domfelling, og drap på hans eigne dyr vart innblanda i domfellingsgrunnlaget. Samstundes hadde han eit overordna ansvar med å oversjå rettsprosessane. Det var han som ansatte godsforvaltaren som leia avhøyra av dei som var mistenkte for trolldom, og det var han som var ansvarleg for utvalet av

---

<sup>173</sup> Prange, W. (1965), s. 11-13

<sup>174</sup> Prange, W. (1965), s. 11-13

<sup>175</sup> Feddersen, E. (1938), s. 588

dommarar, samt bruk av advokatar og juristar ved universitetet i Kiel for juridisk konsultasjon. Ein kan då stille spørsmålet: Kunne trolldomsprosessane i Schmoel og Övelgönne ha funne stad utan grev Rantzau? Målet med å stille dette spørsmålet er ikkje så mykje å dvele ved spørsmålet «kva om?», men å klargjere premissa som må liggje til grunn for at ei slik trolldomssak skal finne stad då den fann stad. Dette er naudsynt å gjere for å forstå den vidare rettssaka mot grev Rantzau.

For å sjå nærare på det politiske aspektet, må vi først og fremst studere det politiske landskapet i Holstein på 1680-talet. Holstein har i lange tider vore eit interessant område for undersøkingar, ettersom området er prega av motsetnader innan kultur, språk og til tider statspolitikk som tidlegare har gjeve grobott for fleire konflikhtar mellom fleire statar. På 1680-talet var hertugdømet Holstein prega av hansaligaens tidlegare nordeuropeiske dominans, og var framleis ein svært viktig handelsport mellom det kontinentale Europa og dei skandinaviske landa. Hertugdømet var ein del av det tysk-romerske riket, språket var tysk og folket (i den grad vi kan seie noko om folkesjela) identifiserte seg i det store og heile med nordtysk kultur og nordtysk folktru.<sup>176</sup> Språket blant allmugen var *plattdeutch*, noko dei hadde til felles med allmugen i både dei sørlege delane av Slesvig, Mecklenburg og Bremen. Samstundes var Holstein dansk i den forstand at området var uatskilleleg frå Slesvig, eit område som hadde betydeleg meir dansk innflytelse på både lovverk og statsadministrasjon, samt at kong Christian V av Danmark fungerte øvste autoritet og ved fleire tilfelle behandla Holstein som om han var statsoverhovud.<sup>177</sup> Etter innføringa av eineveldet, ein prosess som tok til på 1660-talet, kjem særleg konflikta mellom adelen og kongemakta fram i lyset i både Slesvig og Holstein.

Kongens rolle i det danske riket var å fungere som øvste leiar for lov og rett, religion og generelt som ein landsfader. Kongens ord var lov, og kongens religion var religionen som skulle forkynnast over heile riket. For kong Christian V innebar ikkje dette å utvise religiøse motstandarar eine og aleine på bakgrunn av deira religiøse tilhøyrse. Han ville derimot ikkje leggje til rette for at andre religionar enn den lutherske protestantismen skulle slå røter og oppnå noko form for politisk makt.

Særleg den gamle adelen i Slesvig og Holstein vart sett på som ein trussel mot kongemakta. Sidan adelsmennene hadde djupe røter til områda der dei hadde

---

<sup>176</sup> Kramer, K.-S. (1987), s. 10. Schulte, R. (2001), s. 38

<sup>177</sup> Sjølv om Holstein var ein del av det tysk-romerske riket, var det sjeldan at den tyske keisaren blanda seg inn i saker som omhandla forvaltinga av hertugdømet. Under konfliktane på 1670- og 1680-talet var Brandenburg-Preussen, i lag med Sverige, den største motpolen til dansk ekspansjon mot Hamburg.

sitt virke, var dei og opptekne av å halde på den makta dei hadde. Samstundes var grev Rantzau av ein anna religion enn fleirtalet av adelen, noko som og kan ha hatt konsekvensar for hans politiske status. Religion og politikk var ofte overlappende, ettersom kongen var overhovud av både stat og kyrkje. I tillegg hadde adelen ofte plikter knytt til det religiøse liv. Fleire adelsmenn var kyrkjepatronar eller hadde andre tilknytingar til den geistlege standen. Cai Rantzau var og eit medlem av den adelege Rantzau-familien og herre i Neuhaus, og fungerte som kyrkjepatron for prestegjeldet Giekau.<sup>178</sup> Det var heller ikkje uvanleg at medlem av kongefamilien som ikkje vart førebudd til å regjere eller kunne forvente å stige på trona, fann si karriere innan kyrkja.

Hovuddelen av dette kapitelet skal kaste lys på kongens rolle i rettssaka mot grev Rantzau og konflikta mellom kongen og hertug Christian Albrecht. Kjeldematerialet eg har vald å bruke i denne delen av oppgåva består av offentlege brev sendt frå kongen til retten i Glückstadt, brevveksling mellom kongen og hertug Christian Albrecht, og brev sendt til grev Rantzau. Brev er sendt på forskjellige tidspunkt gjennom rettsprosessen mot grev Rantzau. I tillegg vil eg bruke historiske framstillingar av Slesvig og Holstein i perioden etter innføringa av eineveldet. Hertug Christian Albrecht representerer og ein politisk aktør i rettssaka mot grev Rantzau. Hans rolle er derimot meir i bakgrunnen, ettersom han ikkje var til stades i Holstein men oppheldt seg i Hamburg til etter rettssaka var over.

Til slutt vil eg sjå på grev Rantzau si rolle som adelsmann ved å samanlikne rettssaka hans med rettssaka mot godseigaren Jørgen Arenfeldt i Danmark rundt same tid, og ved å sjå på korleis greven var med på å gjere seg sjølv til ein politisk aktør.

## 5.1 Tidsperspektivet på den politiske posisjonen til greven

Grev Christoph von Rantzau vaks opp i ei tid då adelsmenn vart høgt akta, og såg i laupet av sitt vaksne liv eit maktskifte som ikkje var til eigen fordel. Då hans foreldre og besteforeldre var godseigarar, var dei ein del av ei større gruppe som sat med mykje av den praktiske jurisdiksjonen i Holstein. Trass i at den danske kongen var hertug av Holstein etter 1474, var det fram til 1671 menn frå dei store adelsfamiliane, som t. d. Rantzau, Reventlow, Ahlefeldt og Rumohr, som i røynda styrte det meste av

---

<sup>178</sup> Meir om Cai Rantzau i kapitel 6.

Holstein.<sup>179</sup> I 1680-åra var ikkje lenger administrasjonsstillingane førehaldt desse adelsfamiliane, og grev Rantzau fekk ikkje lenger nyte særskilde privileger som ikkje menn frå borgarstanden og kunne oppnå gjennom rikdom. Korleis dette maktskiftet fungerte i praksis er meir komplisert, ettersom adelsfamiliane som oftast arrangerte giftarmål som styrka band til andre adelsfamiliar og dermed sørgja for samfunnsstandens vidare eksklusivitet. Grev Rantzau sine religiøse haldningar var noko som i auga til den i hovudsak protestantiske adelen og myndigheitene høyrde til det førre hundreåret, noko som kan ha ført til at hans band til dei andre medlemmane av adelen ikkje var like sterkt som det kunne ha vore. I 1686, då trolldomsrettssakane i Schmoel og Övelgönne fann stad, var grev Rantzau blitt 66 år og hadde levd eit langt og innhaldsrikt liv med mykje reising. Han hadde levd som protestant og seinare konvertert til katolisisme.<sup>180</sup> På sine eldre dagar vart Rantzau av andre, særleg av pastor Linekogel, oppfatta som ein radikal katolikk. Dette vart støtta opp under av det faktum at han gav betydeleg store pengegåver til grupper av jesuittar som jobba for å konvertere personar fleire stader i Norden til den gamle trua.

Christoph Rantzau fekk grevetittelen i 1651 grunna hans katolske konvertering.<sup>181</sup> Kong Christian V opna i 1671 for at alle med ein viss størrelse på eigedommane sine kunne oppnå titlar som auka deira politiske makt, noko han gjorde for å minka makta den gamle adelen i Slesvig og Holstein haldt over styringa og jordeigedomane i området. Kongen hadde opna for aksept av nokre religiøse grupper, og katolikkar vart på papiret tolerert.<sup>182</sup> Så lenge greven ikkje var ein trussel for kong Christian V, var det ikkje noko som stod i vegen for at han skulle få behalde grevetittelen ettersom han eigde betydelege eigedommar og var ein rik mann med forbindelsar i både Roma, Amsterdam og det tysk-romerske riket. Grev Rantzau sine koplingar til den gamle adelen gjennom sitt slektsnamn var ikkje sterke nok til at dette åleine skulle spele mot han, ettersom trusselen adelen utgjorde var knytt til adelen sitt ynskje om monopol på stillingar i statsforvaltninga og negative haldning til ei eventuell innviing av Holstein under den danske krona. Grev Rantzau hadde ikkje vist slike ambisjonar, men var meir oppteken av å leggje til rette for katolsk

---

<sup>179</sup> Brandt, O. (1926), s. 92-93

<sup>180</sup> Prange, W. (1965), s. 19

<sup>181</sup> Rantzau vart opphøga til *Reichsgraf* av keisar Ferdinand III, og fekk ein plass i *Reichshofrat*. Han hadde denne posisjonen fram til keisaren døydde. Prange, W. (1965), s. 26

<sup>182</sup> Jesuittar og jødar fekk ikkje opphalde seg i landet utan å be om løyve frå kongen.



religionsutøving og å investere pengar i byggjeprojekt som til dømes katolske skular.<sup>183</sup>

Kongen var og forsiktig med å ikkje øydeleggje forholdet til dei adelege familiane i Holstein, ettersom han trengte støtte for å halde på makta som eineveldig konge, og Holstein hadde sterke band til det tysk-romerske riket og Hamburg. Vi ser dette i konflikta mellom kong Christian V og hertug Christian Albrecht som prega heile tiåret som grev Rantzau sitt nederlag fann stad i. Tysk skulle framleis vere administrativt språk i Holstein, og adelsmenn hadde rett til å anke sakar til rikskammarretten.<sup>184</sup> Den tysk-romerske keisaren Leopold I hadde nok innflytelse til å leggje press på kong Christian V for å la hertugen halde på si maktposisjon, noko keisaren gjorde for å halde Holstein innanfor eigen jurisdiksjon.

Når grev Rantzau då vart klaga inn for brot på reglar for rettsprosess, var han i utgangspunktet i ein privilegert posisjon grunna hans politiske og adelege status. Hadde han vore i akkurat same posisjon og rettssaka mot han hadde funne stad 30-40 år tidlegare, er det sannsynleg at han ikkje hadde blitt dømt i landsretten. Det er til og med sannsynleg at han ikkje hadde blitt stilt for retten eller fått konsekvensar for si framferd i det heile. I 1620-talets tysk-romerske rike finn vi fleire tilfelle der trolldomsprosessane gjekk ut av kontroll i så stor grad at dei byrja å spreie seg oppover i dei sosiale klassane, med Trier, Bamberg og Würzburg som typiske eksempel på korleis ein slik situasjon kan utarte seg. Det var først når dette skjedde at keisaren braut inn og sette ein stoppar for framhaldet av prosessføring. I tillegg er det usannsynleg at grev Rantzau sine handlingar ville blitt sett på som like alvorlege overgrep, eller at pastor Linekogel hadde blitt høyrd i retten dersom alle dommarane var adelsmenn med lite respekt for allmugen.

## 5.2 Kong Christian V av Danmark-Noreg si rolle i konflikta:

Christian V var konge av Danmark og Noreg frå 1670 til 1699, og er kjend i historiebøkene som Danmark-Noregs andre eineveldige konge<sup>185</sup>, og den første til å bli salva til konge i staden for å bli krona. Byrjinga av hans regjeringstid var prega av den skånske krig, som tok slutt i 1679. I tillegg hamna han som eineveldig konge

---

<sup>183</sup> Prange, W. (1965), s. 57-75

<sup>184</sup> Unntaket var straffesakar. Dette unntaket var grunnen til at grev Rantzau fekk avslag på anken han sendte til rikskammarretten.

<sup>185</sup> Hans far Frederik III av Danmark-Noreg innførte einevelde i 1660, lovfesta i 1665.

fleire gongar i konflikt med hertug Christian Albrecht, som var ivrig etter å behalde så mykje makt som mogleg i dei gottorpske områda i Slesvig og Holstein. Konflikta var framleis pågåande i byrjinga av rettsprosessen mot grev Christoph Rantzau. Kong Christian V forsøkte å konsolidere makta si i 1684 ved å beleire gottorpske landområde i Slesvig. Han gav ikkje tilbake områda til hertugen før fem år seinare, ein prosess vi skal sjå nærare på i neste delkapitel.<sup>186</sup>

I motsetnad til sin bestefar Christian IV, var ikkje Christian V personleg nokon ivrig forkjempar for trolldomsprosessar og trolldomslovgjevingar. Sjølv om det i det nye lovverket for Danmark frå 1683 vart fastslått at det framleis var dødsdom for å inngå djevlepakt<sup>187</sup>, førte reskriptet frå 1686 til at det vart vanskelegare å gjennomføre trolldomsprosessar i Danmark. Talet på personar dømde for trolldom i Danmark falt kraftig etter kong Christian IVs død i 1648. Likevel vart siste person avretta for trolldom i Danmark så seint som i 1693.<sup>188</sup> I Noreg fann siste kjende avretting stad i 1695, og særleg i Finnmark finn vi mange trolldomssaker i 1660-åra.

Kong Christian V vart blanda inn i rettssaka mot grev Rantzau etter at trolldomsprosessane i Gut Schmoel og Gut Övelgönne fann stad. Som greve hadde Christoph Rantzau fått sine privilegium av den tysk-romerske keisar Ferdinand III, men den danske kongen kunne ta vekk desse privilegia som kom med grevetittelen dersom grev Rantzau vart funne skuldig i å misbruke si rolle. Etersom Christoph Rantzau hørde til den adelege Rantzau-familien, var dette familieforholdet ei naturleg kjelde til konflikt med kongen av Danmark-Noreg. Christian V hadde etablert eineveldet for å konsolidere si makt i alle område av sitt rike, noko som særleg gjekk på kostnad av adelen i Slesvig og Holstein. Eineveldet auka kongens råderett, og som ein konsekvens var eineveldet ein trussel mot adelen samstundes som adelen potensielt var ein trussel mot eineveldet.

Sebastian Olden-Jørgensen skriv i artikkelen "Christian V's og Frederik IV's politiske testamenter" frå 1996 at «Christian V frygtede som nævnt først og fremmest de adelige civilebedsmænd f. eks. I højesteret og godsejerne ude i landet. Han

---

<sup>186</sup> Thygesen, F. (1982), s. 64

<sup>187</sup> «Befindis nogen Troldmand eller Troldqvinde, at have forsoret Gud og sin hellige Daab og Christendom, og hengivet sig til Dievelen, den bør levendis at kasty paa Ilden og opbrændis.» Christian V's Danske Lov (6-1-9).

<sup>188</sup> Anne Palles var den siste dansken som vart avretta for trolldom. Ho vart avretta i 1693 etter å ha blitt dømd av *Højesteret*. Seinare finn vi sakar der personar vart dømde til avretting for t. d. spotting av Gud, men der tiltalane var indirekte basert på angiveleg bruk av trolldom. Knutsen, G. W. (2005), s. 608

frygtede den snigende udhuling af den enevældige magtfulde i den daglige administrasjon.”<sup>189</sup>

Grev Rantzau hørde til denne gruppa av adelege godsherrar, og hadde som greve ansvar for den daglege administrasjonen ved sine gods i form av oversjåing av korrekt rettspraksis i sivile søksmål, korrekt føring av rekneskap over godsets fortjeneste og innkrevjing av ressursar frå liveigne og andre som arbeidde i tilknytning til godset. Lokalsamfunnet hadde difor ikkje særleg mykje å gjere med kongens einevelde i sitt daglege liv, og greven vart deira link til det politiske landskapet. Det var dette scenarioet kong Christian V ville unngå etter innføringa av eineveldet, då målet hans var at befolkninga i Holstein skulle vere hans subjekt.

Den mangeårige konflikta mellom Christian V og Christian Albrecht var såpass alvorleg at Christian Albrecht opphaldt seg i eksil i Hamburg i fleire år. Denne perioden inkluderte tida under grev Rantzau si rettssak, og difor hadde ikkje hertugen noko reell innverknad på korleis denne rettssaka gjekk føre seg. Dette gav kong Christian V ein moglegheit til å kvitte seg med ein adelsmann og katolikk som representerte ein trussel mot den religiøse politikken kongen førte, samt ein mann med lite respekt for eineveldet og det etablerte rettssystemet i Holstein.

I eit brev frå kong Christian V til retten i Glückstadt i november 1687 uttaler kongen: «(...) at den pågåande inkvisisjonsprosessen mot greven frå Rantzau, som på ulovleg vis har avretta personar på grunn av trolldom, ikkje treng setje seg fast i retten (...)»<sup>190</sup> Vidare kan vi sjå på ordbruken i dette tekstutdraget. Kongen refererer til avrettingane greven fekk gjennomført som ulovlege, spesifikt at dei vart gjennomført «på ulovleg vis». Dette brevet vart sendt før retten hadde ferdigbehandla søksmålet mot greven. Her ser vi altså ein konge som forhalt seg til saka med lite tolmod. Han meiner at ei slik rettssak ikkje treng oppta retten lenge og at dei berre må sjå å få han dømd, noko som kan tyde på at kongen allereie har førehandsdømt greven. Det er difor tydeleg imot kongens hensikt at rettssaka mot grev Rantzau ikkje vart avslutta før fire år etter at den starta.

Vi ser i innleiinga i dette brevet at kongen nemner seg sjølv som regjerande hertug over Slesvig og Holstein, samt over dei omkringliggjande områda. Dette er eit politisk lada ordval, då han ifølgje lova var medhertug av Slesvig og Holstein og ikkje

---

<sup>189</sup> Olden-Jørgensen, S. (1996) S. 334

<sup>190</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 166. Brev frå Christian V til retten i Glückstadt datert 1. november 1687

skulle ha administrativ makt over områda som høyrde til Gottorp-familien. Særleg var dette viktig for Holstein, som ikkje var ein del av det danske riket.

Dette brevet er ein del av rettssaka, og er viktig fordi det kjem direkte frå danskekongen og omhandlar rettssaka mot grev Rantzau. Kongen adresserer her retten i Glückstadt, og oppfordrar retten til å kome fram til ein konklusjon i saka mot grev Rantzau.

For å utvide kongens perspektiv, må vi sjå vidare på breva som vart sendt etter at rettssaka hadde starta. Kong Christian viser ingen vilje til å henleggje rettssaka mot grev Rantzau, til trass for at den strekte seg ut over ein mykje lengre tidsperiode enn det nokon av partane ynskja. Han vart stadig underretta om saksgongen, og nekta greven å vidare anke dommen til rikskammerretten ved å appellere til keisar Leopold I. Her ser vi altså ein konge som aktivt går inn i rettssaka for å sikre seg det utfallet han ynskja, noko som kravde ekstra innsats med tanke på at rettssaka omfatta Holstein og ikkje ein fullstendig del av det danske eineveldet. I tillegg fekk Christian V støtte hos sin elles så fiendtleig innstilte medhertug Christian Albrecht, noko som i seg sjølv er interessant med tanke på at greven aktivt forsøkte å sikra seg den holsteinske medhertugens støtte ved å spele på det dårlege forholdet hertugen hadde til danskekongen. Grunnar til at grev Rantzau ikkje lukkast med å sikre seg støtte frå hertugen kan ha vore fleire. Det er mogleg at hertug Christian Albrecht ikkje ynskte å fyre opp ekstra under konflikta mellom han og danskekongen, og at han ynskte å søkje forsoning. Det er og mogleg at hertugen ikkje ynskte å gå god for ein greve som hadde brote lova og misbrukt sine privilegium. Ein tredje grunn kan vere at hertugen ikkje ville støtte greven fordi Rantzau hadde konvertert til katolisismen.

På denne tida hadde grev Rantzau flykta til Köln i vente på at rettssaka mot han skulle verte ferdig.<sup>191</sup> Det faktum at Rantzau ikkje opphaldt seg i området mens rettssaka føregjekk, men til og med flykta ut frå hertugdømet, kan tyde på at han frykta konsekvensane av sine handlingar. Grev Rantzau visste at kong Christian V ville få han dømd og fråteke sine privilegium som greve, og gjorde som vi har sett alt han kunne for å finne feil ved saka og få den utsett. Det faktum at han reiste frå landet så snart han fekk nyss om ei nært føreståande rettssak, kan tyde på at greven såg på saka si som håplaus frå byrjinga grunna hans manglande støtte frå kongen.

---

<sup>191</sup> Brev greven sendte til kongen og retten er posta frå Köln.

Dersom grev Rantzau frykta konsekvensar frå hans rolle i trolldomsprosessane, og ettersom han og forsøkte seg på svartmåling av pastor Linekogel for å styrke si eiga sak, kan det og tyde på at greven med vilje braut retningslinjene han måtte forhalda seg til i Carolina-lova. Dette er derimot ikkje ein konklusjon eg ynskjer å trekkje, ettersom det er umogeleg å vite kva grevens motiv var bak trolldomsprosessane, samt at han tidlegare hadde ført trolldomssaker utan å møte på noko form for konsekvensar. Det vi derimot kan seie er at grev Rantzau viste ei viss arroganse både når det gjaldt eigne evner til å vurdere trolldomsprosessane, og i sin måte å handtere rettssaka han fekk mot seg. Eventuelle konsekvensar greven stod ovanfor var tap av privilegium og eigedom, samt økonomiske tilleggsbelastningar i form av bøter. Han kom aldri til å reise tilbake til hans eigedomar i Slesvig og Holstein.<sup>192</sup> Dermed var kongen fri til å redistribuere grev Rantzau sine eigedomar til personar som ville representere eineveldet og ikkje utgjorde ein potensiell trussel mot kongemakta.

### 5.3 Fyrst Christian Albrecht av Slesvig-Holsten-Gottorp og konflikta med Christian V

Som vi har sett, var maktkonflikta mellom medhertugane sentral for forståinga av det politiske samfunnet i Holstein på 1680-talet. For å forstå kva denne konflikta mellom hertugane verkeleg bunna i, må vi sjå tilbake på historia til områda Slesvig og Holstein og huset Slesvig-Holsten-Gottorp. I dette delkapitelet står H. V. Gregersens verk *Slesvig og Holsten før 1830* sentralt som referanseverk for dei politiske konfliktane som fanst mellom Holstein, fyrstehuset Slesvig-Holsten-Gottorp og kong Christian V av Danmark-Noreg frå 1660-åra og fram til begge medhertugane sin død i 1695 og 1699. Blant tyske verk finn vi Otto Brandt sitt verk frå 1926, *Geschichte Schleswig-Holsteins. Ein Grundriß*. Dette verket er svært kortfatta og datert, men gjev ei oversikt over dei to hertugdømma si felles historie frå eit tysk perspektiv. Heilt sidan danninga av den danske staten har områda Slesvig og Holstein si statstilhøyrslle vore eit omdiskutert tema. Situasjonen på 1600-talet var som nemnd at kongen var medhertug av Holstein og Slesvig, men i tillegg skulle dei gottorpske områda være sjølvstendige og underlagt hertugen av Slesvig-Holsten-Gottorp. Etter

---

<sup>192</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 98

innføringa av eineveldet var det då naturleg for fyrst Christian Albrecht å sjå til Sverige for støtte til å oppretthalde dette sjølvstendet.

Gregersen har skrivt eit verk om historia til Slesvig og Holstein før 1830 der han skriv om Christian Albrechts frieri til Sverige: «På grund af sit modsætningsforhold til Danmark-Norge kunne intet andet land være mere interesseret i at opretholde det lille hertugdømmes uafhængige stilling.»<sup>193</sup> Dette frieri til Sverige viste seg å ikkje være til hertugens fordel. Ved å inngå denne alliansen, førte hertugen Gottorp og alle områda han regjerte over inn i ein større, kontinental konflikt som potensielt kunne ende med at desse områda vart okkuperte av kong Christian V. I tillegg til Sverige, som hadde særskild interesse av alliansen med den gottorpske hertugen i form av handelsavtalar, gjekk hertugen indirekte inn i ei allianse med Frankrike. Som motsvar allierte kong Christian V seg med keisaren av det tysk-romerske riket. Når Sverige då gjekk inn i Brandenburg og den skånske krig drog både Danmark-Noreg, Sverige og nordlege statar i det tysk-romerske riket inn i ei større konflikt som strakte seg over fleire år, fekk kong Christian V då moglegheit til å utnytte situasjonen og ta kontroll over hertugens områder i Slesvig og Holstein. I tillegg kunne han sikre seg makta over Oldenburg og Delmenhorst, som og var omdiskuterte områder etter at hertugen der døyde utan arvingar. I 1679 fekk hertugen tilbake sine områder etter at den franske hæren hadde invadert Oldenburg, noko som førte til nokre år med fred.<sup>194</sup>

Då kong Christian V inngjekk ein allianse med Solkongen, vart det igjen eit betent forhold mellom dei to hertugane. I 1684 eskalerte denne konflikta då hertugen igjen flykta til Hamburg og kongen igjen beleira dei gottorpske områda med danske soldatar. Adelsmennene og embetsmennene som tidlegare hadde nekta å sverje ed til danskekongen vart no pressa til å gjennomføre dette slik at Gottorp vart fullstendig inkorporert i det danske riket. Denne situasjonen varte heilt fram til Altona-freden i 1689. I løpet av desse åra opphaldt då hertugen seg i Hamburg, men hadde eigentleg ikkje særlege støttespelarar utover Sverige. Dette tyda at kong Christian V då kunne krevje inn skattar frå dei gottorpske områda, samt utnemne sine egne støttespelarar i sentrale maktposisjonar. Her finn vi då og ei kopling til grev Christoph Rantzau si stilling. Reventlow, som fekk overteke godsa Schmoel og Hohenfelde nokre år etter at Rantzau tykkja det naudsynt å selje, var ein av dei adelsmennene

---

<sup>193</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 350

<sup>194</sup> Oversikta er basert på Gregersen, H. V. (1981), s. 352-360

med sterke band til danskekongen.<sup>195</sup> Det at han overtok gods som i utgangspunktet hørte til den holsteinske adelen var med på å konsolidere kongemakta i det austlege Holstein.

Handlingsforløpet her viser tydeleg at Christian V hadde eit mål om å utvide sitt jurisdiksjonsområde så mykje som mogleg for å auke eiga makt og rikdom. Då er det ikkje overraskande at det var Christian Albrecht som fekk kjenne konsekvensane av danskekongens ambisjonar tydeleg på kroppen, ettersom eineveldets utviding var ein trussel mot hans eiga makt og rikdom og han difor stod i vegen for danskekongens planar. Hertugens embetsmenn og geistlege fekk og oppleve presset som kom med konfliktane då dei vart forsøkt tvungne til å underkaste seg danskekongens suverenitet i staden for Christian Albrecht som dei hadde sverja eid til.<sup>196</sup> Kjeldematerialet tilgjengeleg frå grev Rantzau si rettssak fortel ikkje noko om at greven var direkte innblanda i denne konflikta, men som eit medlem av adelen påverka konflikta likevel hans posisjon og sikkerheit.

Det faktum at Christian V og Christian Albrecht skulle fungere som medhertugar var spesielt viktig for å oppretthalde ei viss kjensle av sjølvstendigheit og eining mellom folket som var busett i områda i Slesvig og Holstein. Folket der var i ei mellomstilling mellom dansk og tysk-romersk identitet, men kjende først og fremst tilhørsle til den eininga som var Slesvig og Holstein. Fyrstehuset Slesvig-Holsten-Gottorp representerte denne ideen om Slesvig og Holstein som det øvste og mektigaste leddet av den gamle adelen i området. Dette hadde ikkje så mykje å gjere med sjølve familien, ettersom Gottorp-familien var ei grein av fyrsteslekta Oldenburg, den same familien som hadde makta i Danmark. Det hadde meir å gjere med at delinga av hertugdøma var med på å hindre full innlemming i det danske kongedømet.

Utover året 1688 finn vi brevkorrespondanse i fleire retningar. Fyrst Christian Albrecht har og eit par innspel som vi må sjå på for å vidare gå inn på det politiske aspektet ved rettssaka. I brevet hans frå 10. desember 1687 ber fyrst Christian Albrecht retten om å ta opp saka til grev Rantzau og behandle denne nøye for å kome fram til ei rettferdig avgjersle.<sup>197</sup> Dette brevet liknar det som kong Christian V sendte ein månad tidlegare, med eit viktig unntak av ordvalet fyrsten vel å bruke når

---

<sup>195</sup> Prange, W. (1965), s. 104

<sup>196</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 355

<sup>197</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 414-415

han omtaler kongen og han sjølv i forhold til deira respektive roller som fyrster. Christian Albrecht vel å leggje vekt på det faktum at dei begge er «hertugar av Slesvig, Holstein, Stormarn og Ditmarsken, grevar av Oldenburg og Delmenhorst og fetterar, svograr, brødrar og einingar».<sup>198</sup>

I motsetnad til hertugen, vel kongen å ikkje framheve hertugen i sine brev. Ein grunn til dette er at kongen av natur motsette seg å bli nemnd som sidestilt med hertugen. Som eineveldig konge skulle han være utpeikt av Gud til å styre, ein ide som ikkje stemde overeins med den ordninga som fanst i Slesvig, Holstein og områda rundt. I realiteten var han medhertug og medgreve i områda som låg sør for Eideren. Hertug Christian Albrecht var oppteken av å framheve dette maktforholdet for å validere si eiga stemme og si eiga stilling i samfunnet.

Ettersom den pågåande konflikta mellom kongen og hertugen heldt hertugen vekke frå hans hertugdøme under rettssaka mot grev Rantzau, er den informasjonen som ligg skjult i hertugen sine brev eit vindaug inn i korleis denne konflikta påverka samtidige hendingar og rettspraksis. Rettssaka er samstundes eit godt eksempel på ei sak kongen og hertugen kunne einast om. Ettersom hertugen ikkje var til stades i landet, hadde det ikkje vore mykje hertugen kunne utrette sjølv om han hadde hatt eit anna syn på greven si sak. Vi finn uansett ikkje noko indikasjon på at han var ueinig i verken stevjinga eller utfallet av rettssaka mot greven.

I 1689 måtte kongen gje etter for krava om at hertugen skulle få tilbake landområde og privilegium som høyrde til hertugtittelen i dei gottorpske områda i Slesvig og Holstein. Dette måtte han fordi hertugen fekk støtte frå både keisar Leopold I, Sverige og England, samstundes som kong Ludvig XIV hadde advart om at Frankrike ikkje ville sende militære styrker for å støtte den danske hæren i ein eventuell krig.<sup>199</sup>

Grev Christoph Rantzau forsøkte å appellere til hertug Christian Albrecht og utnytte fiendskapen mellom hertugen og kongen for å få støtte i rettssaka si. Denne taktikken fungerte ikkje, då hertugen stilte seg bak kongens vilje i rettssaka mot grev Rantzau. Konflikta mellom partane hadde likevel innverknad på rettssaka ved at den vart utsett til etter fredsavtalen i Altona i 1689. Konflikta mellom kong Christian V og hertug Christian Albrecht varte livet ut.

---

<sup>198</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 414. Eigen overs. Brev frå Christian Albrecht til Christian V datert 19. september 1687

<sup>199</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 358-359



#### 5.4 Kva skilde Rantzau frå andre adelsmenn i si samtid

Ettersom det er grev Christoph Rantzau si rettssak som skapar ramma rundt denne teksten, er det naturleg at vi og ser på grevens rolle i lys av hans likemenn i Holstein i den same tidsperioden. Dersom politiske motiv for å fjerne grev Rantzau frå sin posisjon finst, er eit slikt motiv personleg retta mot grev Rantzau eller er det retta mot den samfunnsgruppa han høyrde til? For å finne ein indikasjon på kva som var tilfellet, kan vi stille spørsmålet: Dersom vi tek bort grev Rantzau frå si rolle i trolldomsrettssakane, hadde då utfallet vore det same?

Som nemnd, stod heile den gamle holsteinske adelen i eit symbolsk opposisjonsforhold til den eineveldige kong Christian V. Ideen om eit udeleleg Schleswig-Holstein var sentral heilt frå starten av perioden med dansk overherredømme i Slesvig.<sup>200</sup> Samstundes hadde kongen ei interesse av å oppretthalde eit godt forhold til dei adelsmennene som ikkje opent uttrykte motvilje mot å underordne seg kongemakta, ettersom det å ha innflytelsesrike og lojale menn i sentrale posisjonar i eit område som vart sett på som framandt land kunne styrke hans eigen maktposisjon. Sjølv om kongen på papiret hadde makta til å fjerne personar frå høgare stillingar og erstatte desse med kven han ville, fungerte ikkje systemet slik i praksis. Dersom kongen skulle halde på makta i Holstein, som teknisk sett ikkje var ein del av det dansk-norske riket, måtte han til ei viss grad ta omsyn til adelen og deira privilegium for at dei skulle finne seg i at ein dansk konge skulle fungere som øvste autoritet i spørsmål som omhandla hertugdømet. Difor kan det virke som at ein situasjon der ein adelsmann bryt lova og kan stillast for retten var ein enkel måte for kong Christian V å fjerne politiske motstandarar. På same måte brukte Christian V ein liknande metode for å rettferdiggjere eit militært angrep på hertugen av Gottorp.<sup>201</sup>

I tilfellet med grev Rantzau, er det vanskeleg å finne openberre indikasjonar på at kongen såg på han som ein politisk motstandar. Det er heller ikkje tydelege indikasjonar på at kongen såg på greven som ein religiøs motstandar. Vi må inkludere handlingsforløpet i denne situasjonen, sidan grev Rantzau utvilsamt hadde ein stor del av skulda for sin eigen undergang. Difor er det og relevant å sjå på forholda som la grunnlaget for at greven skulle bli stilt for retten for å sjå om desse

---

<sup>200</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 180

<sup>201</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 353-355

forholda kan danne eit argument for at trolldomsprosessane kunne ha funne stad utan den respektive greven ved styret. Klagane som sette i gong prosessane hadde trass alt blitt satt fram frå Hinrich Harder og J. W. Stodtmeister, og ikkje av greven sjølv.<sup>202</sup> Den andre Schmoel-prosessen er eit enda betre eksempel på at ein slik prosess var avhengig av eit ynskje frå dei liveigne bøndene om å stille sine naboar for retten. Godsforvaltar Augustin Thein har vist seg å ha ei aktiv rolle under rettsprosessane. Om hans rolle er farga av at han fungerer som ein representant for grevens vilje eller om han personleg ynskja å få i gong trolldomsprosessar er vanskeleg å tolke ut frå kjeldematerialet. Han oversåg rettspraksisen der greven ikkje tok ei aktiv rolle, til dømes då pastor Linekogel låg fram informasjon han hadde tileigna seg gjennom avhøyr av dømte fangar.<sup>203</sup> I tillegg er det Thein som har skrive ned materialet som finst frå trolldomsprosessane, og kvaliteten på informasjonen ein finn der og eventuelle delar som er utelete frå protokollane var difor teknisk sett hans skuld, om det enn var greven som hadde det overordna ansvaret for oversynet av rettsprosessen.

Kva grad av respekt kunne greven forvente å få frå retten basert på sin stand? Var han viktigare i sitt eige hovud enn det vi kan tolke ut frå behandlinga han fekk av samfunnet? Vi har no sett at grev Rantzau sin skjebne var ganske unik i forhold til andre adelsmenn i hans stand. Sjølv om andre personar kunne miste sine posisjonar anten grunna konflikter med høgareståande personar eller grunna gjeld, finn vi få andre tilfelle frå denne tidsperioden der medlemmar av adelen vart rettsforfølgd for å føre trolldomsprosessar. Det skal og seiast at vi finn svært få grevar og godseigarar som førte trolldomsprosessar i stor skala dei to siste tiåra av 1600-talet.<sup>204</sup> Ein parallell vi kan trekkje er til Jørgen Arenfeldt på Rugård i Danmark, ei sak Gustav Henningsen har sett nærare på i verket *Heksejægeren på Rugård*.<sup>205</sup> Til trass for at lovgjevinga i Danmark og Holstein var forskjellig, kan vi gjennom å sjå på Rantzau og Arenfeldt som adelsmenn i retten få eit inntrykk av den generelle haldninga til såkalla «heksejagarar» på 1680-talet. Begge mennene hadde jurisdiksjon over sine

---

<sup>202</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 11-12

<sup>203</sup> Pastoren tok og opp denne informasjonen direkte med greven. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 365. Datert 27. Juni 1688

<sup>204</sup> I følge Schulte sitt register finn vi seks andre trolldomsprosessar i Holstein på 1680-talet, der fem av desse enda med dødsstraff og ein med landsforvising. Sjå Schulte, R. (2001), s. 142

<sup>205</sup> Henningsen, G. (1991), *Heksejægeren på Rugård*.

eigedomar, Arenfeldt ved å kunne føre birkerett,<sup>206</sup> og Rantzau fordi godseigarane i Holstein hadde strafferettsleg jurisdiksjon over sine liveigne. Arenfeldt vart skulda for "(...) æresforulempelse (6-21-2), bagtalelse (6-21-3) og udbredelse af løgne om hæderlige personer (6-21-7)."<sup>207</sup> Han vart dømt av *højesteret* til å «(...) miste sin birkeret, som han har misbrugt, og betale 500 rigsdaler til Kvæsthuset (...) og andre 500 rigsdaler til Christianhavns kirke (...)."<sup>208</sup> Nokre av høgsterettsdommarane ville dømme han til straffarbeid, ettersom det var denne straffa som var nedfelt i det danske lovverket. Grunna sin adelege bakgrunn, vart han derimot dømd til ein mildare straff, sjølv om 1000 riksdalar var ein stor sum å betale.<sup>209</sup> Vi har ikkje dekning i kjeldene for å seie om han betalte heile bota.

Grev Rantzau si dom i landsretten i Flensburg var tilsvarande den Arenfeldt fekk av høgsterett i Danmark. Han mista sitt privilegium til å føre rettssaker ved godsane sine, og vart dømd til å betale bot og sakskostnader, men han vart ikkje dømd til noko form for straffarbeid, fysisk straff eller avretting grunna sin stilling som adelsmann. Då han hadde rømd landet, vart han ikkje vidare rettsforfølgd etter 1690 sjølv om han aldri betalte heile beløpet. I staden selde han alle eigedommane i Holstein og Danmark og brukte pengane på å støtte jesuittgrupper og katolske verksemder i Köln, samt på reiser rundt i Europa.<sup>210</sup> Ettersom han i sine siste leveår ikkje lenger hadde sine eigedomar og inntektene han fekk frå desse, er det faktum at han kunne halde fram med pengebruken og etterlate seg betydelege summer ved sin død ein tydeleg indikasjon på korleis grevens adelege bakgrunn gjorde han nærast immun mot rettsforfølging i stor grad.

Dersom ein skal basere svaret på dette spørsmålet i framstillingar av greven i rettsmateriale frå retten i Glückstadt, finn vi eit tvitydig svar. Greven vert nemnd med alle formelle benemningar som høyrer til hans sosiale stand, og vert som oftast omtalt som «Christoff, greve av Rantzau».<sup>211</sup> Retten tek og tilsynelatande utgangspunkt i at grev Rantzau er ein ærleg og reieleg person basert på det faktum at han har fått den rolla han har som greve og godseigar. Dette biletet av greven som ein positiv figur vert då motsagt ettersom påstandane mot han vert underbyggja med

---

<sup>206</sup> Birkeretten var retten adelsmenn, grevar og baronar hadde til å føre straffesaker utanfor dei etablerte domstolane. <https://snl.no/birk>

<sup>207</sup> Henningsen, G. (1991), s. 155

<sup>208</sup> Henningsen, G. (1991), s. 159

<sup>209</sup> Omtrent ein halv million danske kroner. Henningsen, G. (1991), s. 160

<sup>210</sup> Prange, W. (1965), s. 89-93

<sup>211</sup> Greven vert tiltalt slik i alle breva i kjeldematerialet. LASH Abt. 11 Nr. 164

bevis og vitneutsegn. Ut frå denne utviklinga kan vi ikkje berre ved å vurdere kjelder som retten har utstedt konkludere med at retten gav greven eit dårleg utgangspunkt. Ein viss arroganse frå grevens side vart likevel vektlagd i dommen mot greven, men denne skuldast breva greven skreiv til sitt eige forsvar, der han til dels gjekk til angrep på både retten, kongen og pastor Linekogel, samt at han framstilte seg sjølv som ein helgen som kjempa for sine liveigne, sin religion og mot urettmessige politiske og personlege angrep.

### 5.5 Kva kan vi konkludere?

Kan vi då ut frå denne informasjonen konkludere med at politikk hadde ei avgjerande rolle for at grev Rantzau vart stilt for retten, dømd og fråteken tittel og eigedom?

Hadde desse trolldomsprosessane i det heile hatt konsekvensar for grev Rantzau dersom han ikkje hadde vore i ei stilling som stilte han i opposisjon til kongen? Kong Christian V's haldningar til den holsteinske adelen kan tyde på at kongen såg på grev Rantzau som ein politisk opponent. Adelsfamilien Rantzau hadde stor makt i Holstein, og fleire av familiemedlemmane var i kongens teneste på tidspunktet for rettssaka til grev Rantzau. Samstundes var det og medlem av denne familien som etter innføringa av eineveldet fekk avgrensa moglegheiter til å stige i gradane. Eit eksempel på dette er oppseiinga av Christian Rantzau i 1721. Han hadde vore krigskommissær frå 1713 under den store nordiske krig, men vart fråteke stillinga grunna kong Frederik IV si mistru mot den gamle adelen.<sup>212</sup>

Det er derimot ein ting å seie at greven var ein potensiell trussel mot kongemakta, og noko anna å seie at eit slikt faktum hadde direkte innverknad på den faktiske saka. Dette er umogleg å kome til ein eintydig konklusjon på. Noko tydeleg politisk motiv kjem ikkje eksplisitt fram i rettsmaterialet. Vi er difor avhengige av å tolke kongens generelle haldningar til sine adelege subjekt, samt innhaldet i kongebrev og breva frå Christian Albrecht. Her kjem heller ikkje noko politisk motiv fram utan at ein må lese litt mellom linjene og ta omsyn til eventuelle dobbeltydingar.

Ein faktor vi derimot ser tydeleg spegla i vårt materiale er grevens personlege tankar rundt sin posisjon og motivasjonar andre har for å fjerne han frå denne posisjonen. Det kan virke som at grev Rantzau vurderte sine moglegheiter til å vinne ei rettssak i Holstein som minimale.<sup>213</sup> Hans argument om at hans religion førte til

---

<sup>212</sup> Olden-Jørgensen, S. (1996), s. 333

<sup>213</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 98

diskriminasjon frå kongen og retten skal utdjupast i neste kapittel. Religion og politikk er derimot ikkje nødvendigvis noko som alltid kan skiljast. Kongens restriksjonar på religionsutøving var politisk motivert, slik andre europeiske statars val av statsreligion var politisk motivert. Det at greven såg mot det tysk-romerske riket og keisar Leopold I for støtte var ikkje berre ei handling motivert av mangel på andre moglegheiter for å sikre sin posisjon, eller noko han gjorde for å få validert at hans handtering av trolldomsprosessane kunne rettferdiggjeras.<sup>214</sup> Det er og eit teikn på at greven identifiserte sine verdiar med dei katolske han fann i dei sørlege statane av det tysk-romerske riket, verdiar som ein og fann i Holstein 150 år tidlegare.

## 6 Greven og religionen

Nedgangstida til trolldomsprosessane har allereie vorte presentert som ein faktor, men for å verkeleg forstå denne rettssaka må vi trekkje direkte linjer mellom trolldomstrua som stod sterkt hos både bebuarane på godsa Schmoel, Hohenfelde og Övelgönne og hos greven sjølv, og verkelegheitsoppfatninga til dommarane og juristane som skulle ta stilling til grev Rantzau si gjennomføring av trolldomsprosessar. Vi må og sjå på motsetnadane mellom grev Rantzau og pastor Linekogel, ikkje berre når det gjeld kva retning av kristendommen kvar av desse valde å følgje, men og når det gjeld haldningane kvar av desse hadde til trolldomsprosessane og trolldomstru. Grunnen til at dette er så viktig er sjølv sagt kva rolle pastoren og juristane spelte i rettssaka. Pastoren kan representere ein utløysande faktor, i og med at dei starta heile rettsprosessen etter å ha sendt inn klagebrev til myndigheitene, medan juristane og dommarane hadde den dømmende makta i denne saka.

I dette kapitelet skal eg ta for meg den religiøse sida ved rettssaka mot grev Rantzau. For å forstå rolla religion spelte, både eksplisitt og implisitt, må vi først og fremst sjå på den historiske konteksten for å forstå maktspelet mellom dei forskjellige retningane innanfor kristendommen. Deretter skal den innleiande delen av rettssaka mot grev Rantzau setjast i perspektiv. Her skal vi då fokusere på pastor J. C. Linekogel som ein aktiv aktør og pastor Lorenz Claussen i ein meir passiv rolle.

---

<sup>214</sup> Sjå brev frå grev Rantzau til notaren for rikskammarretten, Martin Behren, datert november 1687. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 168-174

Linekogel er hovudpersonen her, og den som tek størst rolle både i Rantzau sine brev, hos retten og i den seinare historia. Finn vi eit religiøst motiv hos pastorane for å stille greven for retten? Kva er det i så fall dei tener på dette?

For å sjå etter religiøse motiv, må vi og sjå vidare på tidsperioden. Som allereie fastslått, var Holstein på 1680-talet i ein periode med nedgang i tal på trolldomsprosessar. Tidlegare i oppgåva har vi sett på trolldomsprosessanes nedgangstid med fokus på trolldomsprosessar som eit fenomen. I dette kapitelet skal fokuset liggje på om og eventuelt kvifor spørsmålet om eksistensen av trolldom og hekser var så viktig for rettssaka til grev Rantzau. Kva rolle har trolldomstrua spelt under rettssaka? Seier kjeldene oss noko om dette?

Til slutt er det naturleg å stille spørsmålet; har vi grunnlag for å seie at religiøse konflikhtar var ein nødvendig faktor for utfallet av rettssaka?

I tillegg til pastorane, kan ein og argumentere for at kong Christian V hadde eit religiøst motiv for å kvitte seg med grev Rantzau. Eit felles førestellingsbilete av verda kan vere ein sterk føresetnad for eit samla folk. Katolikkar meinte at paven var leiar av kyrkja, og at han difor hadde høgare jurisdiksjon i religiøse spørsmål enn det kongen hadde. I dei protestantiske kyrkjene vart paven tidvis framstilt som ein kjettar, og det var ofte statsoverhovudet som og gjekk inn i rolla som øvste leiar av kyrkja.<sup>215</sup> I Danmark-Noreg var kong Christian V leiar av både kyrkja og staten, og i kyrkja representert gjennom ein generalsuperintendent som skulle ha oversyn over prestegjelda og ta seg av religiøse spørsmål på vegne av kongen og i tråd med kongens vilje. Denne ordninga gjaldt og i Holstein, sjølv om keisar Leopold I teknisk sett var statsoverhovud. Dette var fordi keisaren høyrde til den katolske kyrkja og difor anerkjende paven som overmann i religiøse spørsmål. Dette kapittelet vil utdjupe kongens religiøse rolle der det er direkte relevant for rettssaka mot greven, men kongen si politiske rolle er definitivt større enn rolla han spelte som religiøst overhovud i grev Rantzau si rettssak.

## 6.1 Religion i Holstein - det historiske bakteppet

Tidsperioden vi i denne teksten tek for oss er i hovudsak åra 1686-1690. Holstein er ein del av det tysk-romerske riket, men er samstundes under dansk administrasjon. Den danske innflytelsen er mogleg forsterka av kongens nærvær i ei tid då Christian

---

<sup>215</sup> Voltmer, R. (2020), s. 185

V ikkje berre beleira dei gottorpske delane av Slesvig og Holstein, men i tillegg ville innvie Hamburg i sitt rike.<sup>216</sup> Reformasjonstida er forbi, men etterverknadane er framleis tydelege bland både adelen, delar av bondebestanden og i dei diplomatiske banda til andre europeiske områder. Administrasjonen i Holstein består for det meste av protestantar, og blant desse følgjer fleire luthersk kristendom etter kongens eksempel. Inntil nyleg var katolisisme nærast betrakta som kjetteri av den lutherske danskekongen. Etter tredveårskrigen vart det opna for større religiøs toleranse, men i seinare konflikhtar vart religion stadig inkludert som forsterkning i motsetnadsgrunnlaget mellom to krigande partar. Christian V innførte ikkje noko forbod mot å praktisere personleg tru, og opna med dette for at katolikkar kunne praktisere si tru så lenge dette ikkje hadde innverknad på andre. Dei fekk derimot ikkje lov til å halde møter og forsamlingar eller å byggje gudshus, og pastorar fekk ikkje lov til å forkynne den katolske bodskapen for kyrkjelyden.<sup>217</sup> Det vart og innført forbod mot innvandring for jesuittar, andre katolske munkeordningar og jødar.<sup>218</sup> Utover på 1700-talet vart det ikkje lempa på desse reglane. Under Christian VI's regjeringstid stod pietismen sterkt i riket og hos folket. Alle borgarar av det dansk-norske riket var plikta til å verte døypte og å konfirmere seg i den luthersk-evangeliske kyrkja, noko som då førte til at religionsfridomen nærast var ikkje-eksisterande. I Holstein hadde den gamle adelen føya seg etter den eineveldige kongen for å ikkje falle i unåde. Den gottorpske hertugen følgde og den lutherske trua, noko som sørga for større eining rundt religionsspørsmålet i hertugdømet. Grev Christoph Rantzau var dermed eit symbol for ein utdøyande generasjon som såg sine privilegium innskrenka på bakgrunn av personleg tru. Etter at greven selde sitt grevskap, finn vi svært få høgtståande katolikkar i heile det dansk-norske riket.

## 6.2 Greven og pastoren – religionskonflikt?

Johann Christoph Linekogel var fødd og oppvaksen i Giekau i kreis Plön, og vart sidan utdanna pastor. Han hadde rolla som pastor i Giekau i 36 år, og er med det den pastoren som har innehatt embetet nest lengst i historia.<sup>219</sup> Linekogel var kjend

---

<sup>216</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 359

<sup>217</sup> Feddersen, E. (1938), s. 587-588

<sup>218</sup> Rian, Ø. (2019) <https://www.norghistorie.no/grunnlov-og-ny-union/1317-jesuittene-og-norge.html>

<sup>219</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 7-11

som ein aktiv pietist<sup>220</sup>, eit faktum som naturlegvis stilte han i opposisjon mot den katolske greven i ei tid med lite toleranse og mykje uvilje mellom personar av forskjellig trusretning.

Som pietist hamna Linekogel og i strid med høgtstående personar i den lutherske kyrkja. Særleg gjaldt dette konflikta med generalsuperintendent Joshua Schwarz på 1700-talet, ein konflikt som mellom anna gjekk ut på ueinigheit rundt sabbaten og som førte til at Linekogel var nær ved å miste sin stilling som pastor i Giekau. Linekogel hadde publisert eit skrift som oppfordra til å arbeide på sabbatsdagen. Generalsuperintendent Schwarz meinte at ei slik oppfordring gjekk imot det kristne bod om å halda kviledagen heilag.<sup>221</sup> Pietistane meinte at eins handlingar og eins personlege tru var viktigare enn å følgje kyrkjens lære.<sup>222</sup> Utover på 1700-talet kom pietismen til å ha sterk innflytelse på Danmark-Noreg, Slesvig og Holstein.<sup>223</sup> I byrjinga av 1700-talet såg ein allereie at fleire og fleire pastorar og andre geistlege laut seg inspirere, særleg påverka av universitetet i Halle. Linekogel var utdanna ved Helmstedt-universitetet <sup>224</sup> Likevel var det framleis den lutherske kristendommen med fokus på kyrkjens lære og Luthers tolking av dei heilage tekstane som var gjeldande, og pastorene måtte forhalda seg til denne læra for å behalde si stilling i kyrkja.

Kva rolle kunne ein 30 år gamal pastor spele i opposisjon mot ein greve av adeleg slekt som, etter Linekogels meining, aktivt gjekk inn for å avrette så mange påståtte hekser som mogleg? Pastorens unge alder tyda at han hørde til ein anna generasjon enn greven, då det var rundt 30 år som skilde dei to.<sup>225</sup> Medan vi kan anta at Christoph Rantzau nytte ein viss respekt blant sine liveigne etter mange år som godseigar og deira garantist for juridisk rettferd, var Linekogel ikkje ein del av lokalsamfunnet og berre involvert i trolldomsprosessane som sjelesørgjar for dei personane som hørde til hans prestegjeld i Giekau. Det Linekogel derimot hadde var eit religiøst band til enkeltmenneska som hørde til sin kyrkjelyd. Han vart sett på som deira mellomledd til Gud, og ein person som kunne garantere for frelse og forlating for synder. For dei liveigne bøndene som jamleg møtte opp i kyrkja og

---

<sup>220</sup> Feddersen, E. (1938), S. 361

<sup>221</sup> Feddersen, E. (1938), s. 361

<sup>222</sup> Gagliardo, J. (1991), s. 181

<sup>223</sup> Gregersen, H. V. (1981), s. 413-419

<sup>224</sup> Schulte, R. (2001), s. 48. Gagliardo, J. G. (1991), s. 183

<sup>225</sup> Grev Christoph Rantzau var sannsynlegvis født i 1623, men kjeldene kjem med motstrittande bevis. Prange, W. (1965), s. 10. Pastor Linekogel var fødd i 1656. Jacobsen, M. (1996), s. 7



høyrede presten preike var Linekogel si rolle vel så viktig som greven si rolle. Dette faktum vart og forsterka av at greven var ein adelsmann og dermed ikkje hadde like mykje direkte kontakt med sine undersåttar.

Er det haldbart å kalle grev Rantzau særskild blodtørstig basert på Linekogels vitneutsegn, eller er dette eit forsøk på å svartmale grev Rantzau slik greven sjølv hevda? Linekogel sine samtalar med dei tiltalte under den andre Schmoel-prosessen avdekkjer motstridande argument.<sup>226</sup>

I kva grad kan vi seie at Rantzau følgde allmugens ynskje om å setje i gong trolldomsprosessar, og i kva grad var pastor Linekogels milde tilnærming og medkjensle med dei dømde ei refleksjon av haldningar ein fann i den generelle befolkninga?

Grev Rantzau var ein kjend katolikk i eit område der katolikkar vart oppfatta som mistenksame og potensielt farlege i møte med eit protestantisk einevelde. Som diskutert tidlegare, var pastor J. C. Linekogel sterk i den protestantiske trua og seinare ein kjend pietist. Linekogel såg med skepsis på grev Rantzau sitt nære forhold til jesuittar og andre katolikkar i Holstein, og hans avvik frå protestantisk lære. Vi har mindre informasjon om pastor Lorenz Claussens liv og virke. Ettersom han var pastor i Lütjenburg, kan vi anta at han og var lojal mot den protestantiske kyrkja. Ut frå informasjonen frå avhøyrereferatet kan det virke som om pastor Claussen ikkje hadde noko anna motiv enn å fremje det han meinte var sanninga. Vi har ikkje noko dokument på ei større konflikt mellom han og grev Rantzau, slik vi finn mellom pastor Linekogel og greven. Vidare konklusjonar ville då basert seg på påstandar og hypotesar som vi ikkje har grunnlag for å konkludere som fakta.

Den mest openberre religionskonflikta er den mellom pastor Linekogel og grev Rantzau. Dette er noko vi særleg får inntrykk av frå grev Rantzau sjølv. Han fortel om noko som kan minne om ein heksejakt mot han sjølv, der både pastorane, retten i Glückstadt og kong Christian V sjølv er ute etter å fjerne han fordi han har konvertert til katolisisme.<sup>227</sup> Han meiner at retten i Glückstadt er partiske mot andre religionar enn den lutherske trua, ein klage som til ei viss grad hadde hald i verkelegheita. Med hald i verkelegheita meinast her at landsretten diskuterte lovverket og som ein funksjon administrert av det tyske kanselliet som i praksis representerte kong Christian V's vilje. Retten var den øvste instansen i Holstein, berre under

---

<sup>226</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 352 spørsmål 15 svar a.

<sup>227</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 99

rikskammerretten. Retten var underlagt kongemakta, sjølv om tysk-romersk rettspraksis i teorien var det systemet som generelt skulle fylgjast. I Holstein var det danskekongen sitt ansvar som medhertug av Holstein at dette vart følgt. Samstundes var han ein eineveldig konge og ikkje villig til å overlate makta si til andre menneske. Eit av premissa for eineveldet er trass alt at kongen var utpeikt av Gud til å regjere, og at han dermed eksisterer mellom menneska og Gud. Denne måten å rettferdiggjera kongens rett til å styre over andre menneske på bakgrunn av hans blodslinje har røter fleire hundreår tilbake, og av samtidige kongedøme finn vi same scenario i Frankrike med Ludvig XIV.

På bakgrunn av dette kan ein konkludere at retten i Glückstadt var partiske etter kongens vilje. I kva grad vi direkte kan knytte retten til kyrkja er derimot eit meir komplisert felt å gå inn på. I Holstein skilde ein mellom verdsleg rett og kyrkjerett. Kongen var i praksis øvste myndigheit for begge rettane, så lenge ei sak ikkje vart ført for keisarens rett. Juristane som opererte i landsretten representerte den verdslege jurisdiksjonen.

Når det kjem til pastorens direkte rolle i grevens undergang, er denne meir tydeleg. Linekogel viser seg i fleire tilfelle som ein sterk karakter i prestegjeldet. I rettsdokumenta finn vi at han har fått skuldingar mot seg for å nekte personar å motta nattverd under gudstenestene sine, og at han ikkje har lagt handa si på hovudet deira som straff for at dei har klagt inn sine naboar og slektningar som hekser til godsforvaltaren. Seinare i sitt virke vart han og midlertidig fjerna frå stillinga som pastor i vente på behandling av skuldingar frå generalsuperintendenten om pietistisk innhald i preika under gudstenester.<sup>228</sup> Desse skuldingane vann ikkje fram, då pastoren hadde støttespelarar i kyrkja.

Greven forsøker å bruke pastor Linekogels tendensar til å vike frå den etablerte religionen mot han, til trass for at grevens eigen religion og fell utanfor denne kategorien. Hans skuldingar vert tekne opp under avhøyret av Linekogel då pastoren vitna mot greven. Linekogel nektar for at han har brukt si stilling til å ekskludere enkeltpersonar frå det kristelege fellesskapet. Han vart skulda for dette av greven, som påstod at Linekogel gjorde dette på grunnlag av personlege kjensler mot trolldomsrettssakane.<sup>229</sup>

---

<sup>228</sup> Feddersen, E. (1938), s. 361

<sup>229</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 102-103 Brev frå Christoph Rantzau til Cai Rantzau datert 14. august 1686

For grev Rantzau kan det å måtte bruke to sjelesørgjarar som begge var aktive protestantar ha vore noko som verka negativt mot han sjølv i den påfølgjande rettssaka, ettersom det var protestantismen som råda i både kyrkjepolitikken og den verdslege politikken i Holstein.

### 6.3 Cai Rantzau si rolle i konflikta

Cai Rantzau som kyrkjepatron i Giekau hadde ei personleg interesse av å ta pastor Linekogel sitt parti ettersom han sjølv hadde økonomiske interesser i prestegjeldet. Cai Rantzau var ein del av Rantzau-familien og ein slektning av greven. I motsetnad til grev Christoph Rantzau var Cai Rantzau protestant, noko som var ein forutsjånad for at han skulle få utnemne pastorar og gje støtte til religiøse formål utan å møte på problemar med myndigheitane eller kongemakta. Cai Rantzau hadde ikkje særleg direkte innverknad på greven si rettssak, men som Linekogels største støttespelar i møte med myndigheitene spelte han likevel ei rolle i å få grev Rantzau stilt for retten og for å bringe legitimitet til Linekogels påstandar mot greven og pastorens forsvar mot grevens personangrep.

Vi ser på brevvekslinga som er ein del av kjeldesamlinga at patron Cai Rantzau vier si støtte til pastor Linekogel i staden for hans eige blod, altså grev Christoph Rantzau. Dette skjer til trass for at greven har skrive til han i forkant for å søkje støtte og eventuelt få pastoren fjerna frå si stilling. Grev Rantzau uttalte seg negativt om pastor Linekogel si innblanding i trolldomsprosessane då greven meinte at det var han og ikkje presteskapet som skulle passe på at lovverket vart følgt.<sup>230</sup> I same brev skulda han pastoren for å ha nekta personar i sin kyrkjelyd nattverd og signing, som vi såg i kapitel 3.

Cai Rantzau nemner grevens katolske tru i negativ tyding, og meiner at grevens versjon av korleis avhøyra og rettsprosessene gjekk føre seg i Schmoel ikkje er truverdige på grunn av dette.<sup>231</sup> Ei forklaring på dette kan være at Cai Rantzau var ein sterk tilhengjar av protestantismen og difor såg på katolikkar med mistenksame auge. Det var fleire adelege i både Holstein, Slesvig og Danmark som hadde denne haldninga, inkludert både kong Christian V og hertug Christian Albrecht. Difor var det ikkje til fordel for greven at Cai Rantzau fekk kome med innspel som vart lagt fram for retten.

---

<sup>230</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 102. Datert 14. August 1686

<sup>231</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 151. Udatert brev frå Cai Rantzau til H. Erdmann.

Christoph Rantzau forsøkte å bruke sitt slektsnamn til å skaffe seg støtte blant adelen, noko han mellom anna gjorde ved å referere til hans forhold til keisaren og til *Reichshofsrat*. Greven vart derimot ikkje stilt for keisarleg rett, og heller ikkje for rikskammerretten. Han vart dømt i landsretten, der fleire av dommarane var av borgarstanden og i større grad lojale til kong Christian V enn til keisar Leopold I. Dessutan var ikkje Rantzau sitt forhold til den dåverande keisaren så sterkt, ettersom det var hans forgjengar greven hadde hatt kontakt med og i ein periode arbeidd for. Ettersom Cai Rantzau på den tida hadde funksjon som kyrkjepatron, og difor hadde myndigheit til å få pastor Linekogel suspendert frå stillinga som pastor i Giekau, er det naturleg at greven forsøkte å få støtte frå fetteren sin. Cai Rantzau var positivt innstilt til Johann Christoph Linekogel som pastor i Giekau, og det var Cai Rantzau som i førstninga hadde anbefalt pastoren til stillinga etter at Linekogel viste framragande evner under hans læretid.

I 1680-åra finn vi ikkje dei opne konfliktane som vi finn fleire eksemplar på under 30-årskrigen. Grunnen til dette er delvis freden i Westfalen frå 1648, det det vart bestemt at katolikkar og protestantar var like for lova, og at kvar fyrste kunne velje sitt fyrstedømes praktiserande religion. Delvis skulda fråværet av opne konfliktar mellom religionar ei generelt høgare toleranse i fredstid for motsetnader. Dette faktum gjaldt derimot ikkje for alle typar konfliktar, då det var i område med fråvær av krig ein såg høgast tal på trolldomsprosessar.<sup>232</sup> Det var trass alt i fredstid at innbyggjarar i ein landsby hadde tid og moglegheit til å klaga kvarandre for retten, og det var i fredstid domstolane ville løyve tid til å ta opp saker som omhandla den gjennomsnittlege borgar. Kostnadane med å føre ein slik rettssak er og ein faktor her. I krigstid trengte staten ressursar til krigføringa. Soldatar og våpenproduksjon, samt mat til å brødfø hæren, var element som førte til eit stort økonomisk behov. I tillegg prioriterte keisaren sine egne interesser. Dersom ein annan stat gjekk til angrep, var keisarens førsteprioritet naturlegvis å forsvare grensene til sitt rike. Det tysk-romerske riket var svært stort i utbreiing, og militære konfliktar kunne oppstå med hyppigheit både mellom statar og innbyrdes mellom fyrstar.

Sjølv om tida for storkrig i Europa for dette hundreåret var over i 1648, tyder dette derimot ikkje at 1680-åra var utan konflikt. Særleg var den tidlegare nemnde maktkampen mellom danskekongen Christian V og hertug Christian Albrecht av

---

<sup>232</sup> Levack, B. P. (2016), s. 115

Slesvig-Holsten-Gottorp sentral i det politiske miljøet i Holstein. Konflikten mellom desse to omhandla mellom anna Gottorp sin innlemming i det dansk-norske riket. Kong Christian V meinte at Gottorp skulle være ein del av danskekongens jurisdiksjon, medan hertug Christian Albrecht haldt på at Gottorp skulle bli styrt av hertugen av Slesvig-Holsten-Gottorp, nemleg han sjølv. I tillegg hadde Danmark-Noreg nyleg ført krig mot Sverige om dei skånske områda, noko som var lite gunstig for den økonomiske situasjonen i både Danmark-Noreg, Slesvig og Holstein. Det tyder heller ikkje at det var uproblematisk å vere katolikk i ein protestantisk stat som Holstein. Fleire katolske tradisjonar vart forbunde med trolldom eller kjetteri, og høgtstående personar med viktige titlar vart stengd ute av den holsteinske maktelitens selskap dersom dei var praktiserande katolikkar.<sup>233</sup> I tillegg til personlege konflikhtar mellom katolikkar og protestantar, var andre religiøse grupper som jødar, jesuittar og pietistar diskriminerte mot. Mistrua stod og sterkt blant bønder og liveigne, der prinsippet om einskap var viktig i ei turbulent tid der sjukdom og svolt råka dei fattigaste i samfunnet hardt. Difor vart særleg dei som stod på utsida av samfunnet utsette for skuldingar om trolldom, anten fordi dei var framande, einsame eller grunna kunnskapar om heling og andre formar for signeri.

Det at både Cai Rantzau og pastor Johann Christoph Linekogel låg vekt på grevens personlege tru og nemde dette som ein grunn til å kalle han upåliteleg, kan være eit teikn på at religion hadde tyding for korleis ein vart behandla i retten og i verste fall korleis ein vart dømd.<sup>234</sup> Poenget i Linekogels gjengjeving av hendingar tyder likevel ikkje på at hans mål var å felle greven på bakgrunn av det faktum at han var katolikk, slik grev Rantzau sjølv påstår.

#### 6.4 Grevens religion og trolldomstru

I tillegg til sjølve religionskonflikta mellom protestantismen representert ved pastorane, Cai Rantzau og myndighetene i Holstein og katolisismen representert ved grev Rantzau, kan vi og nemne diabolisme som ein del av det religiøse perspektivet. Både utfallet av trolldomsrettssakane og utfallet av rettssaka mot grev Rantzau gjev legitimitet til ideen om hekser og diabolisme som ein realitet, og ikkje minst at dette elementet var til stades i Schmoel. Grev Rantzau forsvargar sine handlingar under trolldomsprosessane som eit forsøk på å fjerne djevelens tenarar frå lokalsamfunnet,

---

<sup>233</sup> Feddersen, E. (1938), s. 587-588

<sup>234</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 91

og bygde på dette ved å vise til si sterke, kristne tru. Han ville ta ei aktiv rolle for å stoppe hekser frå å påverke kvardagen til sine naboar, og såg seg sjølv som ein slags helt.

For at dette synet han har på eigne handlingar skal gje meining, er det logisk å anta at greven trudde på eksistensen av hekser. Det finn vi og grunnlag for i avhøret av pastor Linekogel. Linekogel svarer bekreftande når han vert spurt om grevens syn på dei påståtte heksene. Ifølgje Linekogel hadde greven førehandsdømd desse menneska, og difor meinte Linekogel at avhøyra og rettssaka ikkje kunne vere rettferdig. Målet med avhøyra var då ikkje ifølgje Linekogel å finne fram til sanninga, men å få pressa ut ei tilståing slik at greven kunne dømme alle dei tiltalte til døden. Eit bevis på dette var at greven refererte til det å konsultere juristane ved universitetet som «ein formalitet».<sup>235</sup>

Dersom det i Schmoel var ei reell fare for at lokale hekser spreidde sjukdom og død ved hjelp av svart magi, kan ein sjå grev Rantzau si vilje til å tillegga trolldomsrykter legitimitet i eit meir positivt lys. Var det ikkje ein greve si moralske plikt å tilby sine husmenn sikkerheit og beskyttelse mot vonde makter? Greven sjølv brukte dette argumentet for å legitimere handlingane sine. Han låg særleg vekt på at trolldom var ein *crimen exceptum*, og at alle som viste teikn til å ville skade andre ved hjelp av slike evner burde lukast ut med alle midlar.<sup>236</sup> Utan å nødvendigvis sjå på trolldom som noko som eksisterer rundt oss, førte trua på trolldom og hekser til frykt blant bondebefolkninga. Særleg når bøndene ved godsa Schmoel og Hohenfelde hadde opplevd å miste både familiemedlem og dyr i sjukdom, er det naturleg at dei såg seg rundt etter nokon å leggje skulda på. Greven som godseigar var ansvarleg for å oppretthalde rettsvesenet ved godsa. Då klagane byrja å kome inn, hadde greven ein plikt til å sørgje for at dei vart behandla. Dette tyda ikkje at det var hans plikt å føre trolldomsprosessar, men dersom ein tek utgangspunkt i greven sitt førestillingsbilete og det faktum at hans eigedom og husdyr og vart råka av sjukdom<sup>237</sup>, kan det virke naturleg at det var dette greven valte å gjere.

Dersom ein derimot tek utgangspunkt i at greven sjølv såg trolldom som ein oppfunne kunst utan røter i den verkelege verda, kan det virke riktig å sjå grevens handlingar som at han aktivt har gått inn for å få minst 18 uskuldelege menneske

---

<sup>235</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 384. Datert 27. Juni 1688

<sup>236</sup> LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 119. Datert 2. august 1686

<sup>237</sup> Jacobsen, M. (1996), s. 111

avretta utan moglegheit til å forsvare sine oppdikta handlingar. Dersom denne tolkinga av rettssaka har legitimitet, vil diskusjonen rundt greven sin person sjå svært annleis ut, ettersom han då har autorisert bruk av tortur for å få fram falske tilståingar.

Denne vinklinga er derimot vanskeleg å argumentere for ut frå dei kjeldene vi har tilgjengeleg, ettersom greven sjølv bruker eit språk som tyder på at han var overtyda om at både trolldom og hekser eksisterte, og at heksene fekk utførte skademagi i djevelens teneste.<sup>238</sup> Vinklinga tek heller ikkje omsyn til folketrua i Holstein og det sterke inntrykket frykta for skademagi kan gjere på menneske som lev heile sitt liv som liveigne utan særlege moglegheiter for utdanning og diversitet i sin sosiale omgang. Det er lite sannsynleg at greven ikkje trudde at hekser eksisterte, ettersom han vaks opp i ei verd der sjølv dei fleste lærde var einige i at trolldom fantes og hadde reell påverknadskraft på den materielle verda. Dersom grev Rantzau ikkje trudde på hekser og ikkje ville gjennomføre trolldomsprosessar delvis på bakgrunn av dette men på grunn av andre faktorar, må vi identifisere kva andre faktorar som i så fall førte til utfallet med 18 avretta «hekser». Prosessane var ei utgift for greven, ettersom dei tiltalte ikkje hørde til dei velstående i lokalsamfunnet. Dei var liveigne, og greven måtte då stå for alle utgiftene knytt til rettssakene. Dei tiltalte hadde heller ikkje politisk makt til å utgjere noko trussel mot grev Rantzau. I den grad bøndene praktiserte religion, kan vi anta at dei deltok på lutherske gudstenester haldt av lokale pastorar som Linekogel og Claussen. Dersom greven hadde vore motivert av religiøse motsetningar mellom seg sjølv og dei tiltalte, hadde dette motsetnadsforholdet og strekt seg ut til dei andre liveigne bøndene. Resultatet hadde då blitt at greven ikkje lenger hadde hatt arbeidskraft til å skape økonomisk gevinst eller undersåttar å skatte.

## 6.5 Religion og dommen

På 1680-talet var det fleire juristar som var skeptiske til trolldomsprosessar på grunn av at tortur kunne brukast for å få fram opplysningane som avhøyrer ynskja å høyre. Dette var grunnen til at det i det heile fanst retningslinjer for når og i kva grad og mot kven tortur kunne brukast – for å unngå at uskyldige vart tvinga til å tilstå handlingar dei ikkje hadde gjort. I kva grad dommarane som satt i landsretten i Glückstadt og i

---

<sup>238</sup> I breva Christoph Rantzau sendte til retten, omtalar han til dømes dei avretta som *Unkosten* og gjenfortel innhaldet i avhøyringsprotokollane til A. Thein som om dei dømde var skuldige i både trolldom, djevlepakt og sodomi. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 116-122. Datert 2. august 1686.

landsretten i Flensburg var skeptiske til trolldom er ikkje klart. Grev Rantzau meinte at dette var tilfellet og at retten difor kom til å dømme han for det faktum at han førte trolldomsprosessar, noko som teknisk sett ikkje var imot lovverket i Holstein.

At religionskonflikt har vore ein avgjerande faktor bak klagane mot grev Rantzau vil eg seie at me finn grunnlag for. Strida med pastor Linekogel kunne likevel ikkje ha felt greven utan påverknad frå andre faktorar enn ueinigheiter rundt praktisering av kristendom. Dersom det skulle ha vore tilfelle, ville det ha tyda på at ein pastor stod i ei sterkare posisjon enn ein greve. Dette finn vi ikkje noko empiri for å seie, sjølv om pastoren på dette tidspunktet forkynna eit bodskap som stod i stil med den retninga av kristendom myndigheitene følgde og greven følgde ein retning som skapte skepsis blant både kongen, adelsmenn og kyrkja. For å få det store biletet av rolla religion spelte i grev Rantzau si rettssak og konsekvensane av rettssaka må vi sjå på den større rolla religion spelte i samfunnet i Holstein.

Kva innebar det å være katolikk, og ein svært synleg støttespelar for mindre grupper katolikkar i Norden, i eit samfunn som ikkje la til rette for at personar som hørde til denne trusretninga skulle klatre på rangstigen og tileigne seg personleg makt og politisk innflytelse? Svaret på dette spørsmålet kjem ikkje tydeleg fram i kjeldematerialet knytt til denne rettssaka. Rantzau sjølv argumenterte for at han som katolikk ville bli møtt med fordommar i landsretten i Holstein, ettersom dei personane som satt i retten var utdanna juristar som hørde til den protestantiske religionen. Han meinte at dei av natur ville opptre antagonistisk og at han ville bli dømd før saken i det heile var behandla.<sup>239</sup> I tillegg ville ikkje retten sende grevens sak vidare til rikskammerretten på grunnlag av at det var ein straffesak, til trass for at grev Rantzau sjølv meinte at han hadde rett til å anke til den tysk-romerske keisaren sin domstol på grunnlag av si stilling som greve.

Dette meinte han særleg fordi han frykta å bli behandla urettferdig på bakgrunn av si personlege tru dersom han skulle bli stilt for den protestantiske byretten i Glückstadt i Holstein i staden for den katolske rikshoffretten eller i rikskammerretten. Hans argument om at landsretten i Holstein vil behandle han urettferdig på bakgrunn av hans tru har til dels hald i historia. Kong Christian V hadde i 1669 innført eit midlertidig forbod mot å praktisere katolsk tru i Altona og Glückstadt

---

<sup>239</sup> Brev frå grev Rantzau til notaren for rikskammerretten. LASH Abt. 11 Nr. 164 s. 168-174, Jacobsen, M. (1996), s. 99



etter at den katolske misjonæren Valerio Maccioni utførte katolsk konfirmasjon utan å be om tillatelse til dette frå landsherren.<sup>240</sup>

Det er grunnlag for å argumentere for at denne antagonistiske haldninga grev Rantzau viste i si samhandling med landsretten spelte derimot negativt inn på handlinga av saka hans. Frå starten av virka det som at greven gjekk i forsvarsposisjon og svarte kanselliet som om han skulle ha blitt skulda for å føre trolldomsprosessar og ikkje for å ha brote rettsprosedyren. Som tidlegare nemnd var det ikkje forbode å føre trolldomsprosessar, og som godseigar hadde greven denne retten som ein del av sine privilegium. Ved å konstant forsøke å forhindre framgangen i rettssaka hans irriterte han på seg fiskal Lindholtz, noko som kan ha ført til at velviljen mot greven minka og sjansen for ei mogleg henleggjing av saka vart mindre. På den måten kan ein leggje fram argumentet om at skuldingar om religiøs partiskheit påverka grev Rantzau si rettssak, og at ein dermed kan seie at religionsfaktoren hadde ei indirekte rolle i utfallet av saka mot greven.

## 6.6 Kva betydning hadde religionen?

Konfliktar mellom den geistlege og den adelege delen av befolkninga var ikke nødvendigvis sjeldne. Vi finn fleire eksemplar på denne typen motsetnader og motstridande interesser i historia, både når det gjeld det politiske maktspelet og i straffesaker som trolldomsprosessar. Det er likevel sjeldan at slike konfliktar er såpass sentrale og så godt dokumenterte i forbindelse med trolldomsprosessar som den mellom den protestantiske pastor Johann Christoph Linekogel og den katolske grev Christoph Rantzau.

I 1686 fann ein ikkje lenger store kjedeprosessar som kravde fleire hundre liv, slik ein fann fleire stader i det tysk-romerske riket på 1620-talet. Fleire og fleire av adelen, dei geistlege og andre lærde var skeptiske til eksistensen av trollfolk. Det var og diskusjonar om kva grad menneske kunne få hjelp av djevelen til å gjere fysisk skade i form av diabolske handlingar som forårsaka sjukdom og død hos folk og fe. Difor er det besynderleg at ein i året 1686 får ein plutselig oppsving med fenomenet i Schmoel og Övelgönne der 18 personar vert avretta i løpet av få månader i nokre få, små landsbyar.

---

<sup>240</sup> Feddersen, E. (1938), s. 587

Framleis fann ein enkeltsaker over heile Europa, og i Aust-Europa hadde nokre land sine mest intensive trolldomsprosessar på 1700-talet. Særleg Polen og Ungarn er eksemplar på områder som haldt fram med slike prosessar til langt ut på 1700-talet, og i fleire område førekom det at lokalbefolkninga tok jakta på rettferd i egne hender.<sup>241</sup> I Holstein og elles i det tysk-romerske riket hadde derimot trolldomsrettssakane hatt si stordomstid, sjølv om frykta for trolldom framleis eksisterte blant både lokalbefolkninga og delar av adelen. Ikkje minst høyrer det med at rettssakene i Schmoel førte til ei ny rettssak mot greven som tok for seg brot på rettspraksis. Vi finn få slike saker, til trass for at brot på Carolina-lova og lokale lovar som omhandla rettspraksis i trolldomssaker fann stad i fleire område. I Fulda vart Balthasar Nuss rettsfølgd etter å ha tilstått avretting av over 200 hekser. Han vart halshogd i 1618.<sup>242</sup>

Ut frå informasjonen som er presentert i dette kapitelet, verker det sannsynleg at grev Rantzau si religiøse tilhøyrse har hatt ein innverknad på korleis hans rettssak først kom i gong, særleg gjennom pastor Linekogel sine personlege motivasjonar. Dei religiøse motsetnadane overskygger ikkje rota i skuldingane Linekogel sendte inn mot greven som låg i brot på rettsprosess og ei motvilje mot å høyre på kva dei angivelege heksene fortalte for å bevise si uskuld, men religion kan seiast å ha vore ein forsterkande faktor. Det er derimot ikkje like openbert om det religiøse aspektet var avgjerande for utfallet av rettssaka. Grev Rantzau utførte lovbrot og vart klagt inn for dette. Lovbrota han vart skulda for var ikkje direkte knytt opp mot religion, men var knytt til rettspraksis under trolldomsrettssakar. Dersom vi ser på dommen slik den er presentert i kapittel 3, finn vi ikkje noko eksplisitt som tyder på antagonisme frå rettens side grunna i grevens val av kristendom. Han vart ikkje skulda for å verken vere katolikk eller for å gje pengestøtte til jesuittar av retten, og dette var ikkje noko som vart vektlagt i dommen mot grev Rantzau.

Den manglande innblandinga av greven si katolske tru frå retten si side er interessant i seg sjølv, ettersom katolikkar hadde få moglegheiter til å praktisere sin religion og kongen ikkje var særleg vennleg innstilt til dei som høyrde til denne religionen. Til trass for at det ikkje var mange adelsmenn i Holstein som var opne om å praktiserte katolisisme, var det nokre få tilfelle der personar som kom frå adeleg

---

<sup>241</sup> Levack, B. P. (2016), s. 262-263

<sup>242</sup> Schormann, G. (1996), s. 68. Dillinger, J. (2018), s. 96 og 97. Behringer, W. (2004), s. 111.

slekt møtte på negative konsekvensar ved å halde fast på den gamle trua.<sup>243</sup> Det er heller ingen grunn til å sjå på dei katolske mot det protestantiske haldningane til trolldom, eksistensen av hekser og djevelens nærvær i verda. På 1680-talet var tal på trolldomsprosessar gått drastisk ned i både katolske og protestantiske delar av det tysk-romerske riket, samt i det protestantiske Skandinavia. Rettspraksis låg ikkje lenger til rette for at nabo kunne klaga inn nabo til myndigheitene og bli teken på alvor i den grad dette var tilfelle seksti år tidlegare.

## 7. Oppsummering

Trolldomsprosessar er eit fascinerande forskingsobjekt grunna si særeigenheit i eit historisk perspektiv. Det same kan seiast om mennene og kvinnene som var innblanda i trolldomsprosessane og institusjonane som ofte vart innblanda og la føringar. Både allmugen og myndigheita spelte aktive roller, og i nokre tilfelle fekk denne innblandinga av øvrigheita følgjer i ettertid. I denne oppgåva har me sett på både trolldomsprosessar, rettsprosessar i Holstein generelt og utanforståande faktorar for å kome til botn i kva tidsfaktorar som førte til at grev Christoph von Rantzau vart dømd av det kongelege kanselliet i landsretten i Flensburg i 1690 for brot på rettsprosess. Ved å undersøkje grev Rantzau si rettssak i lys av den historiske konteksten, har det skapt rom for undersøking av nedgangstida til trolldomsprosessane på siste del av 1600-talet. I tillegg har det skapt rom for å sjå på utviklinga av den politiske situasjonen i Holstein, sjølv om dette ikkje har blitt granska i detalj i denne oppgåva utover dei sidene av politikken rundt styresettet som har verka direkte inn på grev Rantzau si rettssak. Til slutt har vi då sett på religionskonfliktane som Christoph Rantzau aktivt tok del i, og moglegheitene for at grevens religiøse tilhøyrslar var ein faktor i pastor Linekogel sitt val om å sende inn klagar på greven til myndigheitene.

---

<sup>243</sup> Eit eksempel er hertug Alexander Henrik av Slesvig-Holsten-Sønderborg, oldebarn av reformasjonkongen Christian III, som skal ha fått fråteke farsarven etter si konvertering til katolisismen i 1643. Prange, W. (1965), s. 25

## 7.1 Konklusjon

Kva kan vi då slutte med etter å ha granska den historiske perioden i fleire lys? Ein får ved å studere rettsmaterialet innblikk i fleire sider av korleis samtidas samfunn fungerte i Holstein på slutten av 1600-talet, og særleg korleis konflikta mellom medhertugane av Holstein spelte inn på rettssystemet. Både som ei fiskalsak blant mange og som ein del av rettssystemet i si heilskap kommenterer kjeldematerialet på korleis myndighetene typisk ville forhalda seg til den politiske situasjonen i hertugdømet. I denne saka er det mange forskjellige lenser ein kan bruke for å analysere hendingane. Ein kan sjå på kva grevetittelen innebar når det kom til beskyttelse i retten, på kva måte religiøse motsetnader spelte inn, på kva rolle utviklinga i synet på trolldomsprosessar både blant eliten og blant allmugen hadde i slike rettssaker, og ikkje minst på kva måte greven sjølv var ansvarleg for rettssaka sitt utfall. I denne teksten har eg forsøkt å utreie for kvar av desse faktorane for å finne ut kva for nokre forhold som var nødvendige for at greven skulle miste sine privilegium og nærast bli tvunge til å forlate Holstein til fordel for det tysk-romerske riket. Det å ta for seg så mange sider ved saka til grev Rantzau har ført til at nokre moglege faktorar ikkje har blitt vurderte eller grundig utreia i denne masteroppgåva. Til dømes har eg ikkje diskutert økonomi eller fokusert særleg på sosiale forhold i lokalbefolkninga, begge tema som kunne ha gjeve oss eit breiare overblikk over heilskapen.

Ein kan ikkje forklare grevens skjebne utan å trekkje inn alle desse faktorane, på forskjellige stadiar av rettssaka. Landretten var bygd opp av lærde juristar som i forskjellig grad hadde tilknytning til kong Christian V i København. Juristane dømde greven etter bevisa som vart lagd fram og vi finn ikkje noko partiskheit mot greven i kjeldematerialet som vart ført i pennen av retten. Det vi finn derimot, er ei oppfordring frå kong Christian V om å behandle saka kjapt og å ikkje bruke mykje ressursar på dette, til trass for at det er ein adelsmann og greve som er stilt for retten. Kongen si utolmodige haldning til saka kan tyde på at han ynskja grev Rantzau dømd.

Det religiøse aspektet spelte størst rolle i den innleiande prosessen med å få i gong ei rettssak, ettersom pastor Linekogel meinte at greven viste haldningar til religion som ikkje laut seg foreine med den retninga av kristendom som skulle fremjast i prestegjelda. Vi finn ikkje den same dekinga for å argumentere at grevens personlege tru har hatt ei direkte påverknad på domfellinga i kjenninga frå

landsretten i Flensburg. Retten refererer ikkje til grevens katolisisme i sjølve dommen. Det som blir vektlagt mot greven er derimot grevens skuldingar om at han ville blitt urettferdig behandla i retten og at resultatet då ikkje ville blitt gyldig. Greven vart skulda for å spele på det at han var katolikk for å få saka behandla i ein anna domstol, utan at me med visse kan seie at han hadde eit poeng.

Som vi har sett, kan det seiast at grev Rantzau sjølv og spelte ei rolle i å få seg sjølv dømt. Han nekta å møte opp i landsretten når saka hans skulle opp, og forsøkte gjentatte gongar å utsette saka slik at den til slutt skulle henleggjast. Diverre for greven fungerte ikkje denne taktikken, og i 1690 fekk han endeleg dom på landsretten i Flensburg etter fire år med venting.

Tidsperspektivet er den viktigaste faktoren for kvifor greven si rettssak fekk det utfallet den fekk. Tidsaspektet er essensiell for gongen i rettssaka mot greven, ettersom både politikk, religion og sjølv samfunnet er i stadig utvikling og verka inn i forskjellig grad på alle samfunnslag. Som vi har sett er det fleire grunnar til at det å plassere rettssaka mot grev Rantzau på ei tidslinje og sjå på dei historiske omstenda kan gjeve oss svar på kvifor rettssaka fann stad. Dei viktigaste punkta kan bli summert opp i tre hovudpunkt.

Det faktum at trolldomsprosessane allereie hadde hatt si stordomstid på 1680-talet var ein føresetnad for at grev Rantzau skulle bli rettsforfølgd i etterkant av trolldomsprosessane. Juristane stilte høgare krav til bevisgrunnlag for trolldomsprosessar, og verken utlegging eller klage frå allmugen vart rekna som bevis på skuld. Ei tilståing av skuld skulle ikkje godkjennast dersom den kom under tortur. Her er det viktig å notere seg at det framleis var lovleg å føre trolldomssaker. Greven vart ikkje dømd for å føre trolldomssaker, men for å ikkje møte krava til bevis og for å ikkje ta omsyn til rettane til dei han klaga for hekseri.

Eineveldets innføring minka adelens beskyttelse frå rettsforfølging. Hadde greven i det heile blitt stilt for retten før innføringa av eineveldet på 1660-talet, er sannsynet stort for at han ikkje hadde blitt dømt av landsretten grunna sin grevetittel og tilknytning til den holsteinske adelen. Det som derimot ikkje er like tidsavhengig er grevens eigne haldningar til myndigheitene og motvilje mot å følgje tidsstraumane.

Den milde dommen tilseier at greven framleis levde i ei tid då adelstittelen gav eit sterkt rettsvern. Han vart dømt for å ha ført illegitime prosessar i 1686, noko han ikkje vart når han førte trolldomsprosessar tilsynelatande på same måte i mindre

skala berre 20 år tidlegare. Han vart derimot ikkje dømt for å føre trolldomsprosessar i seg sjølv, fordi dette framleis var fullt lovleg. Han vart dømd for brot på rettsprosess.

Det går derimot ikkje an å seie at det berre var ein grunn til at greven vart dømd i retten. Som med alle andre historiske hendingar er det fleire faktorar som inngår i eit utfall av ei hending. Det som derimot er interessant med denne saka er at den tydeleg viser korleis trolldomssaker vart oppfatta av myndigheitene på 1680-talet i Holstein. Trolldomsprosessane si nedgangstid verka tydeleg inn på korleis juristane som sat og vurderte straffesaker og tolka lovverket forhaldt seg til innhaldet i straffesakene,

Etter å ha sett på alle desse delane som til saman utgjorde grev Rantzau si sak, kan ein konkludere i at utfallet ikkje var overraskande for tida rettssaka fann stad i. Denne konklusjonen gjeld både rettsforløpet, dommen og grevens vidare handlingar. Dersom grev Christoph von Rantzau hadde oppført seg annleis i møte med retten, hadde han kanskje fått ein mildare straff. Sannsynet er stort for at han uansett hadde blitt erklært skuldig av retten, noko han like sannsynleg ikkje hadde blitt før innføringa av eineveldet. Dersom han hadde blitt stilt for retten berre 20 år seinare, er det sannsynleg at straffa hans hadde blitt hardare, ettersom Christian V's etterfølgjar Frederik IV slo hardare ned på den holsteinske adelen og med dette låg til rette for den store nordiske krig (1700-1730). Ein kan seie at greven rett og slett var på feil stad til feil tid.

## Appendiks

Saksregister for den første trolldomsprosessen i Schmoel april 1686:

Mette Schlan	Avretta	LASH
Silke Nipp	Avretta	LASH
Engel Otten	Avretta	LASH
Hans Lütke	Avretta	LASH

Saksregister for den andre trolldomsprosessen i Schmoel mai 1686:

Claus Stötterogge	Avretta	LASH
Siecke Sehmer	Avretta	LASH
Hinrich Steffen	Avretta	LASH
Claus Möller	Avretta	LASH
Peter Möller	Avretta	LASH
Abel Möller	Avretta	LASH
Trine Möller	Avretta	LASH
Decke Büntz	Avretta	LASH
Engel Stötterogge	Avretta	LASH
Abel Schöning	Avretta	LASH
„Alte“ Abel Schöning	Avretta	LASH

Saksregister for trolldomsprosessen i Övelgönne juni 1686:

Hinrich Marckman	Avretta	LASH
Lehn Paschen	Avretta	LASH
Fieke Paschen	Avretta	LASH

## Kjelder

*Christian IV's trolldomsforordning av 1617* (1617)

<https://www.norgeshistorie.no/kilder/kirkestat/K1104-Trolldomsforordningen-av-1617.html>

*Constitutio Criminalis Carolina* (1532)

*Danske Lov* (1683)

<http://bjoerna.dk/DL-1683-internet.pdf>

LASH Abt. 11 Nr. 164

LASH Abt. 7 Nr. 6353

## Litteraturliste

Behringer, Wolfgang (2020), *Hexen - Glaube, Verfolgung, Vermarktung*. 7. Utgåve. München; C. H. Beck oHG.

Behringer, Wolfgang (2004), *Witches and Witch-Hunts: A Global History*. Cambridge; Polity Press.

Brandt, Otto (1926), *Slesvig-Holstens Historie i Grundrids*. Walter G. Mühlaus Forlag, Kiel.

Briggs, Robin (1996), *Witches & Neighbours*. London; HarperCollinsPublishers.

Daniels, A. von (1973), *Alter und Ursprung des Sachsenspiegels*. Nytrykt versjon av utgåve frå 1853. Dr. Martin Sändig oHG, Walluf bei Wiesbaden.

Degn, Christian; Lehmann, Hartmut; Unverhau, Dagmar (1983), *Hexenprozesse; Deutsche und skandinavische Beiträge*. Karl Wachholtz Verlag, Neumünster.

Dillinger, Johannes, omsett av Stokes, L. (2009), *“Evil People”: A comparative study of witch hunts in Swabian Austria and the Electorate of Trier* (org. Böse Leute). University of Virginia Press, Charlottesville.

Dillinger, Johannes (2007), *Hexen und Magie* 2. utg. Campus Verlag, Frankfurt am Main.

Feddersen, Ernst (1938), *Kirchengeschichte Schleswig-Holsteins*. Bd. 2: 1517-1721. Kiel.

Gagliardo, John G. (1991), *Germany under the Old Regime, 1600-1790*. Longman Group UK Limited, London og New York.

Gregersen, Hans V. (1981), *Slesvig og Holsten før 1830*. Del av *Danmarks Historie*. Politikens Forlag A/S, København.

Häfner, Karl T. (1938), *Die Geschichte des Katholizismus in Schleswig-Holstein von 1592-1863*. Buchdruckerei Fr. Obermeyer in Osnabrück.



- Hagen, Rune B (2007), *Dei europeiske trolldomsprosessane*. Det Norske Samlaget, Fagernes.
- Henningsen, Gustav (1991), *Heksejægeren på Rugård*. Skippershoved, København.
- Hvidtfeldt, Johan (1963), *Kampen om ophævelsen af livegenskabet i Slesvig og Holsten 1795-1805*. Historisk samfund for Sønderjylland, Aarhus.
- Jacobsen, J. C. (1966), *Danske Domme i Trolddomssager i øverste Instans: Innledning og kommentar*. Det Berlingske Bogtrykkeri, København.
- Jacobsen, Manfred (1996), *Gut Schmoel in dunkler Zeit; Christoph von Rantzau und seine Hexenprozesse*. Arbeitsgemeinschaft für Heimatgeschichte im Amt Panker, Hohenfelde.
- Kallestrup, Louise N. (2009), *I pagt med djævelen*. Forlaget ANIS, Frederiksberg.
- Knutsen, Gunnar W. (2005), «Trolldomsprosessenes opphør i Skandinavia», del av *Historisk Tidsskrift* Vol. 84, nr. 4. Universitetsforlaget.
- Koefoed, Nina J., Jensen, Mette F. (2020), "Samfundets sociale struktur". Aarhus Universitetsforlag, Aarhus.  
<https://danmarkshistorien.dk/perioder/enevaelde-1660-1814/samfundets-sociale-struktur/>
- Kohler, Josef; Scheel, Willy(1968), *Constitutio Criminalis Carolina*. Bind 1 av *Die Carolina und ihre Vorgängerinnen*. Scientia Verlag Aalen, Darmstadt.
- Koht, Halvdan (1952), „Rantzau“ i *Norsk biografisk leksikon*: Bind. 11 Pedersen, Oscar – Ross. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Oslo.
- Kramer, Karl-Sigismund (1987), *Volksleben in Holstein (1550-1800)*. Walter G. Mühlau Verlag, Kiel.
- Krogh, Tyge (2001), "Religion og magi I straffesystemet I 1700-tallets første halvdel", del av Hanne Sanders *Mellem Gud og Djævelen : religiøse og magiske verdensbilleder I Norden 1500-1800*. Nordisk Ministerråd, København.
- Larner, Christina (1984), *Witchcraft and Religion*. Basic Blackwell Inc., Oxford.

- Lauring, Palle (1981), *Krig, comedier og enevoldspragt*. Gyldendals Bogklub, Odense.
- Levack, Brian P. (2015), *The Witchcraft Sourcebook 2*. Utg. Routledge, Oxfordshire.
- Levack, Brian P. (2016), *The Witch-Hunt in Early Modern Europe 4*. Utg. Routledge, Oxfordshire.
- Linderkamp, Heike (1985), *Niedergerichtliche Strafformen und ihre Anwendung nach Quellen der Rechtspraxis*. Del av serien *Rechtlichen Volkskunde in Schleswig-Holstein*. Karl Wachholtz Verlag, Neumünster.
- Moeller, Katrin (2007), *Dass Willkür über Recht ginge*. Verlag für Regionalgeschichte, Bielefeld.
- Morgenroth, Imke (2012), *Lebensstil des schleswig-holsteinischen und dänischen Adels 17.-18. Jahrhundert*. Dissertasjon. Kiel, der Christian-Albrechts-Universität.
- Olden-Jørgensen, Sebastian (1996), «Christian V's og Frederik IV's politiske testamenter», del av *Historisk tidsskrift (København)* Vol. 5, Danske forening, København. S. 313-348.
- Prange, Wolfgang (1965), *Christoph Rantzau auf Schmoel und die Schmoeler Leibeigenschaftsprozesse*. Karl Wachholtz Verlag, Neumünster.
- Rian, Øystein (2019), «Jesuitene og Norge». Universitetet i Oslo, Oslo.  
<https://www.norgeshistorie.no/grunnlov-og-ny-union/1317-jesuittene-og-norge.html>
- Rumohr, Henning v. (1979), *Schlösser und Herrenhäuser in Ostholstein*. Weidlich, Frankfurt am Main.
- Schormann, Gerhard (1996), *Hexenprozesse in Deutschland*. Vandenhoeck & Ruprecht, Göttingen.
- Schulte, Rolf (2001), *Hexenverfolgung in Schleswig-Holstein vom 16.-18. Jahrhundert*. Boyens GmbH & Co, Heide.
- Schulte, Rolf., omsett av Froome-Döring, Linda (2009), *Man as Witch; Male Witches in Central Europe*. Macmillan Palgrave, Basingstoke.

Schulte, Rolf (2021), "Der Fürst, die Frauen und die Hexen", i Oliver Auge/Anke Scharrenberg (Hg.): *Eutin im Barock*, Eutin.

Thygesen, Frants (1968), *Tysk strafferets indtrængen i Sønderjylland mellem 1550 og 1800*. Juristforbundets forlag, København.

Thygesen, Frants (1982). «Lov og ret i Sønderjylland ca. 1500 til ca. 1750». *Sønderjydske Årbøger*, 94(1), s. 55–76.

Unverhau, Dagmar (1980), *Von Toverschen und Kunstfrewen in Schleswig 1548-1557*. Schleswiger Druck- und Verlagshaus, Schleswig.

Vogt, Helle (2019), "Jyske Lov 1241". Aarhus Universitetsforlag, Aarhus.  
<https://danmarkshistorien.dk/vis/materiale/jyske-lov-1241/>

Voltmer, Rita (2008), *Hexen – Wissen was stimmt*. Herder GmbH, Freiburg im Breisgau.

Voltmer, Rita (2020), „Hexenbrenner und Hexenbischöfe – Zur (De)Konstruktion eines Verfolgungsparadigmas (16.–21. Jahrhundert)“, i Walter, Peter; Weiß, Wolfgang; Wriedt, Markus (Hgg.), *Ideal und Praxis – Bischöfe und Bischofsamt im Heiligen Römischen Reich 1570–1620*. Aschendorff Verlag, GmbH & Co. KG, Münster.

Willumsen, Liv Helene (2018), *Dømt til ild og bål*. Orkana forlag as, 8340 Stamsund.